

# Soldatlojalitet i seinrepublikken

Hovudoppgåve i historie  
ved Universitetet i Bergen

Frode Barstad, 2006

## Innhald

Innleiing .....	4
Den romerske republikken .....	4
Soldatlojalitet i eldre litteratur .....	4
Teorien om den profesjonelle hæren .....	5
Kritikk av teorien om den profesjonelle hæren .....	6
Biografiar om Marius og Sulla .....	7
Problemstillinga .....	8
Kjelder .....	9
Sallust .....	9
Appian .....	12
Plutark .....	15
Ikkje-litterære kjelder .....	17
GAIUS MARIUS .....	19
Innleiing .....	19
Tidleg karriere .....	19
Den numidiske krig .....	34
Marius som nestkommanderande under Metellus .....	36
Konsulvalet .....	38
Rekruttering og soldatane .....	41
Marius som general .....	51
Krig mot Jugurtha .....	51
Germanarane .....	54
Marius si rekruttering .....	56
Hærreformer og ventetida i Gallia Transalpina .....	59
Jordtildelingar til Numidia-veteranane .....	60
Krig mot germanarane .....	65
Jordtildelingane til veteranane frå krig mot germanarane .....	67
Cornelius Sulla .....	76
Tidleg karriere .....	76
Forbundsfellekrigen .....	84
Bakgrunn .....	84
Krigføringa og Sulla og Marius si rolle i den .....	91
Konsul og marsjen mot Roma .....	97
Konsul .....	97
Mithridates invaderer Asia .....	98
Sulpicius .....	99
Marsjen mot Roma .....	101
Drøfting om marsjen .....	104
Konklusjon .....	109
Bibliografi .....	113
Forkortigar .....	113
Litteratur .....	114
Kjelder .....	116

Vedlegg 1 .....	118
Romarriket 118 f.v.t. ....	118
Gaius Marius .....	119
Cornelius Sulla .....	120
Italia år 91 f.v.t. ....	121
Mellom-Italia .....	122

## Innleiing

Eg har i mi oppgåve om den romerske seinrepublikken valt å teste teorien om at det kjem ei endring i soldatlojaliteten i den romerske hæren. Dette skal eg gjere ved å sjå på dei styrkane som gjorde teneste under to av seinrepublikken sine generalar. Desse to er Gaius Marius og L. Cornelius Sulla. Før eg byrjar på den faktiske undersøkinga, skal eg kort gjere greie for korleis dette spørsmålet er behandla i relevant litteratur for seinrepublikken. Eg skal vise korleis problemstillinga i oppgåva tek form ut frå denne litteraturen. Etter denne skal eg presentere dei antikke kjeldene eg skal nytte meg av i denne undersøkinga.

### Den romerske republikken

Den romerske republikken eksisterte frå 509, då kongen Tarquinus Superbus blei driven ut av byen etter eit aristokratisk kupp, til den blei erstatta av principatet til Octavian som seinare blei kalla Augustus, i år 31 e.v.t.<sup>1</sup>. Det er vanleg å dele republikken opp i tre forskjellige tidsperiodar. Den tidlege republikk frå om lag 509-282, den klassiske republikk frå 264-133, og seinrepublikken frå 133-31. Årsaka til at ein set skiljet mellom dei to siste, er at frå 133 f.v.t. kjem det stadige tilfelle av vald knytt til det politiske spelet. Denne valden blir stadig verre, og bryt i periodar ut i open borgarkrig.<sup>2</sup>

### Soldatlojalitet i eldre litteratur

Ei viktig årsak til at dette temaet er verdig ei undersøking, er at det har ein sentral plass i mykje av litteraturen om den romerske seinrepublikken. Andrew Lintott peikar på at teorien om ei endring i soldatlojalitet har vore ein sentral del av ei rekke ulike årsaksforklaringar om den romerske republikken sitt fall. Ifølgje Lintott blei dette først gjort av Niccolo Machiavelli i *Discourses on Livy* som kom ut i 1531. Han peikar på at temaet har ein sentral plass i Baron Montesquieu si bok *Considerations on the causes of the grandeur and decadence of the romans* utgitt I 1734. Også hos

---

<sup>1</sup> Der ikkje anna er presisert, er alle årstal f.v.t.

<sup>2</sup> OCD 1996. "Rome (history)". Sjå vedlegg 1 for kart over middelhavsområdet.

1800-talet sin store klassisist Theodor Mommsen, i verket *History of Rome*, som vart utgitt frå 1854 til 1856, er dette temaet sentralt<sup>3</sup>.

I denne oppgåva er det tidligaste moderne verket som er nytta, Ronald Syme si bok *The Roman Revolution* frå 1939. I denne boka belyser Syme denne teorien.

*The soldiers, now recruited from the poorest classes in Italy, were ceasing to feel allegiance to the State; military service was for livelihood, or from constraint, not a natural and normal part of a citizen's duty.<sup>4</sup>*

Syme knyt denne endringa saman med det han hevdar var naudsynet til å opprette ekstraordinære kommandoar i dei romerske provinsane. Dette er ifølgje Syme konsekvensar både av at Roma hadde vorte eit verdsrike, og av dei store ambisjonane til dei romerske generalane. Desse generalane måtte også vere politikarar, fordi legionærane under dei var klientane hans og såg til leiaren sin for å få del i krigsbyttet, og dessutan for å få tildelt jordeigedomar i Italia når krigane var over.<sup>5</sup> Vi ser at Syme peikar på at soldatane var i ferd med å miste sin lojalitet til staten. Boka hans tek først og fremst for seg tida frå Julius Cæsar og fram til principatet under Augustus var etablert, og seier dermed lite eller ingenting om korleis denne prosessen starta.

### **Teorien om den profesjonelle hæren**

Av stor tyding for å belyse teorien om eit lojalitetsskifte er Emilio Gabba sine to artiklar *Origins of the professional army* og *The Roman professional army from Marius to Augustus*. Desse artiklane blei første gong utgitt i tidsskriftet *Athenaeum* i 1949 og 1951. Saman med andre artiklar er dei samla i boka *Republican Rome the army and the allies*, som vart omsett av P. J. Cuff og utgitt på engelsk i 1976. I desse to artiklane argumenterer Gabba for at Roma sine militære styrkar frå og med den 2. punarkrigen gjekk gjennom ein proletariseringssprosess som enda i at dei gjekk over frå å vere ein utskrivne hær rekruttert frå den romerske middelklassa til å bli ein hær som hovudsakeleg var rekruttert frå fattige, frivillige proletarar. Denne prosessen blei fullbyrda under konsulembetet til Gaius Marius i år 107 f.v.t. Endringa i demografisk samansetjing førte ifølgje Gabba til at det blei uunngåeleg at denne hæren også ville

---

3 Lintott 1994, 10-12.

4 Syme 1939, 15.

5 Ibid, 15.

bli ein profesjonell hær. Gabba hevdar, som Syme, at denne nye demografiske samansetjinga fører til at soldatane sin lojalitet endrar seg frå å vere retta mot staten til å vere retta mot den enkelte general. Denne lojalitetsendringa fører dermed ifølgje Gabba til at den profesjonelle hæren endar opp med å verte ein privat hær og dermed ikkje lenger er staten sin hær. Gabba definerer det forholdet som veks fram mellom soldatane og generalen i lys av ein ny type patron-klient relasjon. Han argumenterer for at soldatane blir det militære klientellet til generalen sin. Dette blir ifølgje Gabba endeleg bevist for romarane når Lucius Cornelius Sulla marsjerer med hæren sin mot Roma for ved hjelp av makt å få omgjort eit politisk vedtak om å ta frå han overkommandoen i romarane sin krig mot Mithridates av Pontus.<sup>6</sup>

Ernst Badian gav i 1958 ut boka *Foreign Clientelae (264-70 B.C.)*. I denne boka rettar han fokuset mot patron-klient-relasjonar i denne perioden. I den første delen av denne boka diskuterer han utviklinga av slike relasjonar i den romerske utanrikspolitikken. I den andre delen rettar han fokuset mot klientane til individuelle romerske familiar og leiarar. Han skil seg frå Gabba når han argumenterer med at Marius må ha ant at det låg muligheter til auka personleg makt i den nye samansetjinga til hæren og at han, sidan han såg dette, var delvis ansvarleg for å opprette den profesjonelle hæren. Han argumenterer for at det var Roma sin krig mot dei italienske allierte som fjerna dei siste hemningane dei romerske soldatane hadde i tilhøvet til staten. Det kan dermed argumentast for at Badian ser denne krigen som fullbyrdinga av det som Marius delvis byrja på. Han ser vidare Cornelius Sulla som sentral, sidan han argumenterer for at Sulla kynisk søkte å byggje opp under den lojalitetsendringa som var i ferd med å finne stad.<sup>7</sup>

### Kritikk av teorien om den profesjonelle hæren

Det å sjå på den romerske hæren i seinrepublikken som profesjonell og etter kvart også som ein privat hær, har frå midten av 1900-talet kome under kritikk frå ei rekke forskrarar. For å belyse denne kritikken har synspunkta til P. A. Brunt vorte nytta. Brunt gav ut bøkene *Italian Manpower* i 1971 og *The fall of the roman republic and other related essays* i 1988. I desse to bøkene rettar Brunt kritikk mot mange av hovudsyna til Gabba og Badian. Av stor tyding for denne oppgåva er kritikken Brunt

---

6 Gabba 1976.

7 Badian 1958.

rettar mot synet på at rekrutteringa av hæren endrar seg frå verneplikt til å vere hovudsakeleg basert på frivillig innrullering. Brunt argumenterer for at bruken av verneplikt var den rådande måten å rekruttere på i denne perioden. Han kjem også med ein meir generell kritikk mot å vurdere hæren som profesjonell. I lys av ein meir generell argumentasjon mot å tilegge patron-klient-relasjonar ein høg verdi når ein skal prøve å forstå politikken i Roma, rettar Brunt også kritikk mot å sjå på bandet mellom soldatane som klientane til generalane. Han har trass i denne kritikken fokus på soldatane sin økonomiske motivasjon for å gjere teneste.<sup>8</sup>

### **Biografiar om Marius og Sulla**

Ein sentral del av argumentasjonen om ei endring i lojaliteten er knytt til dei store generalane. Brunt peikar på det er ingen som hevdar at garnisonslegionane til guvernørane i Spania og Makedonia var private hærar.<sup>9</sup> Det er derfor nødvendig å ha ein meir inngående kjennskap til desse generalane. Thomas Carney kom i 1961 med *A biography of C. Marius*. I denne biografien gir Carney uttrykk for mange av dei same konklusjonane som Gabba og Badian kom til i sine undersøkingar, og er ein tilhengar av konklusjonen om ei lojalitetsendring. Denne boka har vore nyttig i denne oppgåva for å forstå heile Marius si karriere, og ho har vore nærest uunnverleg for å prøve å forstå hendingar knytt til den tidlege politiske og militære karrieren hans. Carney argumenterer, som Badian, for at Marius var klar over enkelte delar av desse endringane, og at han prøvde å utnytte dei til eiga vinning.<sup>10</sup> Arthur Keaveney kom i 1982 med boka *Sulla: The last republican*. Keavney har vore nyttig når det gjeld å avklare Sulla si tidlege karriere og hendingane rundt marsjen mot Roma. Han støttar konklusjonen om at soldatlojaliteten endra seg, men står i direkte motsetning til Badian når det gjeld Sulla sin motivasjon før marsjen mot Roma. Han argumenterer for at Sulla var trengd opp i eit hjørne, og at det dermed berre var tilfeldig at han var den første som innsåg endringa i lojalitet.<sup>11</sup>

---

8 Brunt 1988.

9 Ibid, 259.

10 Carney 1961.

11 Keaveney 1982.

## **Problemstillinga**

Målet med denne oppgåva er altså å teste denne teorien om ei endring i soldatlojalitet som til dømes Syme, Gabba og Badian argumenterer for. Ved å ta opp tråden frå dei årsakene som dei ulike forskarane legg vekt på, vil då undersøkinga bli retta mot fleire forskjellige aspekt ved den romerske hæren. Studiet vil først og fremst prøve å sjå hæren i eit sosio-politisk lys, sidan det er innanfor dette området konklusjonen om lojalitet gjer seg gjeldande.

Gaius Marius og Lucius Cornelius Sulla er valde fordi det er semje om at det er under desse to at denne prosessen enten startar eller skyt fart og når sin ende. Det vil også vere nødvendig å sjå på dei tidlege karrierane til desse to, sidan deira seinare politiske og militære karrierar blir vurderte i lys av det. Det er også slik at enkelte forskrarar argumenterer for at desse to medvite går inn for å byggje opp under desse endringane, og dette er dermed noko vi skal ta stilling til.

Det vil vere viktig å studere soldatane på ei rekkje punkt. Fremst av desse er å prøve å undersøkje deira demografiske opphav. Vi skal prøve å kartleggje, i den grad det er mogleg, både frå kva del av dei romerske formueklassen dei kom frå, og om dei kom frå byen Roma eller frå dei landlege distrikta. Det er også viktig å kartleggje, og dermed å ta opp tråden frå usemja mellom Gabba og Brunt, i kva grad dei blei rekrutterte ved bruk av verneplikta, eller om dei melde seg frivillig.

Eit av kriteria til Gabba for å definere hæren som ein profesjonell styrke er samanhengande tenestetid.<sup>12</sup> Dette er noko som det er vanskeleg å undersøkje for kvar enkelt legionær, men vi kan rette denne undersøkinga mot grupper eller avdelingar av soldatar. Dermed kan vi også prøve å undersøkje kor lenge soldatane er knytte til den same generalen.

Soldatane sin økonomiske motivasjon har vorte framheva. Dette gjeld også for dei som argumenterer mot å definere romarhæren som ein profesjonell styrke. Vi skal undersøkje korleis tre økonomiske aspekt ved tenesta spelar inn på forholdet mellom soldatane og generalane. Desse er dagsløna, krigsbyttet og ikkje minst tildelingar av jord etter endt teneste. I den perioden vi skal undersøkje, finn det stad to slike landtildelingar, begge til soldatar som har gjort teneste under Gaius Marius.

Det som blir framheva som den viktigaste følgja av ei endring i soldatlojalitet, er den ekstra-konstitusjonelle bruken av soldatane internt i det politiske spelet. I denne perioden er det to slike hendingar som blir framheva i litteraturen. Vi skal kritisk

---

12 Gabba 1976, 11.

vurdere desse, særleg med tanke på om dei gav generalane auka politisk makt. I denne samanhengen blir det også viktig å undersøkje meir generelle trekk ved det politiske spelet i denne perioden, for slik sett å kunne vurdere forholdet mellom soldatar og generalar i lys av ein større samanheng.

## Kjelder

Dei antikke kjeldene er alle aktørorienterte. Det vil seie at dei framstiller historia med utgangspunkt i enkeltpersonar. Denne personfokuseringa er igjen retta mot overklassa, sidan dei antikke forfattarane ikkje var særleg interesserte i personar frå dei lågare klassene. Dette var noko dei hadde til felles med dei andre medlemmane av dei høgare klassene, og kan illustrerast ved Moses Finley si oppramsing av eufemismar over rike og fattige i antikken. Han viser at for omgrepet "dei rike" hadde romarane og grekarane ord som betydde dei dugande, dei beste, dei mektige, osv. For omgrepet "dei fattige" hadde dei ord som betyddde dei mange, dei slemme, mobben, osv.<sup>13</sup> For denne oppgåva (og antikkforskinga generelt) er det derfor ei stor kjeldekritisk utfordring i ei undersøking av "folk flest". Spesifikt for denne oppgåva vil desse problema vere retta mot motivasjonen til soldatane i høve til ei rekke forskjellige avgjerder. Sjølv om kjeldene har eit overklassefokus, er dei ikkje kjemisk reinsa for opplysningar om vanlege soldatar. Vi har ingen samanhengande framstillingar, men ei rekke mindre opplysningar å arbeide med.

I denne oppgåva skal det nyttast ei rekke kjelder. Fremst av desse er dei tre antikke forfattarane Sallust, Appian og Plutark. Grunnen til at desse tre er valde som kjelder, er at dei gir ei samanhengande framstilling over heile eller delar av perioden vi skal undersøkje.

## Sallust

Gaius Sallustius Crispus (ca. 86-35 f.v.t.) kom frå Amiternum i det sabinske området i Italia, og han var truleg frå ein lokal aristokratisk familie. Dei første sikre opplysningane vi har om han, er knytt til folketribunatet han hadde i 52. I dette embetet blei han kjend for å ha handla mot planane til Marcus Tullius Cicero og T. Annius Milo. Han blei utvist frå senatet i år 50 f.v.t., truleg for handlingane hans i år 52. Han slutta seg til Julius Cæsar i 49 og kommanderte ein av Cæsar sine legionar i

---

<sup>13</sup> Finley 1983, 2.

borgarkrigen. I år 46 var han pretor under Cæsar si kampanje i Afrika, og han blei etter krigen den første guvernøren i den nyopprettet provinsen Africa Nova (det tidlegare kongeriket Numidia). Då han kom tilbake til Roma etter dette embetet, blei han skulda for vanstyre av provinsen og slapp truleg berre unna ein dom fordi Cæsar personleg greip inn. Utan sjansar til vidare avansement trakk han seg tilbake for å bruke resten av livet sitt til mellom anna å skrive historie.<sup>14</sup>

Av dei tre verka til Sallust, *Bellum Catilinae* (*Den katilinariske krig*, skiven om lag 42-41 f.v.t.), *Bellum Iugurthinum* (*Den Jugurthinske krig*, skiven om lag 41-40 f.v.t.) og *Historiarum libri V* (*Romerske historie i fem bind*), er dei to første overleverte i sin heilskap, medan det siste berre finst i form av nokre få fragment.

I denne oppgåva er *Den Jugurthinske krig* ei viktig kjelde både til sentrale delar av Gaius Marius sin karriere og hendingar knytt til åra 134-105. I denne boka fortel Sallust om korleis Roma blir involvert i ein tronefølgjestridd i Numidia og seinare hamnar i krig med den sigrande parten i denne striden, prinsen Jugurtha. Boka er nytta til å undersøkje den politiske opptakta til Marius sitt konsulval i 108, og særleg kva støtte han hadde i hæren ved dette valet. Ho er vår hovudkjelde til Marius si mønstring i 107 og dei påfølgjande krigshandlingane i Numidia medan Marius er øvstkommanderande, og er primær i forhold til dei langt seinare kjeldene Appian og Plutark.

Det er ei rekkje problem knytt til å nytte denne boka som kjelde til krigføring og politikk. I si bok *Sallust* legg Ronald Syme vekt på at Sallust ikkje såg på det som si oppgåve å gi ei nøyaktig skildring av storleiken på hærar, tidslaup, nøyaktige reiseruter osb. Dette låg ikkje til historieskriving, men til den eigne sjangeren *commentarii* (krigskommentrarar). Syme peikar på at historikarar på denne tida var selektive, dramatiske og impresjonistiske. Syme hevdar likevel at Sallust gir ei rett framstilling av krigen sin karakter, lengde og avslutning.<sup>15</sup> Sallust fortel sjølv kva formål han hadde med boka i det 5. avsnittet:

*Min hensikt er å berette om den krig som romerfolket førte mot Jugurtha, kongen av Numidia, for det første fordi det var en stor og blodig krig, hvor krigslykken vekslet meget, og for det annet fordi det under denne krig for første gang ble satt en stopper for det romerske aristokratis overmot. Denne innbyrdesstrid mellom republikken sine*

---

<sup>14</sup> OCD 1996. “Sallust (Gaius Sallustius Crispus).

<sup>15</sup> Syme 1964, 150-51.

*borgere skapte forvirring i alt som ble ansett for hellig under guddommelige og menneskelige forhold, og antok slike avsindige former at den til slutt endte med åpen krig og herjinger av hele Italia.*<sup>16</sup>

Vi ser altså frå denne programerklæringa at Sallust siktar seg inn på å framstille desse hendingane på ein moralistisk måte. Dette avsnittet viser at han var fiendtleg innstilt til det romerske aristokratiet. Syme peikar på at når det gjeld militære operasjonar generelt og dei ulike individua si rolle i desse, ser det ikkje ut til at Sallust har late sine eigne meningar forvrengje framstillinga av hendingane. Dette er ikkje tilfelle når det gjeld politikken. Her argumenterer Syme for at Sallust framstiller dei fleste individua som er involverte i desse hendingane på ein feilaktig måte. Han legg vekt på at det politiske biletet som Sallust gir oss, er skjematiske og feilaktig.<sup>17</sup> Her er Syme sine argument i samsvar med argumenta til Earl. Han argumenterer for at eit av hovudtemaene til Sallust er nobiliteten si forderving. Dermed kan vi ifølgje Earl ikkje alltid stole på Sallust sine forklaringar på hendingar der aristokratiet er involvert.<sup>18</sup> Syme poengterar at ein til dømes kan argumentere mot at Sallust framstiller denne krigen som nødvendig for Roma. Han legg vekt på at dei korruptionsskuldingane som Sallust rettar mot aristokratiet, kan vurderast annleis. Syme har poengert at Sallust ikkje tek med viktige element, sidan det fanst grupper som kjempa for ein romersk intervensjon i Numidia som Sallust ikkje undersøkjer på ein grundig måte.<sup>19</sup>

Syme har peika på at Sallust hadde tilgang på ei rekke kjelder. Han hadde ei bok av kong Hiempсал, som styrte Numidia etter Jugurtha. Han nytta verk av den greske filosofen Posidonius (ca. 135-ca. 51 f.v.t.). Han hadde tilgang til historieverket til Sempronius Asellio, ein romersk politikar som døydde i år 91. Han hadde også tilgang til dei personlege memoarane til ei rekke romerske politikarar som var involverte i hendingane på denne tida. Desse var memoarane til Aemilis Scaurus, som var konsul i år 115, og som seinare blei både sensor og princeps senatus, memoarane til Rutilius Rufus, som tente under den generalen som hadde kommandoen i krigen før Marius, og memoarane til Cornelius Sulla, som tente som offiser under Marius. Syme hevdar at han ikkje brukte memoarane til Quintus Metellus, sjølv om han nok hadde tilgang til dei. Metellus hadde kommandoen i denne krigen før Gaius Marius, og då i

---

<sup>16</sup> Sall. *Iug.* 5.

<sup>17</sup> Syme 1964, 157-77.

<sup>18</sup> Earl 1966, 65.

<sup>19</sup> Syme 1964, 157-77.

perioden frå 109 til 107. Sallust hadde truleg tilgang på ei rekkje nedskrivne talar frå denne tida, men alle talane i boka er ifølgje Syme truleg skrivne av Sallust sjølv.<sup>20</sup> Det å leggje inn slike talar var nemleg eit litterært verkemiddel blant historikarane i antikken. Dei trong ikkje nødvendigvis å ha fragment av talen å arbeide ut frå. Historikarane kunne faktisk sjølv skrive innhaldet i talen ut frå kva politisk profil ettertida tilla dei personane dei skreiv om. Sallust var også påverka av den greske verda, sidan han nærte ei stor beundring for den greske historikaren Thukydid, som er kjend for å leggje inn slike talar i skildringane sine.<sup>21</sup>

Etter 105 misser vi Sallust, sidan vi berre har den romerske historia hans i fragment. Dette gjer at når det gjeld samanhengande framstillingar, har vi for perioden frå 105 til 88 berre langt seinare kjelder å halde oss til. Desse dekker heller ikkje denne perioden frå år til år, noko vi skal sjå nærmare på under kvar av dei.

## Appian

Appianos frå Alexandria var ein gresk historieskrivar som var fødd på slutten av det første hundreåret e.v.t. Han flytta seinare til Roma, der han byrja å praktisere som advokat. Gjennom sin ven M. Cornelius Fronto blei han tilsett som *procurator* under Antonius Pius. Dette gjorde at han kunne bruke tida si på å skrive ei romersk historie. Appian fortel i si romerske historie om tida frå Roma si mytiske grunnlegging og ned til keisar Trajan si regjeringstid.<sup>22</sup> Bok 1 av desse er nytta som kjelde til perioden frå år 133 til år 70 e.v.t. Bucher har sluttat at denne boka sannsynlegvis blei skiven rundt tiåra 150-160 og truleg før år 166 e.v.t.<sup>23</sup>

Bucher peikar på at Appian i si romerske historie, som *Borgarkrigen* er ein del av, fortel om Roma sin veg til dominans over heile verda, og den påfølgjande utvidinga av monarkiet sine fordelar til denne verda. Han argumenterer for at Appian si romerske historie slett ikkje er ei narrativ historie som søker å vise årsaker og verknader i den historiske utviklinga. Presentasjonen av historiske data er heller forma av eit ønske om å etablere validiteten og det uunngåelege med desse to forskjellige emna.<sup>24</sup> Bucher peikar på at Appian argumenterer for visse beundringsverdige trekk

<sup>20</sup> Ibid. 153-56.

<sup>21</sup> Width 1963, 13.

<sup>22</sup> Termen *procurator* var ein fellesbeteknelse på personar ansett i det sivile embetsverk under keiseren. Pius var romersk keisar frå 138-61 e.v.t. OCD 1996. "Procurator".

<sup>23</sup> Bucher 2000, 418.

<sup>24</sup> Ibid, 429-30.

ved romarane sin karakter som gjer dei verdige og kapable til å styre resten av verda. Desse trekka er ikkje avhengige av kva styringsform romarane har på noko bestemt tidspunkt. Han hevdar at Appian følgjer desse trekka vidare nedover i historia, og dei blir ikkje ein gong borte under hans framstilling av borgarkrigane. Bucher skil også ut temaet ”guddommeleg assistanse”. Han hevdar at Appian fortel om korleis denne assistansen er med på å styre republikken gjennom vald, spesifikt for å etablere den rådande orden på Appian si tid.<sup>25</sup>

*Borgarkrigane* er skilde ut frå resten av den romerske historia, som er etnisk oppdelt etter kvar romarane kriga. Bucher hevdar at grunnen til at Appian gjorde dette, var å fremje monarkiet gjennom å kontrastere freden under det med den valdelege uorden og samanbrotet til republikken gjennom konkurransen mellom dei ulike borgarkrigsleiarane.<sup>26</sup> Vi finn støtte for eit slikt syn i forordet til *Borgarkrigane*, der Appian kort summerer opp perioden han har tenkt å dekkje. I avsnitt 2-6 i forordet ramsar han opp dei valdelege hendingane og den uorden som fører til at republikken går under og blir erstatta av ei keisarmakt. Han kontrasterer dette implisitt med freden under monarkiet:

*Thus, out of multifarious civil commotions, the Roman state passed into solidarity and monarchy. To show how these things came about I have written and compiled piled this narrative, which is well worth the study of those who wish to know the measureless ambition of men, their dreadful lust of power, their unwearying perseverance, and the countless forms of evil.*<sup>27</sup>

Appian delar opp borgarkrigane etter dei mest valdelege politiske hendingane i Roma. Han startar med hendingane rundt dei to brørne Gracchus. Han tek opp igjen framstillinga si om lag 20 år seinare ved å fortelje om striden rundt tribunen Saturninus og generalen Marius. Så kjem eit nytt hopp i tid fram til år 91 og hendingane rundt tribunen Drusus og byrjinga på forbundsfellekrigen. Dette får den konsekvensen at vi ikkje har samanhengande framstillingar over hendingane på 90-talet. Han avsluttar denne første boka med å følgje hendingane i borgarkrigen på 80-talet. I desse periodane var det episodar med politisk vald i Roma. Bucher

<sup>25</sup> Ibid. 430-32.

<sup>26</sup> Det greske ordet *Stasis* blei brukt blant anna for å beskrive politisk konflikt som går utover normal politisk aktivitet og endar i ulike plott og valdsbruk. OCD 1996. ”*Stasis*”.

<sup>27</sup> App. BCiv. 2-6.

argumenterer for at dette fokuset på *stasis* er årsaka til at Appian si oppdeling av borgarkrigane er forma rundt generalar eller fraksjonsleiarar. Han viser at Appian startar med at det romerske folket ofte hadde opplevd strid mellom fraksjonar<sup>28</sup>. Han argumenterer for at Appian set eit skilje med Tiberius Gracchus (den eldste av brørne) fordi dette innebar ei forverring av den politiske striden, og ikkje ei fundamental endring av romarane sin karakter. Han forfølgjer formålet sitt ved å avbilde valdeleg usemje, open valdsbruk og grusomheit. Dette er uttrykk for eit sosial forfall som viser at republikken leid av ustabilitet. Freden og harmonien til det keisarlege monarkiet er dermed ei velsigning. Dermed utelet han mykje politikk, sosiale problem og andre mekanismar i dette forfallet, bortsett frå når han diskuterer dei som det første steget mot open konflikt. Når han skildrar dei, straumlinjeformar han diskusjonen for å gi nødvendige detaljar som gjer forteljinga om den *stasis* det gjeld, forståeleg for lesaren. På grunn av alt dette meiner Bucher at før vi ser til kjeldene, må vi sjå på Appian sine uttrykte interesser og hans originale program for å kunne forklare ujamnskapar eller partiskheit i framstillinga.<sup>29</sup>

Ingvar Mæhle peikar på at Appian var spesielt interessert i administrasjon og finans. Dette har ført til at han har mykje å fortelje oss om sosiale og økonomiske tilhøve.<sup>30</sup> Gabba har vist at Appian skildrar tema som ein nedgang i folketalet i småbondestanden, nye former for utnytting av jordsmonnet og landleg fattigdom. Han set også dette inn i eit politisk rammeverk.<sup>31</sup> Dette er noko dei to andre forfattarane ikkje vier stor merksemd i framstillingane sine. Eit problem ein då må vere klar over er at Bucher argumenterer overtydande for at Appian uttrykkjer ein mangelfull kunnskap om den romerske konstitusjonen. Han gir heller aldri nokta forklaring om bakgrunnen for republikken sitt politiske eller sosiale liv. Dette hevdar Bucher er eit argument for at Appian ikkje prøvde å forklare dei finare punkta i dei politiske og sosiale strukturane i Roma for lesarane. Bucher hevdar at når Appian gir små forklaringar, som til dømes kven dei romerske riddarane er, så viser dette at han var klar over kor uvitande lesarane var, og at han ikkje var plaga av det. Dette er igjen eit sterkt bevis for at han ikkje hadde som mål å skrive si romerske historie som ei fullstendig samanhengande politisk historie.<sup>32</sup>

---

<sup>28</sup> App. BCiv. 1.1.

<sup>29</sup> Bucher 2000, 433-37.

<sup>30</sup> Mæhle 2004, 29.

<sup>31</sup> Gabba 1983, 23.

<sup>32</sup> Bucher 2000, 438. App. BCiv. 1. 22. for forklaringa av riddarane.

Kva så med Appian sine faktiske skildringar av både hendingar og personar? Som vi såg ovanfor, gav Appian uttrykk for å vere oppteken av ambisjonar og herskelyst. Det er likevel ein viss balanse i framstillinga hans av både enkeltpersonar og hendingar. Vi ser klart at han ikkje har den svært positive eller negative framstillinga som Plutark tidvis har. Bucher argumenterer for at enkelte fraksjonsleiarar i borgarkrigane er framstilte med ei realistisk skildring av gode og dårlege trekk. Ved å avstå frå polemikk og eksplisitt argumentasjon om føremonene til monarkiet eller republikken sine feil, viser Appian sjølvdisiplin. Dette må ikkje blandast saman med objektivitet. Trass i sjølvdisiplinen er det klart at han har ein sterk preferanse for monarkiet. Appian sin distanse frå hendingane og hans interesse for breiare teleologiske rørsler i historia gir han ingen grunn til å skape heltar eller monster. Mykje av Appian sin objektivitet er skapt av vår tendens til å definere mangelen på objektivitet som fordomsfull partiskheit mot framtredande historiske figurar. Bucher hevdar at Appian vel frå kjeldene sine for å kunne framstille *stasis*, ikkje for å framstille ei samanhengande, narrativ historie.<sup>33</sup>

Horace White har i forordet til omsetjinga kartlagt kjeldene til Appian. Han peikar på at Polybius, Hieronymus, Cæsar, Augustus og Asinius Pollio er omhandla på ein måte som tyder på at Appian siterer frå dei. I den samanheng er også Varro, Fabius Pictor, Cassius Hemina og Rutilius Rufus nemnde, men ikkje på ein måte som antyder at dei er blitt brukte. White argumenterer for at sjølv om Appian ikkje nemner Livius, Sallust, Dionysius eller Diodorus, må likevel desse forfattarane ha vore tilgjengelege for han.<sup>34</sup> Her har Bucher peika på at Appian tidvis gjer seg skuldig i rein oppdikting, og derfor ikkje alltid må forståast slik at han følgjer kjeldene sine. Ved visse høve, der visse karakterar, motivasjonar eller ekstraordinære situasjonar ikkje kan forståast ut frå ei grunnleggande oppfatning om den menneskelege natur, ser vi at Appian gir ein ad hoc-kommentar. Bucher peikar på at Appian har vorte avslørt i å dikte opp slike kommentarar når han ikkje forstår kontraintuitiv oppførsel.<sup>35</sup>

## Plutark

Plutarchus var eit medlem av det lokale aristokratiet i den greske byen Charonea og var både filosof og biograf. Han vart fødd før år 50 e.v.t. og døydde kort tid etter år

---

<sup>33</sup> Bucher 2000, 440-41.

<sup>34</sup> Horace White, Appian's Roman History – Preface, Loeb Classical Library.

<sup>35</sup> Bucher 2000, 438-39.

120 e.v.t. Plutark brukte det meste av livet sitt i denne byen, som han var svært knytt til. Han hadde ein sirkel av vener som hadde høgare stillingar både i Hellas og i Roma, og han reiste mykje i det romerske riket. Han var mellom anna i byen Roma ei rekke gongar. Dei siste 30 åra av livet sitt var han prest ved orakelet i Delfi. Plutark var både platonist og lærar i filosofi. Plutark sine parallelle liv *Pyrrhus-Marius* og *Lysander-Sulla* er nytta som kjelder i denne oppgåva.<sup>36</sup>

Til skilnad frå Sallust og Appian var altså Plutark filosof og biograf ikkje historikar. Vi har som hos Sallust og Appian kjennskap til Plutark sitt formål med å skrive dei verka vi skal nytte som kjelder. C. P. Jones legg vekt på at Plutark sitt erklærte mål i dei parallelle liva er å lære om moralske spørsmål ved å studere kjende personar sin karakter.<sup>37</sup> Plutark rettar særleg merksemda si mot heltane si utdanning, signifikante anekdotar om dei og utviklinga deira, eller mot teikn på openberring av karakter.<sup>38</sup> Dermed er heller ikkje desse bøkene narrative historieverk, noko som blir eit problem der dei ikkje skildrar viktige hendingar som involverer personane dei handlar om. For å kunne nytte oss av desse kjeldene er det dermed ein fordel å ha ein viss kjennskap til kva dette formålet medførte i den faktiske skildringa av liva til desse to.

Tim Duff har i *Plutark's lives* vurdert Plutark sine moralske tema i både *Marius* og *Sulla*. Han hevdar at det sentrale temaet i *Marius* er faren ved å vere misfornøgd med sin eigen situasjon i livet. Han legg vidare vekt på at dette er eit kjent tema frå den greske filosofien, der det blir fokusert på at dette fører til både grådigskap og sterke ambisjonar.<sup>39</sup> Ingvar Mæhle har påpeika at Plutark bygde si forteljing om Marius sitt liv på kjelder som er fiendtleg innstilte til han. Dette er memoarane til Scaurus, Metellus og Sulla.<sup>40</sup> Desse tre var Marius sine politiske motstandarar, og det er dermed sterk grunn til å tvile på det negative inntrykket desse gir av han. Duff peikar på at Plutark også brukte verka av Rutilius Rufus. Duff hevdar at sjølv om det går klart fram at Plutark er fiendtleg innstilt til Marius, må vi ikkje dermed lese Plutark slik at han berre reflekterer synet til kjeldene sine. Han hevdar at Plutark brukte kjeldene sine kreativt for å kunne illustrere det overordna moralske temaet, og ifølgje Duff er det frå dette filosofiske standpunktet at denne motvilja mot

---

<sup>36</sup> OCD 1996. "Plutarch"

<sup>37</sup> Jones 1971, 103.

<sup>38</sup> OCD 1996. "Plutarch"

<sup>39</sup> Duff 1999, 101 og 103-07.

<sup>40</sup> Mæhle 2004, 249.

Marius kjem.<sup>41</sup> På eit generelt grunnlag fører dette til at vi bør vere kritiske til avsnitt i denne kjelda som uttrykkjer seg klart mot Marius. På eit meir spesifikt grunnlag bør vi vere forsiktige med Plutark si handsaming av nettopp grådigskap og store ambisjonar hos hovudpersonen Marius.

I Lysander-Sulla er det moralske temaet meir komplekst. Duff hevdar at det er langt meir tvitydig enn i Marius. Han argumenterer for at Lysander-Sulla kastar lys over konflikten mellom private dygder og nasjonale interesser, mellom ineffektive gode gjerningar og effektive därlege. Duff konkluderer med at moralsk og politisk suksess er relativisert og sett opp mot kvarandre. I kjernen til dette paret ligg det eit paradoks: Lysander, sjølv om han var ein meir moralsk person enn Sulla, hadde ikkje suksess når det gjaldt statlege saker, medan Sulla, sjølv om han var mindre moralsk enn Lysander, var vellukka som statleg leiar nettopp på grunn av at han var meir brutal.<sup>42</sup> Reint spesifikt spelar dette inn på at Plutark vektlegg Sulla sin brutalitet. Det at Plutark framhevar suksess, fører også til at han viser at Sulla har hug på ære. Plutark gir også ein karakteristikk av dei to mennene som både arrogante og underdanige, som personar som har evne til å smigre dei som dei vil oppnå noko frå, og som er grusomme mot menneske i deira makt. Sulla blir karakterisert som den verste av dei to i alle desse eigenskapane. Ikkje minst er smigeren hans retta mot folket og hans eigne menn.<sup>43</sup> Plutark sine kjelder til Sulla sine eigenskapar var truleg dei same som til Marius sine, og at Plutark kunne gjere seg nytte av lokal kunnskap for den tida Sulla var i Hellas, men dette er noko som hende i tida etter den perioden som denne oppgåva har som mål å undersøkje.

### Ikkje-litterære kjelder

Dette er noko som det ikkje har vore nødvendig å ta omsyn til i nokon stor grad i denne oppgåva. Arkeologi og epigrafi er på ulike stader diskutert i den grad dette er tatt opp i litteraturen. Vi er i den heldige situasjonen at vi har byster av dei to generalane Marius og Sulla, og desse vil bli presenterte i dei ulike delane. Ved eit par høve kan vi også bruke myntar frå antikken til å støtte opp om det dei skriftlege kjeldene fortel oss.

---

<sup>41</sup> Duff 1999, 101-02.

<sup>42</sup> Ibid, 161-62.

<sup>43</sup> Ibid, 193.

Til hjelp til dateringa av hendingar er det særstakt viktig at vi har *fasti consulares* et *triumphales*. Dette er inskripsjonar som nedteiknar dei høgste romerske politiske verva (konsul og sensor-embeta) og triumfar (ei militær sigersmarkering). Dette har vore til stor hjelp i dateringa av enkelte hendingar. I denne oppgåva er den oversikta over desse hendingane som er utgitt i vedlegget til *Cambridge Ancient History* volum 9 nytta.<sup>44</sup>

Vi ser såleis at vår undersøking av problemstillinga er avhengig av kjelder av ulike typar, ulikt omfang og varierande kvalitet. Såleis har vi for enkelte prosessar og hendingar godt med kjelder, medan vi for andre ikkje er så heldige. I undersøkinga vil det bli nytta andre antikke litterære kjelder, som enten støttar opp om, utdjupar eller gir oss opplysningar der hovudkjeldene er tause. Uheldigvis er det ein del ting i denne perioden vi ikkje har gode kjelder til. Der har vi – dersom vi i det heile skal prøve oss på eit standpunkt – ikkje anna val enn å trekkje slutningar som kviler på eit dårlig kjeldegrunnlag.

---

<sup>44</sup> CAH 9 1994, 780-798.

# GAIUS MARIUS

## Innleiing

I litteraturen set dei fleste forskarane skiftet av lojalitet i hæren til Gaius Marius si karriere som hærførar. Når det gjeld kva rolle Marius spelte i denne endringa er det stor usemje blant forskarane. Her varierar syna frå dei forskarane som hevdar at handlingane til Marius spelte ei avgjerande innovativ rolle, til dei forskarane som ser handlingane hans som nærmest påtvinga av ulike politiske og sosiale prosessar. Ein kan også seie det same om dei ulike soldatane som gjorde teneste i hærene som Marius hadde kommando over. Vi må derfor studere både personen Marius, soldatane han hadde kommando over og dei relevante sosiale og politiske prosessane nærmare. Når det gjeld desse prosessane, skal vi ta dei opp der dei gjer seg gjeldane overfor Marius i dei ulike fasane av både livet og karrieren hans.

Det er ei rekke spørsmål knytt til heile Marius sin karriere i det romerske politiske systemet. Desse spelar direkte inn på dei avgjerdene som blir framheva som sentrale i hans karriere som hærførar. Ein kritisk gjennomgang av desse vil derfor vere nyttige når ein skal gjere seg opp ei mening om hans rolle i lojalitetsskiftet.

## Tidleg karriere

Vi skal byrje med å sjå på Marius sin bakgrunn og den politiske karrieren hans fram til han blir nestkommanderande i krigen mot Jugurtha. Lawrence Keppie hevdar i si bok *The making of the roman army* (1987), at Marius sin bakgrunn er viktig fordi den er ein faktor i korleis dei meir sentrale delane av karrieren hans blir vurdert. Dette hevdar han gjeld både i antikken og i moderne tid.<sup>45</sup> Det er viktig å peike på korleis Marius ved si klatring mot toppen tileignar seg solid militær erfaring. Ved å sjå på dei ulike verva Marius oppnår, får vi også høve til å forklare trekk ved det romerske politiske systemet. Vi kan dermed sjå på dei ulike romerske politiske og militære embeta, dei viktigaste forsamlingane og senatet. Vi skal byrje med å sjå på Marius sin bakgrunn og den første militære tenesta hans.

---

<sup>45</sup> Keppie 1987, 57.

Det er ei rekkje viktige spørsmål knytt til Marius si tidlege karriere. Desse skal vi gå nærmere inn på. Det er viktig å kunne undersøkje, i den grad det er mogleg, Marius sitt forhold til dei romerske riddarane. Mange forskrarar hevdar dette er noko som i stor grad verkar inn på mange av Marius sine politiske og militære handlingar. Vi skal også sjå på striden mellom ulike politiske retningar. Marius står tidvis fram som ein tilhengar av ei av desse, og dette skal det vise seg få avgjerande tyding for ei rekkje handlingar som direkte påverkar lojalitetsforholdet mellom hærførar og soldatar.

Plutark kan fortelje at Marius kom frå ein familie frå Arpinum som levde av det arbeidet dei gjorde med sine eigne hender.<sup>46</sup> Carney argumenterer i sin biografi om Marius for at Plutark her gjengje ei historie som først dukka opp i det første hundreåret e.v.t. Denne historia om Marius sin fattige bakgrunn er sannsynlegvis ein retorisk konstruksjon for å kontrastere hans veg mot toppen av politikken. Han argumenterer, gjennom det at namnet Marius er funne både blant lokale aristokratar og medlemmer av Roma si administrative klasse, for at familien til Marius tilhørde den lokale eliten i Arpinum, noko som sannsynlegvis gav dei sensusregistrering blant riddarstanden.<sup>47</sup> At Marius sin familie måtte ha hatt visse midlar, går fram av den seinare karrierestigen hans. Om Marius skulle ha byrja frå verkeleg fattige kå, så har han fått eit kraftig sosialt avansement. Dette var noko som var umogleg å gjennomføre på denne tida.

Når det gjeld riddarstanden, blei termen riddar, *eques*, i republikken brukt på to forskjellige grupper av menn. Den første stamma frå Roma sitt tradisjonelle kavaleri og blei kalla *equites equo publico*, riddarar med offentleg hest, fordi dei fekk hestane sine av staten. Dei utgjorde 18 centuriar i centurieforsamlinga. Mange av dei var unge menn, gjerne sønene, brørne eller andre slektingar av senatorane.<sup>48</sup> I det tredje hundreåret f.v.t vaks det fram ei gruppe som hadde ei formueregistrering på 400 000 sestersar, men ikkje var innrullert i dei 18 riddercenturiane. Desse deltok også opphavleg i kavaleriet, men stilte med eigne hestar. Dei var då *equites equo privat*, riddarar med privat hest. På eit tidspunkt blei denne formueregistreringa, truleg i det andre hundreåret, fastsett ved lov. Det ser ut til at desse riddarane utover i dette hundreåret har vakse fram som ei meir eller mindre einskapleg gruppe, og etter kvart

---

<sup>46</sup> Plut. *Mar.* 3.1; Sjå vedlegg 2 for byste av Marius.

<sup>47</sup> Carney 1961, 8-9.

<sup>48</sup> OCD 1996. “*equites*”

som ei gruppe som kom i politisk opposisjon til senatet. Dette heng saman med ei anna utvikling.

Sidan romarane ikkje hadde noko utbygd offentleg byråkrati, så la dei ut offentlege kontraktar på anbod til privatpersonar. Dette var ting som offentlege bygg, forsyning av hæren og innkrevjing av skatt. Personar som dreiv med slik verksemd, vart kalla *publicani*. Dette var ei undergruppe av riddarane.<sup>49</sup> Under sitt første tribunat gav Gaius Gracchus denne gruppa kontroll over skattlegginga i den rike provinsen Asia. Samstundes gav han også riddarane kontrollen over dei romerske jurydomstolane for maktmisbruk av magistratar og promagistratar i provinsane<sup>50</sup>. Dette gav dei rikaste privatpersonane i staten både ein sjanse til å gjere auka investeringar og til å få politisk innverknad. Krarup hevdar at riddarstanden si politiske tyding byrja med denne overføringa.<sup>51</sup>

Plutark fortel at Marius si første militærteneste blei avtent hos Scipio Africanus den yngre ved Numantia i Spania i 134-133. Ifølgje denne skildringa gjorde Marius inntrykk på Scipio ved både å vere tapper og hardfør. Han fortel ei historie om korleis Africanus, når han under ein middag blir spurt om romarane nokon gong ville finne hans like i militært leiarskap, snur seg og tappar Marius på skuldra og seier "her kanskje".<sup>52</sup> Denne skildringa fortel oss at Marius gjorde teneste som soldat utan å gå i detalj om kva han gjorde teneste som. Carney si slutning om familiebakgrunnen til Marius fortel oss at det er mogleg at han måtte ha gjort teneste som riddar (*eques*) og lågare offiser. Det at han gjorde teneste ved Numantia er verd å merke seg, fordi Sallust skildrar korleis den numidiske prinsen Jugurtha, som Marius skulle kjempe med i den Jugurthinske krigen, også gjorde teneste under Scipio. Dei to seinare motstandarane kjempa altså på same side.<sup>53</sup> Carney hevdar at når vi les i Plutark og Sallust at Marius er tapper og hardfør, så er det eit utrykk for at Marius rett og slett var ein naturleg soldat. Ut frå det at familien til Marius blei registrert i den same triba som Scipioane av Scipio Africanus den eldre i 188, og at Scipioane dermed ville vere innstilte på å utøve patronasje overfor veljarar med høg sensusregistrering, trekk Carney slutninga at det var patronasje frå Scipioane som gjorde at Marius fekk denne

---

<sup>49</sup> OCD 1996. "publicani"

<sup>50</sup> Scullard 1970, 35.

<sup>51</sup> Krarup 1971, 92.

<sup>52</sup> Plut. Mar. 3.2-3.

<sup>53</sup> Sall. Iug. 7.

posisjonen.<sup>54</sup> Problemet er at Plutark ikkje seier noko om patronasje frå denne familien. Før vi trekk ei slutning om dette, kan vi sjå på denne patron-klient relasjonen.

Ein *patronus* var ein mann som gav assistanse og vern til ein annan av lågare sosial rang, som dermed blei den første sin klient. Til gjengjeld fekk patronen respekt, underordning og tenestar. Desse tenestene kunne inkludere personleg oppvarting og politisk støtte, særleg i form av stemmegjeving. Mellom patronen og klienten eksisterte det eit personleg lojalitetsforhold, *fides*, av nesten religiøs karakter. I eliten kunne denne relasjonen ta form av at patronen hjelpte klienten i kampen om ulike embete.<sup>55</sup>

Under valet til folketribunatet fortel Plutark at Q. Caecilius Metellus er patronen til Marius' familie, og han hjelper Marius i valkampen til folketribunatet. Ingvar Mæhle legg vekt på at det er Plutark si begeistring for paradoks som fører til at han først då valte å introdusere patronen si støtte ovanfor Marius.<sup>56</sup> Vi ser dermed at ut frå det vi veit om patron-klient relasjoner, saman med vår kunnskap om Plutark, gjer at Carney si slutning verkar sannsynleg.

Det første lågare vervet til Marius i Roma var militærtribunatet. I republikken skilde ein mellom dei lågare verva utan imperium, som blei valde i tribe- og plebeiarforsamlinga, og dei høgare, som blei valde i centurieforsamlinga.<sup>57</sup> I tribeforsamlinga stemde borgarane etter dei 35 romerske tribene som alle romerske borgarar var registrerte i. I denne forsamlinga stemde ein gjennom val til tribun, kvestor og det plebeiske edil-embetet Den var også etter år 287 den viktigaste lovgivande forsamlinga, med dei viktige unntaka når det gjeld vedtak om krig og fred. Vi tek for oss centurieforsamlinga når vi kjem til Marius sine høgare politiske verv. Når det gjeld militærtribunatet, kan Sallust fortelje at: *Da han først søkte folket om stillingen som militærtribun, ble han takket være sin anseelse valgt av alle valgretsene i Roma, enda de fleste ikke kjente ham av utseende engang.*<sup>58</sup> Marius

---

<sup>54</sup> Carney 1961, 15.

<sup>55</sup> OCD 1996. "Patronage, non-literary. Patronus. Cliens."

<sup>56</sup> Plut. Mar. 4. 1 og Mæhle 2004, 250-251.

<sup>57</sup> Før 287 var plebeier og tribeforsamlinga to forskjellige forsamlingar i forhold til om den blei leia av ein tribun eller av ein pretor eller konsul. Om det var ein tribun, var forsamlinga *Concilium Plebis*. Om det var ein av dei to andre, var den *Comitia Tributa*. Ein er usikker på om dette skiljet heldt fram etter 287. Vidare i denne oppgåva blir ho omtalt som tribeforsamlinga, sjølv om dette skiljet heldt fram. Krarup 1971, 125-6.

<sup>58</sup> Sall. Iug. 63.

oppnådde dette embetet då han var 33 år gammal i år 124 f.v.t. Vi ser altså at Marius hadde 10 års teneste som junioroffiser før han byrja si politiske karriere.

Militærtribunane, *tribuni militum*, var det høgare befalet i dei republikanske legionane. For å kunne oppnå dette embetet måtte ein vere riddar i den eine eller andre forma. I eldre tider var alle desse valde av folket, men etter at romarane i enkelte tilfelle byrja å mönstre fleire legionar enn dei fire som tilhøyrdde dei to konsulane, var det berre i desse fire at militærtribunane blei valde. I desse 4 legionane var då militærtribunane *tribuni militum a populi*, folkets militærtribunar. I dei andre legionane blei tribunane no utnemnde av hærførarane. Det var 6 tribunar per legion. Kommandoen over ein legion blei delt av desse på den måten at to av dei hadde kommandoen i to månader om gongen. Dei hadde ingen spesifikke taktiske oppgåver. Plikta deira var å ta vare på den generelle velferda, disiplinen til troppane og oppsynet over leiren.<sup>59</sup> Keppie argumenterer for at dette embetet etter 190 tapte mykje av den statusen det hadde hatt i tidlegare tider. Han peikar på at krigføring utanfor Italia gjorde at hæren måtte kjempe over store område. Om magistraten som kommanderte styrken måtte dele den opp i mindre delar, kunne han dermed ikkje utøve direkte kontroll over alle delane. Det blei vanleg at magistraten tok med seg ein eller fleire legatar og gav desse ein halvveis uavhengig kontroll over delar av troppane eller skipa i styrken. Han hevdar at sidan militærtribunane var så nært knytte til dei enkelte legionane, var dei lite eigna til slike oppgåver. Han peikar også på at i det andre hundreåret tapte militærtribunatet sin tidlegare status, og at dette moglegvis hang saman med bruken av legatar. Dermed så blei ikkje dette embetet like vanleg for sønene til senatorane og menn på veg mot ei konsulær karriere.<sup>60</sup>

Sidan Sallust skildrar at han stilte til val, så er det sannsynleg at Marius gjorde teneste under ein av konsulane dette året. Vi veit at det var to konsular som førte krig dette året. Carney hevdar det ville vere naturleg for Marius å gjere teneste hos Q. Caecilius Metellus, fordi han som konsul i 123 førte eit felttog mot dei balariske øybuvarane. Carney legg vekt på at Metellus starta denne krigen same året som Marius blei vald, og at Plutark fortel at Marius var ein arveleg klient til Metelli-familien.<sup>61</sup>

---

<sup>59</sup> OCD 1996. "tribuni militum".

<sup>60</sup> Keppie 1987, 39-40. I seinrepublikken var *legati* senatorar som tente i staben til feltherren eller guvernøren. Desse var utnemnde av senatet etter forslag frå den same feltherren eller guvernøren. I krig var desse nestkommanderande, rådgivarar eller leiavarar av mindre einingar i hæren. OCD 1996. "legati".

<sup>61</sup> Carney 1961, 16-17.

Sjølv om ingen av kjeldene våre fortel noko om dette, så gjer argumentet om at Marius var klienten til Metelli-familien denne slutninga sannsynleg.

For betre å forstå dei embeta som Marius no konkurrerar om og blir utnemnd til, passar det her å gå gjennom karrierestigen til dei romerske magistratane, *cursus honorum*, som tydar ”æra sin veg”. For å kunne stille til val som kvestor, og dermed vere kvalifisert til å byrje på denne stigen, måtte romarane først ha gjennomført 10 års militærteneste. Denne karrierestigen var samansatt av kvestor, pretor, konsul og sensorembete. Sjølv om kvestorembetet sjeldan blei hoppa over, vart det først lovpålagt under L. Cornelius Sulla på slutten av 80-talet. Edil og folketribunembeta var ikkje ein del av karrierestigen, men om dei vart haldne, så var det som regel mellom kvestor og pretorembeta. Ein annan naturleg del av denne karrierestigen var restriksjonane som følgde av *Lex Villa Annalis*. Ifølgje denne lova skulle det gå to år mellom kvart av desse embeta, og 10 år mellom kvar gong ein hadde eit konsulembete. Som vi ser, var ikkje militärtribunatet ein del av karrierestigen, men det var vanleg å ha dette vervet før kvesturet.<sup>62</sup>

Sjølv om det ikkje står i nokon av kjeldene våre, så er det ting som tydar på at Marius blei vald til kvesturet i år 122. I eit kapittel om endring av personleg karakter i Valerius Maximus si samling av minneverdige ord og handlingar, kan vi lese at Marius reiste frå Arpinum for å stille til val som kvestor. Valerius Maximus kan dessutan på ein fargerik måte fortelje at Marius: *Then by his patience under rebuffs did not so much enter into the senate as break into it.*<sup>63</sup> Vi veit ikkje noko anna om personen Valerius Maximus enn det vi kan slutte oss til frå teksten hans. Det går fram at han kan ha vore klienten til både konsulen S. Pompeius og forfattaren Ovid. Forskarar har slutta seg til at denne boka blei utgitt mot slutten av keisar Tiberius si regjeringstid, og då etter år 31 e.v.t. Valerius har vorte vurdert som useriøs mellom anna når det gjeld behandlinga av kjelda som han brukte.<sup>64</sup> Dette gjer at vi bør vere forsiktige med opplysningane vi får frå han. I dette tilfellet kan vi, gjennom vår kunnskap om at det var vanleg for romerske politikarar å byrje med kvesturet, rekne det som sannsynleg at Marius hadde dette embetet. Valerius nemner dessutan heile Marius sin karrierestige, men det er ikkje nødvendig å bruke han der vi har sikrare kjelder. Det blir ikkje nemnt eksplisitt i kjeldene når Marius kjem med i senatet, men

<sup>62</sup> Scullard 1980, 329-333; OCD 1996. “Cursus honorum. Magistracy, Roman.”

<sup>63</sup> Val. Max. 6.9.14.

<sup>64</sup> OCD 1996. “Valerius Maximus”.

vi skal sjå på dette i samanheng med Marius sitt pretorembete. Carney trekk den slutninga at Marius i året som kvestor tenestegjorde under Africanus sin son, Q. Fabius Maximus. Han hevdar at dette var naturleg for Marius på grunn av erfaringa hans, på grunn av det moglege klientforholdet til scipioane, og på grunn av dei forretningskontaktane han hadde ifølgje Carney.<sup>65</sup> Dette med Marius sine forretningskontakte er noko vi skal sjå på når vi tek for oss Marius sitt år som proprietor i Spania. Slutninga om at Marius gjorde teneste under Fabius er freistande å akseptere, men sidan den er trekt på eit slyntynt kjeldegrunnlag, får spørsmålet stå fritt.

Kvestorembete var ei embetsstilling som stort sett hadde reint finanzielle oppgåver. Frå republikken si byrjing var det to kvestorar som tente under kvar sin konsul. Det blei etterkvart oppretta fleire for å klare dei nye og forskjellige oppgåvene som oppstod på grunn av Roma sin vekst og ekspansjon. Roma enda difor opp med ei rekke forskjellige kvestorembete. Til dømes hadde nokre av dei ansvaret for finansar i provinsane. Ein hadde ansvaret for vassforsyninga i hovudstaden og ein var ansvarleg for Roma sin hamneby Ostia. Dei kvestorane som tente i konsulane sin militærstab kunne, i tillegg til å ta seg av konsulen sine finansar, også ha reine militære oppgåver. Kva område ein blei vald til å tene i, var bestemt med loddtrekning, men magistratar kunne i enkelte tilfelle personleg velje sin eigen kvestor. Det var vanleg å søke seg til dette vervet etter eit militärtribunat eller etter eit lågare sivilt embete. Mot slutten av det andre hundreåret var det vanleg at sensorane innrullerte tidlegare kvestorar i senatet.

Plutark fortel oss at Marius stilte til val som folketribun i år 120 f.v.t. Her tek han for første gong opp eksplisitt Marius si støtte frå ein patron, når han fortel at Marius får støtte frå Caecilius Metellus til å vinne valet. Han fortel også at Marius alltid har vore ein arveleg klient til denne familien.<sup>66</sup> Dette er det første av Marius sine politiske verv Plutark tek opp i si framstilling.

Som vi ser av gjennomgangen av karrierestigen ovanfor, var ikkje dette formelt eit embete som var nødvendig for romarar som sökte dei høgare embeta i staten. Folketribunane var ikkje representantar for heile det romerske folket, berre for dei romerske plebeiarane. Dei var dermed *tribuni plebis*. Utviklinga til dette embetet er samanvevd med utviklinga i stenderkampane mellom patrisiarane og plebeiarane<sup>67</sup>.

---

<sup>65</sup> Carney 1961, 15-18.

<sup>66</sup> Plut. Mar. 4.1

<sup>67</sup> Sjå til dømes Scullard 1980, særleg kap 3 og 5.

Det er ikkje sentralt for oppgåva, og vi går dermed ikkje nærmere inn på det her. På Marius si tid var det 10 årleg valde folketribunar. Dei var enkeltindividet sine representantar i og mot staten. Dei kunne føre sak mot alle magistratar for politiske overgrep, med unntak av diktatoren. Dei kunne også få vedtekne lovar gjennom tribeforsamlinga. Dei hadde retten til å innkalle senatet og til å tale i det. Dei hadde vetorett mot ei kvar offisiell avgjerd og kunne dermed faktisk låse det romerske statsmaskineriet fullstendig. Gjennom ein mekanisme kalla *coercitio* hadde dei makt til å fysisk halde på dei andre magistratane, sjølv dei høgare. Folketribunane var verna ved at dei var sakrosakte. Dette betyr at dei var heilage og ukrenkjelege. Huset deira var ein sakrosant tilfluktstad og var ope for alle heile døgnet. Folketribunane hadde ikkje makt utanfor Roma sin første "milestein". Dermed hadde ikkje borgarane på landet det vernet som desse kunne gi, om dei ikkje drog til Roma. Dette er noko vi skal sjå nærmere på når vi kjem til rekrutteringa til hæren.

I året hans som folketribun i 119 fortel Plutark at Marius foreslo ei ny lov som avgrensar eliten sitt høve til å øve press på borgarane gjennom avstemmingar. Den lova Plutark skildrar her, er *Lex Tabellaria*. Det Marius faktisk foreslo, var å snevre inn breidda på brua borgarane gjekk over for å avleggje stemmene sine. Plutark fortel at konsulen Cotta var i mot dette, og han lukkast i å overtale senatet til både å foreta ei avstemming om å erklære lova ugyldig, og til å kalle Marius til senatet for å svare for seg. Marius truga med å kaste Cotta i fengsel dersom han ikkje avbraut avstemminga. Cotta snudde seg då til Metellus og bad han om si meinig. Når Metellus sa seg einig med Cotta, kalla Marius på ein offiser og bad han eskortere Metellus i fengsel. Metellus appellerte til dei andre tribunane, men fekk ingen av dei til å bruke vetoet sitt. Senatet gav etter og Marius ratifiserte lova i forsamlinga. Dette gjorde Marius, ifølgje Plutark, svært populær hos folket.<sup>68</sup> Denne hendinga er det mogleg å tolke på fleire måtar. Carney legg vekt på at Marius sin assosiasjon med riddarane er nøkkelen til å forstå dei haldningane han står for i politikken, både i dette året som folketribun og i den seinare politiske karrieren hans. Han legg vekt på at riddarane var ute etter meir politisk makt og dermed kom i konflikt med optimatane, som var den rådande makta. Metelli-familien var ein av dei dominerande fraksjonane innanfor denne gruppa.<sup>69</sup> Det er likevel ikkje nødvendig å ha eit så kynisk syn på lova Marius innførte for å hindre press ved vala. Å ta vare på folket sine interesser ovanfor dei andre

---

<sup>68</sup> Plut. *Mar.* 4. 2-4.

<sup>69</sup> Carney 1961, 20-21.

magistratane og senatet var jo nettopp folketribunane si tradisjonelle oppgåve. Mæhle har lagt vekt på at Marius ved å gjøre dette, pressa gjennom ei ny lov som verna om folket si suverene meining ved hemmelege val. Han fastslo også prinsippet om at senatet ikkje kunne gjøre om på avgjerder som var tatt i folkeforsamlingane, eller sjå vekk frå tribunane sitt veto.<sup>70</sup> Plutark kan fortelje oss at Marius mista mykje av denne populariteten når han seinare same året gjekk imot ei lov om distribuering av korn til borgarane. Dette gjorde at han, ifølgje Plutark, blei sett på som ein som favoriserte den gylne middelveg mellom folket og eliten, og derfor blei like høgt akta av dei begge grupper.<sup>71</sup> Lintott argumenterer i sitt bidrag til *Cambridge Ancient History* at det er sannsynleg at Plutark misforsto denne hendinga. Han foreslår at ei kvar ny kornlov på denne tida sannsynlegvis var modifikasjonar av C. Gracchus si eksisterande lov. Dermed kan denne hendinga tolkast som om Marius prøvde å forsvare ei eksisterande sjenerøs kornlov mot angrep frå optimatane.<sup>72</sup>

Det at Marius går imot senatet ved denne lova om avstemming, er viktig. Sentralt i den politiske striden i seinrepublikken var striden mellom dei to gruppa av politikarar *optimates* og *populares*. Desse må på ingen måte forståast på ein moderne måte, som to parti med klart definerte program og ideologi. Krarup forklarar dette ved å peike på at reint forfatningsmessig så stod striden mellom dei som gjennom senatet og dei høgaste magistrata nytta centurieforsamlinga (og tribeforsamlinga når den var leia av ein konsul), som instrument til forskjellige vedtak og lover, og dei som gjennom tribunane brukte plebeiarane sine eigne forsamlingar til å oppnå sine politiske mål.<sup>73</sup> Ut frå vår kunnskap om hendingane i Marius sitt år som folketribun, kan vi dermed seie at han nytta *popularis*-metodar. Vi skal likevel vere litt forsiktige med å kalle han ein *popularis*-politikar, noko som skal bli klart når vi ser på den seinare karrieren hans.

Etter folketribunatet kan Plutark fortelje oss at Marius først prøvde seg på det kurulliske edilembetet, og når han på valldagen såg at det ikkje gjekk vegen, skifta han til det lågare plebeiske edilembetet.<sup>74</sup> Det kurulliske edilembetet blei oppretta for patrisiarane, men gjekk etterkvart på rundgang mellom dei to ordenane anna kvart år. Dette var på denne tida det første embetet som var oppnåeleg for Marius, og som gav

---

<sup>70</sup> Mæhle 2005, 251.

<sup>71</sup> Plut. *Mar.* 4.4

<sup>72</sup> Lintott 1994, 86.

<sup>73</sup> Krarup 1971, 129-30.

<sup>74</sup> Plut. *Mar.* 5.1

han medlemskap i senatet. Frå byrjinga var det plebeiske edilembetet oppretta for å vere til assistanse for dei plebeiske folketribunane, som fekk to av desse under seg. Seinare blei det valt to kurulliske og to plebeiske edilar kvart år. Dei hadde tilsyn med byen, kornforsyninga, offentlege leikar og festar. Etter kvart fungerte desse som eit slags politivesen med fleire forskjellige oppgåver. Det siste ansvarsområdet til edilane var det viktigaste når det gjaldt det politiske spelet. Det blei etter kvart vanleg å bruke store summar frå eiga lomme for å arrangere dei offentlege leikane og festane. Dermed kunne magistratane vinne prestisje for seg sjølv blant befolkninga ved å utmerke seg her. Dei hadde også den juridiske autoritetten til å føre sak for fellesskapet mot å låne ut pengar til for høg rente, og mot å okkupere offentleg land.<sup>75</sup>

Mæhle argumenterer for at om det er ei kjerne av sanning i Plutark si forteljing om at Marius kom frå små kår, så ligg forklaringa i Marius sine tap der. Han viser til at det hadde relativt lita politisk tyding kva kandidat som vann dei, så lenge han hadde høve til å vere spandabel når det gjaldt desse leikane og festane. Han argumenterer for at dette saman med at det berre var fire slike embete, ville gjøre det lettare for Marius å bli vald som pretor.<sup>76</sup> Vi må også huske på at det var ein del av patronen si rolle å hjelpe klienten til å bli vald. Dette inkluderte å hjelpe han med økonomiske midlar. Marius måtte jo i dette valet klare seg utan den viktige patronen Metellus på grunn av hendingane i året hans som folketribun.

Plutark fortel at desse to nederlaga ikkje senka ambisjonane til Marius. Når han seinare stilte til pretorembetet i år 115, blei han vald inn som den siste av dei seks pretorane dette året. Pretorembetet blei oppretta for å ta over den juridiske myndigheita til konsulane i byen Roma. Pretoren hadde imperium og tok plassen til konsulane når dei var ute av byen. Han kunne innkalle folkeforsamlingane, innkalle og styre senatsmøte, samt kommandere hærstyrkar. Etter kvart som Roma vaks, blei det nødvendig med fleire pretorar. To av desse vart verande i byen, medan dei fire andre fekk i oppgåve å styre ulike romerske provinsar. Dette var det første magistratet med imperium. Det var imperumet som gav dei høgare magistratane makta deira. Det gav dei rett til å ha kommandoen i strid og utøve lova.<sup>77</sup> Plutark fortel også at Marius blei stilt for retten skulda for korruption i valkampen, der han seinare blei frikjend ved

---

<sup>75</sup> OCD 1996. "aediles".

<sup>76</sup> Mæhle 2004, 252.

<sup>77</sup> OCD 1996. "imperium".

at det var like mange stemmer for og imot.<sup>78</sup> Carney argumenterer for at det var den tydelegvis langsinte Metelli-familien som stod bak korruptionsskuldingane.<sup>79</sup> Om vi aksepterar dette synet eller ikkje, kjem først og fremst an på korleis vi vurderer hendingane i året til Marius som folketribun. Var denne rettssaka meint som Metelli-familien si straff mot ein utakksam klient? Ho kan også sjåast i lys av maktkampen mellom *optimates* og *populares*. Det kjem også i stor grad an på korleis vi vurderer Plutark si skildring om korndistribusjonen. Den harde sanninga er at Plutark ikkje gir oss noko som helst å gå etter når det gjeld kven som sto bak desse skuldingane. Vår kunnskap om at Marius blei vald til dette embetet, gjer at vi kan trekke ei rekkje slutningar. Til skilnad frå vala til dei tidlege verva Marius oppnådde, så gjekk dette valet for seg i centurieforsamlinga. I denne forsamlinga valde romarane sine høgste politiske magistratar, pretoren, konsulen og sensoren. Her røysta dei også over lovforslag om å gå til krig eller å inngå fredsavtalar. Forsamlinga var inndelt slik at dei stemmene som kom frå personar med høg formueregistrering, talde mest. I denne forsamlinga stemte romarane etter centurier. Avstemminga fungerte slik at centuriane frå dei høgast registrerte formueklassene røysta først. Avstemminga tok slutt når ein majoritet var oppnådd. Systemet fungerte slik at dette var oppnåeleg etter at centuriane frå den andre formueklassa hadde byrja å kaste stemmene sine. Alt dette var basert på det romerske systemet med registrering i formueklasser. Opphavleg hadde denne inndelinga ein rein militær funksjon. Borgarane stilte med sitt eige utstyr og blei inndelt i klasser ut i frå skilnader i utstyret. Det var fem klasser, der den klassa med det høgaste formuekravet var tyngst væpna. I den klassiske republikken var det borgarar med formueregistrering i 1.-3. klasse som var kjernen i hæren. Tankegangen bak dette var timokratisk. Dess høgare registrert formue, dess større politiske rettar og tilsvarande større militære plikter.<sup>80</sup>

Det at Marius vart frikjend av jurydomstolane, tyder på at han kan ha hatt ei viss støtte blant riddarane. Sidan vi veit at det var denne standen som kontrollerte desse domstolane, kan vi slutte at han hadde ei viss støtte der. Dette er noko ein ikkje må drage for langt, sidan det var like mange stemmer for og imot. Sjølv om Marius blei vald som den siste av 6 pretorar, kan vi ut i frå vår kunnskap om korleis vala i centurieforsamlinga fungerte, slutte oss til at han måtte hatt ei viss støtte frå borgarar

---

<sup>78</sup> Plut. *Mar.* 5.

<sup>79</sup> Carney 1961, 22.

<sup>80</sup> Krarup 1971, 118-124; OCD 1996. "comitia. classis".

med høg registrert formue. Dette inkluderar riddarane, sidan dei røysta saman med borgarar frå 1 klasse. Vi kan konkludere med at det er ingenting i frikjenninga i rettssaka og valet til pretorembetet som gir oss informasjon nok til å slutte at han på dette tidspunktet hadde støtte frå denne standen som heilskap.

Plutark har ingenting å seie om Marius det året han var pretor ut over at han berre fekk moderat med skryt. Plutark kan fortelje at Marius i 114 reiste til Spania som propretor.<sup>81</sup> Denne viktige provinstildelinga ville ikkje ha vore mogleg å oppnå for Marius utan støtte frå dei mektigare delane av senatet. På denne tida var det nemleg senatet som bestemte kva provinsar promagistratane skulle gjere teneste i. Det ser ut til at Marius har funne ei eller anna slags forståing med nobiliteten, elles hadde han neppe fått denne viktige provinsen. Plutark fortel at Marius vart lagt merke til fordi han slo ned på røvarbandar som herja der dette året. Han fortel også at når Marius returnerte til det politiske livet, hadde han verken rikdom eller evne til å tale vel.<sup>82</sup> Her må ein vere klar over at fattigdom er eit relativt omgrep. Det kan tenkast at Marius kunne ha blitt sett på som fattig i forhold til sine konkurrentar. Vi huskar Mæhle sitt argument om at det kunne tyde på at veljarane vurderte det slik i valkampen til edilembeta. Det at Plutark skildrar Marius som fattig, er noko vi bør tilskrive hans dramatiske forteljarstil, men nøyaktig kva økonomiske midlar Marius hadde tilgjengeleg, er noko som er vanskeleg å avgjere.

I dette året til Marius som propretor passar det å diskuterer ei oppfatning av han som blir delt av enkelte forskarar. Nemleg at han ved å enten vere ein *publicanus* eller ved å ha tette band til desse personane som gruppe, skulle bli søkkrik. Dette synet står dermed i motsetning til synet på Marius som fattig. Vi kan først vise dette med Carney sitt syn. Carney hevdar at året som propretor markerte ei ny fase i Marius si karriere. Han fekk ved dette guvernørembete høve til å fremje interesser i dei spanske sølvminene. Carney fører denne interessa så langt tilbake som til Marius si første teneste under Africanus. Carney hevdar dette blant gjennom eit studium av anna myntar, gjennom å ha funne latinske namn på gruver, og ut frå at det i dette området i Spania finst fjellrekker med namnet Marius i seg. Carney hevdar at Marius i denne perioden blei ein framtredande person innanfor ei gruppe *publicani*, med forbindelsar

---

<sup>81</sup> I denne oppgåva blir termene propretor og guvernør brukt om kvarandre for å beskrive administrasjonen av ein provins. Romarane brukte ikkje guvernør tittelen, men den vil likevel bli brukt sidan den er ein passande beskrivelse av oppgåvane til desse pro-magistrata. Ein måtte vere enten propretor eller prokonsul for å kunne vere guvernør.

<sup>82</sup> Plut. Mar. 6

i byen Puteoli i Sør-Italia.<sup>83</sup> Argumenta med myntane, gruvene og fjellrekkjene viser at Marii-familien har vore involvert i gruverift der. Å slutte av dette at Marius som junioroffiser skulle ha byrja med dette, er ikkje overtydande. Det er heller sannsynleg at han byrja med det i tida som guvernør. Det er verd å huske på at Marius ikkje kunne ha vore *publicanus*, sidan dette var forbode av Lex Claudia. Ved sitt val til pretorembetet hadde Marius fått ein plass i senatet, og denne lova hindra senatorar i å vere direkte involverte i aktivitetane til *publicani*.<sup>84</sup> At Marius blei kjend for å vere *pulicanus*, er noko som Carney baserer på Diodorus. Diodorus Siculus frå Agyrium på Sicilia gav ut ei universell historie frå mytologisk tid til år 60 f.v.t. Diodorus skreiv dette verket medan han bodde i Roma på Cæsar si tid, og var ferdig rundt år 30 f.v.t. Forskarar har vist at kjeldene til desse bøkene, som bare har overlevd i fragment, er Polybius og Posidonius.<sup>85</sup> Det Diodorus faktisk fortel, er at Marius hadde rykte på seg for å ha vore ein *publicanus*.<sup>86</sup> Dette var trass i forbodet for senatorar mot å vere involvert i aktivitetane til Publicani, ei muligkeit som stod opa for Marius. Nokre av *publicani* var organiserte i selskap kalla *societas publicanorum*. Desse selskapa hadde støtte i garantistar og aksjeeigarar, og mellom desse kunne ein finne senatorar. Dei hadde etter Gaius Gracchus si reorganisering av skatteinnkrevjinga i provinsen Asia i år 123 fått store høve til profitt grunna dei store summane som var involverte. Dei hadde dermed vakse seg større og meir komplekse. Denne organiseringa av skattinnkrevjinga gjaldt ikkje Spania på dette tidspunktet, men det er mogleg at desse selskapa kan ha vore involverte i enkelte av dei spanske minene.<sup>87</sup> Om Marius var ein av bakmennene i eit slik selskap, vil dette kunne forklare ryktet som Diodorus fortel oss om, sidan det å vere involvert i slike selskap ikkje var sømeleg for ein senator. Vi veit at mange av dei antikke historiebøkene sine skildringar av Marius er bygde på kjelder som er fiendtlege til han. Diodorus sin kunnskap kan kome enten derfrå eller frå rykte som verserte i Roma når han var busett der. Badian har ei oppfatning som liknar Carney si. Han argumenterer for at Marius i si tidlege karriere legg grunnlaget for sin seinare suksess ved å skaffe seg ei formue og ved å danne tette band til riddarstanden.<sup>88</sup> Problemet med desse syna er at dei går imot det biletet vi får av Marius gjennom summen av dei skriftlege kjeldene. Desse viser oss først og fremst at

---

<sup>83</sup> Carney 1961, 23-24.

<sup>84</sup> Scullard 318-19.

<sup>85</sup> OCD 1996. “Diodorus (3) of Agyrium, Sicily (hence Diodorus Siculus)”

<sup>86</sup> Diod. 34/35, 38.

<sup>87</sup> Lintott 1994, 79; OCD ”publicani. Spain. Mines, mining”.

<sup>88</sup> Badian 1958, 195.

Marius i si tidlege karriere skaffa seg solid militær erfaring. Dette synet står ikkje i motsetning til dei to nemnde, men ut frå dei skriftlege kjeldene går desse forskarane for langt. Vi kan derimot vere rimeleg sikre på at Marius no hadde ei formue som var i ferd med å auke.

Plutark fortel at Marius i året etter at han kom tilbake frå Spania, gifta seg med Julia, som seinare blei tanta til Gaius Julius Cæsar.<sup>89</sup> Den julianske familien var ein gammal patrisisk familie som ikkje hadde tilhøyrt det øvste sjiktet i eliten på lang tid, men sidan det var ein patrisisk familie, gav den Marius høve til eit sosialt avansement. Dette ekteskapet er også eit teikn på at Marius si stjerne var stigande i Roma.

Gjennom sitt val til pretor hadde Marius sikra seg medlemskap i senatet. Senatet var eit råd på 300 eksmagistratar. Frå tida rundt den andre punarkrigen og fram til det blei utfordra av *popularis*-politikarane, var senatet den dominante makta i Roma. Dette var Roma si rådgjevande forsamling. Den utøvande makta var det magistratane som stod for, medan den dømmande og den veljande makta var det folket som stod for. Etter kvart hadde senatet, i kraft av sin reine autoritet, klart å få den politiske styringa over Roma. Sentralt i denne styringa var det at Senatet fram til perioden vi ser på, hadde kontroll over utanrikspolitikken. Senatet sin kontroll med finansvesenet var også viktig for den makta rådet hadde. Det var nemleg dei som gav magistratane midlar frå statskassa.<sup>90</sup>

Det øvste laget i det romerske aristokratiet, nobiliteten, *nobilitas*, var ei gruppe menn som kunne smykke seg ved at forfedrane deira hadde hatt dei høgare magistrata. Etter stenderkampane forma den gamle eliten, patrisiarane, og dei mektigaste av plebeiarane eit nytt oligarki. Dette var ikkje eit lukka oligarki, men det at desse politikarane kunne smykke seg med slike forfedrar, gav dei ein fordel når dei skulle kjempe om folket sin gunst i vala til dei høgaste embeta. Opphavleg var det både pretor-embetet og konsulatet som gav ”opprykk” til denne standen, men etter at det blei fleire pretorembete, var det berre konsulatet og sensorembetet som gav innpass. Gjennom vår kjennskap til listene over konsular og sensorar ser vi klart og tydeleg korleis medlemmane av desse familiene ofte hadde dei viktigaste embeta i staten. Det er viktig å peike på at dette aldri blei ei lukka kaste, sidan det med varierande frekvens blei valt menn til konsulatet som kom utanfor denne standen.<sup>91</sup>

---

<sup>89</sup> Plut. *Mar.* 6.2

<sup>90</sup> OCD 1996. ”Senate”; Krarup 1971, 103-112.

<sup>91</sup> OCD 1996. ”Nobilitas”.

Mot slutten av det andre hundreåret fekk Roma ei militær mannskapskrise. Denne er samanvevd med utviklinga til den romerske småbondestanden, noko som er for omfattande til å gå nærmere inn på. Vi skal fokusere på det militære aspektet ved denne utviklinga. Frå den andre punarkrigen måtte dei romerske bøndene gjennom sin teneste i hæren vere borte frå gardane sine samanhengande over fleire år. Dette var ei byrde som ramma dei fattigaste borgarane hardast. Medan dei rikare bøndene hadde midlar nok til å tåle dette, kunne dei fattigare vende heim til ein ruinert gard. Dette var ein av faktorane som førte til at det blei færre og fattigare borgarar i denne standen og dermed færre registrerte i dei 5 formueklassene.<sup>92</sup> Både Gabba og Brunt har ettertrykkeleg vist at minimumsformuekravet for å vere potensiell soldat til den romerske hæren blei senka ved fleire høve. Gabba kallar dette for proletariseringa av den romerske middelklassa. Brunt kjem i si analyse til den same konklusjonen. Det dei peikar på er at romarane ved å gjere dette, prøvde å oppretthalde talet på borgarar som var registrerte i dei 5 klassene som var dei potensielle soldatane for hæren.<sup>93</sup> Scullard peikar på at tribunata til dei to brørne Tiberius og Gaius Gracchus må sjåast i lys av dette. Desse kom med forslag om å dele ut jord til bøndene ved å danne koloniar og ved å gi dei lottar av den romerske statsjorda, *ager publicus*. Dermed så kunne dei regenerere bondestanden og dermed også talet på potensielle soldatar. Begge brørne blei likevel nedkjempa og drepne, og forslaga deira blei trenerte. Ein sentral del av motstanden mot graccharane skuldast at denne fellesjorda hadde vorte okkupert meir eller mindre lovleg av både romarar så vel som Roma sine italienske allierte. Både den romerske og dei italienske elitane hadde utvikla sterke økonomiske interesser i jordbruk som blant anna var avhengig av denne for å kunne utnytte denne statsjorda.<sup>94</sup> Appian fortel at som følgje av at graccharane sine reformer blei trenerte, mangla Roma framleis både borgarar og soldatar:

*Whence resulted a still further decline in the numbers of both citizens and soldiers, and in the revenue from the land and the distribution thereof [...] ]<sup>95</sup>*

---

<sup>92</sup> Scullard 1970, 19.

<sup>93</sup> Gabba 1976, 1-17, 22. og Brunt 1971, 391-406.

<sup>94</sup> Scullard 1970, 23-40.

<sup>95</sup> App. BCiv. 1.27

## Den numidiske krig

Vi skal gå nærmere inn på denne krigen, fordi den på mange måtar dannar den nærliggjande politiske og militære opptakta til Marius sitt første konsulverv. I løpet av denne krigen blir senatet sin kontroll med utanrikspolitikken også utfordra for første gong dette hundreåret.

Den romerske provinsen Afrika blei etablert etter at byen Karthago blei øydelagd mot slutten av den 3. punarkrigen i 146. Handelen blomstra både i denne provinsen og i det omliggande klientkongedømmet Numidia. Italienske handelsmenn byrja å utvikle handelsinteresser i området. Riket Numidia fekk ei blomstringstid under kongen Micipsa (148-118) og blomstra til han døydde. Han gav riket vidare til sine to sonar og adoptivsonen Jugurtha. Denne siste var kjend av romarane fordi han hadde leia eit numidisk hjelpekorps som gjorde teneste under Scipio Africanus ved Numantia i Spania (134-133). Han knytte der band til medlemmer av den romerske overklassa, blant anna Scipio sjølv. Etter Micipsa sin død viste Jugurtha ambisjonar om å kontrollere heile riket. Han myrda derfor broren Hiempсал og sigra over den andre broren Adherbal i strid. Adherbal flykta via provinsen Afrika til Roma, der han søkte hjelp for å få tilbake sin rettmessige del av det numidiske riket. Jugurtha sende sine eigne representantar for å øve innverknad ved hjelp av sine forbindelsar i Roma. Saka kom opp i senatet og riket blei delt i to, der Jugurtha fekk den vestlege og minst fruktbare delen.<sup>96</sup>

I 112 starta han på ny ein krig og sigra igjen over Adherbal, som måtte søke tilflukt i hamnebyen Cirta. Då Aherbal overgav seg og byen, gjekk Jugurtha for langt. Han massakrerte ikkje berre Adherbal og tilhengarane, men også ein rekke italienske handelsmenn som heldt til der. Riddarane og folket kravde hemn, og Roma erklærte krig. Ein hær blei sendt til Afrika under konsulen L. Calpurnius Bestia i 111. Han overtalte Jugurtha til å kome med ein formell overgiving i bytte mot å få behalde trona og riket intakt.<sup>97</sup> For å seie det mildt, så slapp han lett unna.

I den primære kjelda til denne krigen skildrar Sallust korleis Jugurtha, ved hjelp av stadige muting av romerske sendemenn, senatorar og hærførarar, klarte å ordne hendingane til sin fordel.<sup>98</sup> Det er eit sterkt grunnlag for å tvile på Sallust sine

---

<sup>96</sup> Scullard 1970, 48 og Sall. *Iug.* 1-16.

<sup>97</sup> Scullard 1970, 48. og Sall. *Iug.* 20-29.

<sup>98</sup> Sall. *Iug.* 15-16.

skildringar i desse hendingane. Earl peiker på at i lys av Sallust sitt hovudtema om å vise nobiliteten si forderving, kan vi ikkje alltid stole på Sallust si forklaring av deira handlingar. Han hevdar at vi heller må sjå desse handlingane i lys av at dette var den tradisjonelle måten senatet faktisk handla på i ein slik situasjon. Han peikar også på at i 112 hadde romarane lidd eit stort nederlag mot kimbrarane i nord, og grensene der kunne vere truga.<sup>99</sup> Sallust fortel at folketribunen Memmius klarte å overtale folket til å krevje Jugurtha til Roma, der han skulle svare for kven han skulle ha muta. Når han kom til Roma blei han forhindra i å tale av ein annan tribun som la ned veto. Ifølgje Sallust hadde Jugurtha muta denne tribunen. Jugurtha tok seg av ein fetter av seg, som var ein potensiell rival til trona, ved å få han myrda. Desse hendingane forsterka, ifølgje Sallust, folket og riddarane sine mistankar. Jugurtha var komen til Roma med løfte om fri reise heim, og desse løfta blei haldne. Krigen heldt fram i år 110 under konsulen Spurius Albinus. Når han returnerte til Roma for å arrangere dei årlege vala, blei hæren under kommando av broren hans Aulus slått av Jugurtha og tvinga til å gå under åket og evakuere Numidia. Dette var ei kraftig audmjuking for romarane.<sup>100</sup>

Dette skaper ifølgje Sallust ein veldig harme i Roma. Albinus mönstrar nye soldatar og reiser til provinsen Afrika, der den overvunne hæren hadde reist. Når han kjem dit finn han, ifølgje Sallust, hæren i ei så därleg forfatning at han kjem til slutninga om å ikkje forfølgje Jugurtha. Etter desse hendingane kom tribunen C. Mamilius med eit lovforslag for folket, *Lex Mamilia*, som etablerte ein kommisjon leia av riddarane, for å kome til botnen av desse hendingane. Resultatet blei at Opimius, Bestia, Albinus og andre blei sende i eksil, og ein effektiv og erfaren general, Q. Caecilius Metellus, blei utnemnd og send til Afrika. Han tok med seg Marius, som gjorde teneste som nestkommanderande i form av å vere legat.<sup>101</sup> Carney hevdar vi må sjå dette i lys av at riddarane sin ståstad som handelsmenn. Årsaka var at sjølv på territorium utanfor romarriket, trong dei støtta til legionane. Etter dette synet var det derfor ikkje nok for dei at Jugurtha overgav seg.<sup>102</sup>

Her er det forskjellige syn på kvifor Metellus valde Marius til å bli med seg. Carney hevdar at Metellus tok med seg Marius for å roe gemyttane i Roma. Badian argumenterer for at det var fordi den tidlegare klienten Marius var i ferd med å bli godkjend som politisk og militært lovande. Det var derfor nyttig for Metelli-familien å

<sup>99</sup> Earl 1966, 65.

<sup>100</sup> Sall. *Iug.* 30-38.

<sup>101</sup> Sall. *Iug.* 39-43. Scullard 1970 48-50.

<sup>102</sup> Carney 1961, 26.

ha eit godt forhold til han.<sup>103</sup> Badian si analyse verker treffande. Han påpeikar også at Sallust si skildring av at Marius fekk ei så viktig stilling, er tendensiøs. Her må eg understreke at Marius hadde tileigna seg solid militær erfaring, og det er dermed heller ikkje utenkjeleg at han hadde byrja å vise sitt potensiale som leiar.

Det er eit spørsmål om i kva grad riddarane reagerte på faktisk korruption, eller om dei kyniske utnytta denne situasjonen. Earl legg vekt på at det er ting som tydar på at Jugurtha og kong Micipsa hadde eit nært forhold til Scipioane. Han peikar også på at Jugurtha sjølv hadde eit nært forhold til andre romarar på grunn av tenesta si ved Numantia. Han hevdar at dette, saman med det at senatet opptrødde på tradisjonell måte, i langt større grad er dekkande for å forklare kvifor Jugurtha hadde så stor innverknad.<sup>104</sup>

Sjølv om desse skuldingane om korruption er grunnlause, ser vi klart ut frå Sallust si skildring av desse hendingane at riddarane og folket var i stand til å utfordre det grepet senatet hadde om utanrikspolitikken i Roma. I ein diskusjon om forholdet mellom senatet og riddarane legg Lintott vekt på at nettopp *Lex Mamilia* og den seinare støtta riddarane gav til Marius sin valkamp til konsulembetet, klart viser at riddarane er fiendtlege til senatet sin administrasjon i denne perioden.<sup>105</sup>

### Marius som nestkommanderande under Metellus

Då Metellus og Marius kom til Afrika, fortel Sallust at dei fann hæren i ein slett tilstand. Sallust gir mykje ros til Metellus for måten han får hæren kampklar på.<sup>106</sup> Etter ei rekke innleiande slag viser denne hæren seg overlegen for numidiarane. Jugurtha viste seg vanskeleg å føresjå. Han førte ein geriljakrig som var prega av stor mobilitet. I denne situasjonen viste Metellus seg som ein kompetent strateg. Han byrja å gjera åtak på Jugurtha sine maktsenter innover i landet. Scullard peikar på at dei metodane Metellus brukte, liknar dei metodane britane brukte under boarkrigen. Dei etablerer eigne "strongpoints" innover i landet og svekkjer fienden ved å slå til mot hans eigne maktsenter. Men det viste seg at den energiske Jugurtha stadig var i stand til å reise nye troppar og ressursar. Scullard konkluderer med at sidan romarane ikkje hadde tilgjengelege styrkar til ein langvarig okkupasjon, kunne dei berre få avslutta

<sup>103</sup> Carney 1961, 26. Han ser dette i lys av at han argumenterer for at Marius var ein framståande Publicanus. Dette har vi diskutert ovanfor. Badian 1958, 195.

<sup>104</sup> Earl 1966, 67-68.

<sup>105</sup> Lintott 1994, 90.

<sup>106</sup> Sall. *Iug.* 43-45

krigen ved å enten drepe eller fange Jugurtha sjølv.<sup>107</sup> Carney si analyse av Metellus sin taktikk er utfyllande. Ifølgje han bør vi tolke Sallust dit at Metellus førte tokt over store område for å demoralisere fienden. Han la opp til mindre trefninger, øydelegging spreidd over større område og erobring av mакtsenter. Carney hevdar at denne strategien var politisk defekt. Han hevdar at sidan hæren var ein borgarmilitia med utskrivne soldatar frå middelklassa, så kunne ikkje Metellus tillate seg å føre ein lang krig med store tap.<sup>108</sup> Det står klart og tydeleg i Sallust at Metellus sin hær var utskrivne.<sup>109</sup> Når det gjeld denne styrka spesielt og Roma sin hærar i det andre hundreåret generelt, er det semje blant antikkforskarane om at hæren var utskrivne. Denne semja strekk seg ikkje til den demografiske samansetjinga. Synet på at soldatane høyrdet til middelklassa, er blitt utfordra av mellom andre Gabba. Han legg vekt på at resultatet av senkinga av formuekravet førte til at kjernen i hæren var langt fattigare enn tidlegare. Gabba peikar på at den skildringa Polybius gir av det romerske utstyret, tyder på at borgarane som høyrdet til 2. og 3. klasse i stor grad var væpna av staten. Det var altså berre borgarar i den 1. formueklassa som stilte med eigne våpen. Gabba hevdar derfor at desse borgarane tilhøyrdet midelklassa berre i namnet og ikkje i praksis.<sup>110</sup>

Sallust fortel at etter ei tid som nestkommanderande under Metellus, byrja Marius å gi uttrykk for eit ønske om å stille til val som konsul for år 107. Metellus sette seg imot dette, og då Marius ikkje fira på sine ambisjonar, fornærma han også Marius. Metellus si haldning bør sjåast i lys av at han sjølv tilhøyrdet nobiliteten, medan Marius ikkje gjorde det. Marius reagerte på Metellus si fornærming med, ifølgje Sallust, å motarbeide han gjennom å gjere disiplinen blant dei troppane han kommanderte slappare. Han fortel at Marius ovanfor dei romerske riddarane i Utica byrja å snakke om krigen på ein måte som ”pralande og nedsettande”. Han lova også at dersom han fekk kommandoen, skulle det ikkje gå mange dagane før Jugurtha låg i lenker. Det ser ut som Sallust ikkje deler denne oppfatninga av Metellus, men han kan fortelje at Marius sine utsegn virka sterkare på riddarane fordi krigen heldt på å øydeleggje deira økonomiske stilling. Marius sikra seg også støtta frå den numidiske prinsen Gauda. Han lova, ifølgje Sallust, å gi han den numidiske trona berre han blei konsul og nedkjempa Jugurtha. Sallust fortel at resultatet av dette var at prinsen og dei

---

<sup>107</sup> Scullard 1970, 51

<sup>108</sup> Carney 1961, 29.

<sup>109</sup> Sall. *Iug.* 43

<sup>110</sup> Gabba 1976, 9-10. Polyb. VI 23, 15.

romerske riddarane, både i hæren og handelsmennene, sende brev til sine kontaktar i Roma.<sup>111</sup>

Badian hevdar at Sallust i avsnitt 64-65 viser at Marius også sokte støtte blant soldatane i hæren i Afrika.<sup>112</sup> Sallust nemner ikkje her eksplisitt at han sokjer støtte hos andre enn riddarane i hæren, men Plutark legg stor vekt på at Marius får innverknad i hæren. Dette er ein særdeles moraliserande skildring, men ein kan likevel drage noko ut av den. Plutark legg vekt på at soldatane respekterer Marius fordi han deler byrder med dei, noko som ifølgje Plutark minimerer kjensla av å vere tvungen til dette. Dette fekk soldatane (han fortel ikkje kva type soldatar det er snakk om) til å sende brev til Roma for å tilrå Marius.<sup>113</sup>

Etter ei stund kom Metellus, ifølgje Sallust, til den konklusjonen at han ikkje ville kunne gjere seg nytte av ein mann som var så motvillig til å gjere teneste under han. Marius fekk derfor lov til å reise til Roma for å stille til val som konsul.<sup>114</sup>

## Konsulvalet

Konsulatet var det høgste vervet i den romerske karrierestigen. Konsulane var dei øvste leiarane i strid, og dei styrte over både centurie- og tribeforsamlinga når dei var i Roma. Sidan Roma nesten konstant låg i krig, var dei fleste av konsulane også generalar. I felten hadde dei overfor soldatane, gjennom sitt imperium, makt over liv og død. Dei hadde stor sjølvstende i felten når det gjaldt viktige strategiske avgjelder. I tenesta var det også, på grunn av dei fullmaktene ein konsul hadde, han som sjølv valde kor store vinstar han gav dei enkelte soldatane i form av krigsbytte.<sup>115</sup>

Det er mange viktige spørsmål knytt til Marius sitt val til denne stillinga. Desse er først og fremst knytt til kva lag av befolkninga han hadde støtte i. Vi skal prøve å kartlegge Marius si støtte blant folket og riddarane. Dette er viktig å gjere seg opp ei mening om, sidan det skal få direkte følgjer for rekrutteringa hans. Det har blitt foreslått at dei høgare formueklassene ante korleis Marius ville løyse mònstringa. Dette skal vi også sjå nærare på.

Som vi såg, fortel Sallust at noko av det første Marius gjorde når han byrja sin kampanje for å nå konsulatet, var å sokje støtte blant riddarane bosette i Afrika. Det er

---

<sup>111</sup> Sall. *Iug.* 64-65.

<sup>112</sup> Badian 1958, 196.

<sup>113</sup> Plut. *Mar.* 7

<sup>114</sup> Sall. *Iug.* 73

<sup>115</sup> OCD 1996. "consul"; Krigsbytte Nicolet 1980, 117-22.

sannsynleg at Marius sine lovnadar om at han kunne ende krigen raskare enn Metellus hadde falle i smak blant riddarane. Riddarane sin ståstad som handelsmenn hadde vorte truga først gjennom massakren i Cirta, og sidan gjennom senatet sin manglande vilje til å føre ein total krig. Etter at krigen braut ut, må eigenskapane Jugurtha hadde til å trekke ut krigen gjennom geriljakrigføring, også ha blitt eit problem for dei. Riddarane fekk gjennom Marius høve til å verne sine interesser utan å støtte seg til eliten i senatet. Badian påpeikar at tribunane frå *Lex Mamilia* hadde sameina riddarane og folket mot senatet. Han legg vekt på at denne alliansen ikkje hadde nokon leiar, og dette var grunnen til at nobiliteten hadde halde fram med å vinne konsulata.<sup>116</sup> Det vi ser klart av kjeldene, er at Marius i tilegg til å ha støtte blant riddarane, også hadde støtte både blant borgarane frå byen og frå landet. Dette ser vi klart av Sallust som fortel at Marius fekk støtte frå handverkarar, bønder og andre vanlege borgarar.<sup>117</sup>

Frå Sallust fekk vi også vite at Marius til støtte for si sak hadde embetsmenn som talte til folket ved ulike forsamlingar. Det må her ha vore snakk om folketribunar. Å ha enkelte av desse embetsmennene på si side måtte ha vore eit stort aktivum når det gjaldt å overbevise folket. Ingvar Mæhle legg vekt på at personlege nettverk gav kandidatane i ein romersk valkamp høve til å kjempe om folket sin gunst. Han argumenterer for at kjernen av dette nettverket bestod av vener, klientar og patronar.

<sup>118</sup>

Vi skal først og fremst rette merksemda mot kva lag av folket Marius prøvde sikre seg støtta til i valkampen sin. Her kjem då spørsmålet med støtta blant soldatane inn. Då Marius kom til Roma for å drive valkampen vidare, talte han ifølgje Plutark ved ein *contio*.<sup>119</sup> Her gjekk han på ny til angrep på Metellus og lova at om han berre fekk konsulembete, skulle han enten drepe eller fange Jugurtha.<sup>120</sup> Slik krigen hadde utvikla seg, var det sannsynleg at det var dette som måtte til for å gjere slutt på han. Vi har sett at han hadde støtte blant soldatane i Afrika. Sallust fortel oss at han hadde støtte blant bøndene. Dette er viktig, for som vi skal sjå på under rekrutteringa, var det desse som til ei kvar tid var majoriteten i hæren. Når Sallust skildrar korleis Marius rekrutterte blant dei fattige, så hevdar han at det var desse Marius kunne takke for å ha

---

<sup>116</sup> Badian 1958, 196.

<sup>117</sup> Sall. *Iug.* 64.

<sup>118</sup> Mæhle 2004, 255.

<sup>119</sup> Dette var ei form for formalisert diskusjon som fann stad før avrøystingane i forsamlingane. I forsamlingane var det ingen diskusjon, berre avrøysting.

<sup>120</sup> Sall. *Iug.* 73 og Plut. *Mar.* 8.5.

blitt vald.<sup>121</sup> Her er det verd å huske at centurieforsamlinga var timokratisk, og dermed måtte Marius først og fremst ha støtte i dei høgare formueklassene. Dei aller fattigaste av borgarane, *capite censi*, var registrert i ei centurie av i alt 193. Denne klassa var gjort opp av borgarar med registrert formue under den 5. klassa. Sidan eit vellukka val i denne forsamlinga kunne vere ferdig etter at borgarane frå 2. klasse hadde starta å kaste stemmene sine, talde derfor støtta frå proletarane lite.<sup>122</sup>

Mæhle har peika på at under eit vellukka val i Centurieforsamlinga måtte Marius ha hatt støtte blant borgarar frå 1. og 2. klasse. Han poengterer også at i eit mobiliseringsval, som han hevdar dette var, så kunne borgarar frå 3.-5. klasse ha vore tunga på vektskåla. Kjernen i hæren var på denne tida borgarar frå 1.-3. klasse. Det at hæren hadde eit mannskapsproblem, skuldast svekkinga av denne gruppa, samt at dei hadde ein motvilje mot tenesta. Mæhle hevdar at ein del av støtta frå denne gruppa kunne kome fordi Marius kritiserte nobiliteten i valkampen. Nobiliteten hadde ikkje vist nokon vilje til å ta opp problema til denne gruppa. Han peikar også på at om dei ante at Marius kom til å mönstre fattige frivillige, kunne dette vere ein faktor i støtta deira.<sup>123</sup> Vi skal likevel argumentere for at det er klare teikn på at Marius si reform av mònstringa var noko han bestemte seg for undervegs i den.

Støtta til hæren i Marius sin valkamp bør sjåast i lys av det faktum at nobiliteten sine generalar var øvstkommanderande for dei hærane som rett før dette året hadde lidd store tap mot germanske stammer som emigrerte inn i Roma si interessenfære.<sup>124</sup> Marius gjekk i valkampen hardt ut mot nobiliteten, samstundes som han lova ein kort krig. Vi har sett på korleis ei stor del av motvilja til tenesta kom av at soldatane måtte gjere teneste utanfor Italia over lang tid. Om Marius sine lovnadar blei godtekne, så skulle ikkje dette vere tilfelle denne gongen.

Summen av støtta til Marius og den politiske situasjonen dette valet fann stad i, var nok til at det for første gong på lang tid blei vald ein konsul som ikkje tilhøyrt nobiliteten. Marius blir, ifølgje Sallust, vald til konsulatet med stort fleirtal. Dette trass i at han har lagt seg ut med sin patron Metellus og dermed har mista støtta til ein av dei mektigaste familiane innanfor nobiliteten. Marius var også ein *novus homo* i

---

<sup>121</sup> Sall. *Iug.* 86

<sup>122</sup> Krarup 1970, 121.

<sup>123</sup> Mæhle 2005, 248-249

<sup>124</sup> Scullard 1970, 53-56.

ordet sin rette forstand, sidan forfedrane hans ikkje eingong hadde vore juniormagistratar.<sup>125</sup>

Etter eit forslag frå folketribunen Manilius Mancinus i tribeforsamlinga tildelte folket også Marius Afrika som provins.<sup>126</sup> Å tildele provinsar hadde etter *lex sempronia* så langt vore ein av senatet sine tradisjonelle rettar.<sup>127</sup> Det eksemplet denne episoden sette for seinare tildelingar i seinrepublikken, bana ifølgje Scullard vegen for Pompeius og Cæsar sine ekstraordinære kommandoar.<sup>128</sup> Provinstildelinga bør vurderast som ei naturleg følgje av Marius sitt val. Det var jo for å lede hæren i Numidia han hadde blitt vald. Vi ser ut frå både valet og denne hendinga korleis både riddarane og folket igjen utfordrar senatet sin utanrikspolitikk, sidan dei vel ”sin eigen” øvstkommanderande og tildeler han ein provins. Når vi kjem til skildringa av 80-talet i det første hundreåret f.v.t., skal vi sjå på korleis ein slik strid om ei provinstildeling, ved hjelp av ein folketribun, var den utløysande faktoren i borgarkrigen mellom Marius og Sulla.

## Rekruttering og soldatane

Det er verd å studere Marius si rekruttering nærmare fordi den i litteraturen har vorte gitt ein sentral del i dei fleste årsaksforklaringane til eit lojalitetsskifte. Her er det viktig å sjå på rekrutteringa på fleire nivå. Først skal vi prøve å avklare kva som hende i forkant. Sidan skal vi ut frå kjeldene sjå på kva som faktisk hende. Når vi har klargjort desse to, kan vi kritisk diskutere korleis denne rekrutteringa blei vurdert både i antikken og i litteraturen i forhold til ein konklusjon om eit lojalitetsskifte.

Eit sentralt spørsmål er om Marius hadde planar om å utføre mònstringa på den måten han gjorde, eller om det kom i stand av hendingar undervegs? Dette er eit veldig omdebattert spørsmål, og det spelar inn på kva stilling ein tek til kva rolle Marius hadde i forhold til lojaliteten i hæren.

Den vanlege romerske rekrutteringa av soldatar til hæren var kalla *dilectus*. Denne mònstringa byrja med at magistratane som skulle kommandere styrken, sende eit estimat over kva dei trong av mannskap og pengar til senatet. Senatet, om dei

---

<sup>125</sup> Dette omgrepet gjaldt to typer politikara. Den første var ein mann som var den første i sin familie til å bli innrullert i senatet. Den andre var ein mann som var den første i sin familie til å bli konsul.

<sup>126</sup> Sall. *Iug.* 73

<sup>127</sup> Etter denne lova bestemte dei på forhand om ein provins skulle gå til konsul nr. 1 eller 2. Etter at konsulane hadde blitt valt trakk dei så lodd om dette.

<sup>128</sup> Scullard 1970, 51.

godkjende dette, skreiv så ut eit dekret, og mönstringa kunne ta til.<sup>129</sup> Sallust har dette å fortelje om Marius sine estimat:

*Han krevet forsterkninger til legionene og sendte bud etter hjelpetropper fra de frie folk, monarkiene og forbundsfellene; dessuten tilkalte han alle de tapreste menn som fantes i Latium; de fleste av disse visste han om fra tidligere, fordi de hadde tjenstgjort under ham, og de øvrige kjente han av ry. Han henvendte seg endog til de veteraner som hadde avtjent sin verneplikt, og tvang dem til å slutte seg til sine faner.*

Sallust skriv at sjølv om senatet var fiendtleg innstilt mot Marius, så gav dei han alt han bad om, fordi dei gjekk ut frå at dette ville føre til at han fekk folket mot seg. Dette slo ifølgje Sallust ikkje til.<sup>130</sup> Dei håpte utvilsamt på at motvilja som kjernen i hæren hadde til tenesta, ville føre til at Marius ville bli upopulær. Sallust kan fortelje at folket var så positivt innstilt til Marius at han ikkje fekk nokon problem med å skaffe dei mannskapa han trøng. Folket forventa seg ein kort og sigerrik kampanje med rikelege sjansar til å plyndre. Ifølgje Sallust var dette delvis på grunn av ein tale Marius heldt til folket ved ein *contio*. I denne talen langar han ut mot nobiliteten. Han fortel at han blir nærest motarbeida i krigsførebuingane sine. Han opphevar seg sjølv, sine militære prestasjonar og eigenskapar medan han kritiserar nobiliteten sine manglar på begge. Han fortel at nobiliteten nærest arvar sine stillingar på grunn av den prestisjen dei får frå namna til sine berømte forfedrar. Marius sjølv hevdar han gjer seg fortent til desse verva på grunn av personlege eigenskapar og lang erfaring. Mot slutten av talen kjem han med ei oppmoding om at borgarane skal melde seg som frivillige.

*Derfor må alle dere som er i tjenstpliktig alder, anstreng dere sammen med meg for å ta herredømmet i staten, for at ikke noen herefter skal bli grepet av frykt for de ulykker som har vært følgen av andre feltherrers overmot. Selv vil jeg alltid være med dere, på marsjer og i slag, som eders rådgiver og kamerat i faren, og hva som enn hender, vil jeg stå ved eders side. Takket være gudene kan jeg nå si at alt nærmer seg slutten, at både seieren, byttet og øren er like for døren; men selv om dette var fjernt*

---

<sup>129</sup> Nicolet 1980, 98.

<sup>130</sup> Sall. *Iug.* 84.

*eller på det uvisse, ville det like fullt være alle gode borgeres plikt å ile staten til hjelp.*<sup>131</sup>

Vi kan ikkje vere sikre på om talen slik den er skildra av Sallust, byggjer på ein faktisk tale som Marius skulle ha halde. Det å leggje inn slike talar var nemleg eit litterært verkemiddel blant historikarane i antikken. Dei trong ikkje nødvendigvis å ha fragment av talen å arbeide ut i frå. Historikarane kunne faktisk sjølv skrive innhaldet i talen utifrå kva politisk profil ettertida tilla dei personane dei skrev om. Sallust var også påverka av den greske verda, sidan han nærte ei stor beundring for den greske historikaren Thukydid. Denne er kjent for å leggje inn slike talar i skildringane sine.<sup>132</sup> Det vi kan tenkje oss, er at om Marius heldt denne talen, eller ved andre høve ytra liknande meiningar, kan den ha hatt ein positiv effekt på folket sin vilje til å stille opp som soldatar i denne krigen. Han hadde lova at om berre han fekk kommandoen, skulle krigen få ein rask slutt. Om denne talen inneheldt lovnadjar om ein rask siger og rikeleg med krigsbytte, så kan den ha vore ein viktig faktor til at borgarane blei positivt innstilte til mònstringa.

Når det gjeld Marius sin harme over den manglande erfaringa til kandidatane til nobiliteten, må ein peike på at han sjølv hadde valt ei politisk karriere som gav han solid militær erfaring. Det var nemleg mogleg å få, delvis ut frå eigne val, forskjellige grader av militær erfaring i den romerske karrierestigen. Marius hadde militärtribunatet, det er ting som tyder på at han gjorde teneste hos ein konsul som kvestor, han fekk militær erfaring som guvernør, og han hadde gjort teneste som legat hos ein konsul.<sup>133</sup> Ingen av desse militære erfaringane var nødvendige for å kunne kjempe om konsulatet. Ein førestiller seg at det kan ha utløyst eit viss sinne når han stilte til val der motkandidatane frå nobiliteten ikkje hadde noko i nærleiken av hans ekspertise, saman med at standen som heilskap motarbeidde han.

Etter å ha oppmuntra folket til å stille som soldatar i denne krigen, tok Marius fatt på utskrivinga av soldatar. Hæren som han skulle bruke i krigen mot Jugurtha, var samansett av fleire forskjellige grupper. Han tok over Metellus sine styrkar, som allereie var i Afrika på dette tidspunktet. Han fekk hjelpetroppar frå romarane sine

---

<sup>131</sup> Sall. *Iug.* 85.

<sup>132</sup> Width 1963, 13.

<sup>133</sup> Valet til konsulatet viser nettopp at den militære erfaringa til Marius blir godkjend.

allierte, og han skreiv sjølv ut troppar i Roma. I tillegg til at Marius tilkalla veteranar, så kan Sallust fortelje at:

*I mellomtiden innrullerte han selv nye soldater, ikke klassevis etter forfedrenes skikk, men utelukkende frivillige, og de fleste av dem var folk uten skattbar formue.*<sup>134</sup>

Det går klart fram av kjelda at Marius tillét personar frå den fattigaste delen av borgarmassen i Roma å melde seg frivillige som soldatar. Dette med folk utan skattbar formue må vere ein referanse til formuekravet. Alle borgarar var frå 167. fritekne frå å betale skatten *tributum*. Før det hadde borgarar som var registrert i dei 5 formueklassene betalt ein årleg skatt. Altså så hadde formuekravet for å gjere teneste falle saman med kven som skulle betale skatt. Gabba argumenterer for at vi ikkje må tolke dette avsnittet slik at Marius avskaffa formuekravet. For det første så mönstra Marius på frivillig basis, medan den vanlege mönstringa, *dilectus*, var basert på mònstring basert på tribene (Gabba sitt syn). Han hevdar at Marius dermed ikkje avskaffa hovudprinsippet i den gamle mònstringa til borgarhæren, nemleg mònstring etter formueklasse, men at han valde å sjå bort frå det sidan soldatane var frivillige.<sup>135</sup> Ved å studere mònstringane vidare kan vi sjå om Marius sjølv og Sulla mònstrar både dei fattige og brukar frivillige. Sallust forklarar også kvifor Marius gjorde dette. Han fortel at nokon hevdar at Marius gjorde det av mangel på betre menn.<sup>136</sup> Dette kan rett og slett vere eit teikn på at Marius kan ha revurdert korleis han skulle mònstre undervegs. Altså at han byrja mònstringsprosessen på vanleg måte, og først når han såg at han fekk problem med å få soldatar blant veteranar og borgarar med formue registrert i 5. klasse eller høgare, kan han ha opna for dei fattigaste.

Sallust fortel oss også at resultatet av mònstringa var at Marius drog til Afrika med ein større styrke enn den som hadde blitt vedteken. Då Marius og desse soldatane kom til Afrika, fortel Sallust at Marius kunne bringe legionane og hjelpetroppane opp til sin fulle styrke.<sup>137</sup> Denne siste utsegna kan ikkje bety anna enn at Marius ikkje

---

<sup>134</sup> Sall. *Iug.* 86.

<sup>135</sup> Gabba 1976, 14-15.

<sup>136</sup> Sall. *Iug.* 86.

<sup>137</sup> Sall. *Iug.* 86-87.

mønstra nye legionar i Roma. Ein kan dermed tenkje seg at han berre mønstra soldatar for å erstatte dei som var blitt drepne, skada, dimmete eller hadde desertert.<sup>138</sup>

Dette med at styrken var større enn vedteke, støttar etter mitt skjøn opp under at Marius sannsynlegvis revurderte mønstringa undervegs. Når ein omsyn til dette, gir det oss følgjande utvikling: Først bad han senatet om ein styrke av ein viss storleik, som skulle mønstrast etter den gamle ordninga. Senatet gav han dette, men det ser ut som om Marius forsto at han enten ikkje ville vere i stand til å fullføre mønstringa på grunn av motvilje, eller at han ved å gjere det ville bli upopulær. Marius valde dermed å sjå bort frå hovudprinsippet i mønstringa og heller oppfordre borgarar, inkludert dei fattigaste, til å melde seg frivillig. Marius si naudløysing blei så vellukka at han rett og slett fekk fleire soldatar enn om han hadde gjennomført mønstringa på vanleg måte.

Her er det også ei anna analyse som har vorte foreslått. Carney hevdar at Marius ved å rekruttere blant dei fattige løyste ein ibuande veikskap ved Roma si krigføring. Dette var at soldatar frå klasse-systemet var ueigna for lang teneste med høge tapstal, sidan motvilja deira mot ei slik teneste ville få politiske konsekvensar. Carney hevdar vidare at Marius med denne mønstringa løyste dette problemet, ikkje berre for denne krigen, men for Roma si krigføring generelt. Problemet er at han er uklar på om Marius hadde dette i tankane eller om det oppstod tilfeldig.<sup>139</sup> Dette synet liknar altså på Mæhle sitt syn om at Marius gjorde dette for å lette presset på den klassiske legionshæren (sjå ovanfor), men som eg har argumentert for, er det usannsynleg at Marius planla dette. Når vi kjem til Marius si krigføring mot germanarane, kan vi ta opp att diskusjonen om dette blei ei permanent løysing på Roma sitt mannskapsproblem.

Vi kan også til ei viss grad kartleggje meir om desse soldatane ut over det at dei fleste av dei var frå klassa under formuekravet. Generelt så veit vi at romarhæren i stor grad var satt saman av dei landlege plebeiarane. Dette var fordi byplebeiarane var notorisk fiendtlege til militærtenesta. Dei hadde også folketribunane til å hjelpe seg, noko dei landlege plebeiarane ikkje hadde, fordi folketribunane ikkje hadde mynde utanfor Roma. Opphavleg blei mønstringa halden i Roma. Etter kvart som romerske borgarar busette seg i stadig større avstandar frå hovedstaden, fekk ein også

---

<sup>138</sup> Den latinske termen for dette var *supplementum*. I Sallust kan vi lese at Jugurtha hadde styrker som berre var satt saman av romerske desertørar. Sall. *Iug.* 38.

<sup>139</sup> Carney 1961, 25-30.

mønstringar andre stader i Italia.<sup>140</sup> Spesifikt for denne mønstringa er at det er episodar i kjeldene knytte til Marius som viser at dei landlege plebeiarane var knytte til han, både ved at dei røysta på han og ved at dei seinare dukka opp i Roma for å kjempe for landtildelingane som Saturninus fekk i stand for veteranane. Hos Sallust kan vi lese om bønder som forlét arbeidet sitt for å dra til Roma og delta i valkampen og røyste på Marius. Seinare, når Saturninus legg fram eit forslag om å tildele jord til veteranar, kan vi lese hos Appian at det blei sende bod på borgarar frå landet fordi dei hadde tent under Marius og av den grunn var til å stole på.<sup>141</sup> Dette skal vi sjå nærare på når vi tek for oss desse tildelingane.

Denne mønstringa har av mange antikkforskarar i moderne tid blitt framstilt som ei monumental hending i republikken si historie. Før vi går inn på dette, kan det derfor vere formålstenleg å studere korleis denne hendinga blei vurdert i antikken. Sidan vi ikkje har samtidige kjelder til korleis den blei vurdert, skal vi vurdere korleis den blir skildra hos Plutark og Sallust. Vi veit at desse to baserer tekstane sine på kjelder som var skrivne av personar som var samtidige med Marius. Plutark si vurdering av denne hendinga er full av moralisme:

*Contrary to law and custom he enlisted many a poor and insignificant man, although former commanders had not accepted such persons, but bestowed arms, just as they would any other honour, only on those whose property assessment made them worthy to receive these, each soldier being supposed to put his substance in pledge to the state<sup>142</sup>.*

Det er grunn til å tvile på at Plutark har rett i at Marius braut lova ved å gjere dette. Brunt peikar på at det ikkje er nokon kjelder til at Marius måtte foreslå ein lov for å gjere dette. Han hevdar at det låg innanfor konsulens imperium å gjere dette.<sup>143</sup> Det at Sallust si skildring, som ligg nærare denne hendinga i tid, ikkje seier noko om å bryte lova, talar for denne slutninga. Sallust si skildring fell derimot saman med Plutark når også den hevdar at Marius gjekk mot forfedrane sin skikk.<sup>144</sup> Brunt viser etter mitt skjøn i *Italian Manpower* at den fattigaste klassa alltid hadde vore potensielle

<sup>140</sup> Keppie 1987, 33.

<sup>141</sup> Sall. *Iug.* 73 og App. *BCiv.* 1.29.

<sup>142</sup> Plut. *Mar.* 9.1

<sup>143</sup> Brunt 1971, 406.

<sup>144</sup> Sall. *Iug.* 86. Sidan den romerske republikk hadde få skrivne lover, var mange av dei offisielle handlingane deira styrt av tradisjonen, av *mos maiorum*, eller forfedrane sin skikk.

soldatar. Dette gjer han ved å peike på at dei hadde gjort teneste i krisetider som til dømes den 2. punarkrigen.<sup>145</sup> Det var også ein tradisjon for å appellere til frivillige. Den siste gongen dette hende før Marius, var ved Scipio Africanus si krigføring i Numantia i Spania. Appian kan fortelje at sidan Roma var utslite av krig, ville ikkje Scipio halde ein *dilectus*, og innrullerte derfor frivillige i staden.<sup>146</sup> Sidan det var nettopp der Marius gjorde si første teneste, er det ikkje usannsynleg å slutte at dette må ha stått fram som eit eksempel til etterlikning for han. Det nye med denne mönstringa var kombinasjonen av desse to. Vi har ingen kjelder som viser at fattige hadde fått lov til å melde seg frivillig før denne mönstringa. Det var dermed imot forfedrane sin skikk.

Vi har vist at ut frå den skildringa Sallust gir at det er klare teikn på at Marius kom fram til denne løysinga undervegs i mònstringa. Han seier berre at Marius ikkje følgde formelen for den vanlege mònstringa. Vi ser dermed ein klar forskjell mellom Sallust og Plutark når det gjeld korleis dei forklarar kva som hende. Sallust tilbyr likevel ein analyse som går ut over det å stadfeste kva som hende. Her er det viktig å peike på at den norske og engelske omsetjinga skil seg på eit viktig punkt:

*Noen var gode borgere som sluttet seg til på grunn av fattigdom, mens andre gjorde det av beregning og av hensyn til konsulens ørgjerrige planer, fordi Marius skyldte populasen sitt ry og sin forfremmelse.*<sup>147</sup>

*Some said that this was done from a scarcity of better men, and others from the consul's desire to pay court to the poorer class, because it was by that order of men that he had been honored and promoted; and, indeed, to a man grasping at power, the most needy are the most serviceable, persons to whom their property (as they have none) is not an object of care, and to whom every thing lucrative appears honorable.*<sup>148</sup>

Vi ser ut frå den engelske omsetjinga at det kjem klart fram at Sallust siterar frå kjelder. I den norske omsetjinga er ikkje dette med. Dermed forsvinn den viktige forståinga av at Sallust siterar frå kjelder, og altså ikkje kjem med si eiga vurdering.

---

<sup>145</sup> Brunt 1971, 391-415.

<sup>146</sup> App. *Hisp.* 84

<sup>147</sup> Sall. *Iug.* 86. Oms. T. With.

<sup>148</sup> Sall. *Iug.* 86. Oms. J.S. Watson.

Det ser ut til at den første tolkinga synest å vere den aksepterte i den litteraturen som ligg til grunn for denne oppgåva, så det er den som vil bli brukt her. Dette med at Sallust fortel at nokon seier at borgarane let seg innrullere på bakgrunn av konsulen sine ærgjerrige planar, har vorte tolka på forskjellige måtar. Badian hevdar at dette avsnittet i Sallust viser at Marius ved å mønstre fattige soldatar, måtte ha ant at dette gav ein militærleiar utan arveleg klientell ein sjanse til å oppnå personleg makt.<sup>149</sup>

Den same avsnittet (lat: *per ambitionem consulis*) er blitt tolka av Gabba slik at Sallust her gjengir synet til Marius sine motstandarar. Dette er noko han hevdar først oppstod etter borgarkrigane og Sulla sin karriere. Han hevdar at korkje Marius eller nokon av hans samtidige såg dette som eit høve for Marius til å søkje auka personleg makt. Det var ei påtvinga løysing på rekrutteringsproblema der og då. Han aksepterer dermed Sallust si første forklaring på mønstringa. Han foreslår at dette må tolkast dit at det var Marius sin intensjon (*ambitio*) å ikkje fornærme byplebeiarane, som var fiendtlege til militärteneste. Den siste delen av dette avsnittet er, ifølgje Gabba, ikkje noko anna enn ei generell innvending basert på fordommar.<sup>150</sup> Til støtte for Gabba sitt syn kan ein argumentere for at om Marius faktisk såg mulighetene i dette, måtte nobiliteten også ha gjort det. Sidan det ikkje er spor i kjeldene om nokon aktiv motstand mot denne mønstringa, er dette usannsynleg. Vi har også vist at den tolkinga som foreslår at Marius ikkje ville støyte dei fordi dei var veljarar, er usannsynleg. Då står dermed Gabba si tolking att som treffande.

Når det mot slutten av republikken blei klart kva ein hærførar med lojale troppar kunne oppnå i ei tid prega av uro og borgarkrig, dukka det opp to måtar å vurdere Marius si mønstring på. Det første har sitt utspring i at tilhengarane av ein *optimates*-politikk gav Marius si mønstring ein stor del av skulda for mange av dei ulykkene som herja deira tid<sup>151</sup>. Dette er det anti-marianske synet, og det er i lys av dette at Plutark 9.1 må vurderast. Valerius Maximus utrykkjer eit liknande syn:

*Laudable also is the modesty of the people, who by briskly offering themselves for the toils and dangers of military service saw to it that commanders did not have to ask*

---

<sup>149</sup> Badian 1958, 197-98.

<sup>150</sup> Gabba 1976, 14 og 17.

<sup>151</sup> Gabba 1976, 18; Brunt 1971, 406-07; Lintott 1994, 92.

*capite censi to take the military oath, whose excessive poverty made them suspect and on that account they did not trust them with public arms.*<sup>152</sup>

Vi ser altså korleis både Valerius og Plutark hevdar at desse fattige soldatane ikkje er til å stole på. Plutark er den mest illustrerande. Han seier at dei ikkje har ein del i staten. I heile si skildring av karrieren til Marius legg Plutark vekt på ambisjonane hans. Skildringa av Marius som ambisiøs er tidvis svært moraliserande. Ein kan med rette seie at Plutark føregrip dei seinare hendingane når han gjer dette. Det kan hevdast at han gjer det same med skildringa si av desse fattige soldatane.

Den pro-marianske tradisjonen hadde sitt utspring i at tilhengarane av ein *popularis*-politikk forsvarte Marius mot desse skuldingane. Her kan vi nemne Gellius, som slik vi seinare skal sjå, prøver å setje dateringa til Marius si innrullering av fattige til år 104, ei tid då Roma var truga av langt større farar.<sup>153</sup> Vi kan også diskutere om Sallust sjølv er ein av desse pro-marianarane.

I litteraturen er det altså fleire måtar å vurdere denne hendinga på. Dette er viktig fordi det kan hevdast at det kjem av dei ulike syna å vurdere lojalitetsskiftet på. Gabba ser ikkje Marius sine handlingar som innovative. Han ser mönstringa som eit siste ledd i ein proletariseringssprosess som hadde pågått sidan den andre punarkrigen. Han hevdar at Marius si reform kan sjåast som eit logisk og uunngåeleg siste ledd i denne prosessen. Han hevdar at Marius si reform av mönstringa må sjåast i lys av mangelen på borgarar registrerte i dei 5 klassene. Gabba hevdar at det einaste nye ved denne reforma var at mönstringa av hæren mista det reint formelle sambandet den hadde til censusregistreringa.<sup>154</sup>

Vi har vist at Badian tolkar Sallust slik at Marius søkte støtte til konsulvalet blant soldatane i Afrika. Dette er ein sentral del i argumentasjonen hans når det gjeld synet på Marius si mönstring. Han aksepterer den reduksjonen av formuekravet som Gabba argumenterer for, men hevdar at det ikkje minskar tydinga av dette siste steget. Han hevdar at på bakgrunn av Marius sin appell om støtte til konsulvalet, måtte han ha ant at ei slik reform av mönstringa kunne gi han større personleg makt. Han hevdar at Sallust viser at Marius tok dette med i avgjerda si. Ifølgje Badain legg Sallust då grunnlaget for den personlege rekrutterte profesjonelle hæren som han hevdar er

---

<sup>152</sup> Vall. Max. 2.3,1

<sup>153</sup> Gabba 1976, 13; Brunt 1971, 407-08.

<sup>154</sup> Gabba 1976, 1-19.

karakteristisk for seinrepublikken.<sup>155</sup> Ut frå dette blir altså synet hans på denne mònstringa todelt. Han aksepterar at Marius sin motivasjon var basert på militært naudsyn, men han ser den også som motivert av eit ønske om auka personleg makt.

P. A Brunt har eit syn på denne mònstringa som er samanfallande med Gabba sitt. Han hevdar også at på grunn av proletariseringa var Marius si reform av marginal tyding. Han hevdar at ingen av dei politiske aktørane, inkludert Marius sjølv, såg eit høve til auka personleg makt for generalane. Han hevdar at den kritikken vi ser i kjeldene, er anakronistisk, og stammar frå tida etter Sulla. Brunt hevdar at om Marius var ute etter større personleg makt, så var mangelen på betre menn ei forklaring på mònstringa som romarane kunne godta. Han foreslår at målet til Marius kunne vere å spare dei av følgjarane hans som var motvillige til tenesta. Han opnar altså for at det er mogleg at Marius kunne være motivert av maktspørsmål, men legg vekt på at før eller seinare var dette den logiske løysinga på problema med det fallande potensielle soldatmateriellet.<sup>156</sup>

Vi kan slå fast at når Marius inkorporerte desse fattige borgarane i styrka til Metellus, fekk han ei militær styrke som var demografisk forskjellig frå den som Metellus hadde mònstra. Vi såg også at Sallust legg vekt på at det var Marius sine løfter om ein betre leiing, ein rask siger og rikeleg med krigsbytte som var forklaringa på kvifor desse borgarane melde seg frivillig. Det gjenstår då å forklare kvifor enkelte forskrarar peikar på at Marius hadde sjansen til å søkje større personleg makt, enten han var motivert til det eller ikkje?

Svaret ligg i den demografiske samansetjinga til dei nye soldatane. Gabba legg vekt på at desse fattige soldatane såg på militärtenesta som ein profesjon. Han hevdar at samanhengande teneste, frivillig mònstring og utelukkande økonomiske motiv definerer profesionalisme, og at romarhæren frå no av dermed var ein profesjonell hær.<sup>157</sup> Vi skal sjå nærare på at sjølv om desse soldatane no var fattige borgarar og hadde reine økonomiske motiv for tenesta, er rekruttering av fattige frivillige berre ein av mange faktorar i ein teori om eit lojalitetskifte.

---

<sup>155</sup> Badian 1958, 197-203.

<sup>156</sup> Brunt 1971, 406-07.

<sup>157</sup> Gabba 1976, 1-19.

## **Marius som general**

Ved å studere Marius og dei soldatane han hadde kommandoen over, kan vi undersøkje om vi finn spor etter ei endring i lojalitetsbandet. Vi kan dermed også illustrere ulike andre faktorar som blir peika på som viktige av forskarane når det gjeld eit slik skifte. Vi kan undersøkje om dei løfta Marius gav før konsulvalet vart oppfylde. Vi kan undersøkje om Marius fekk auka personleg makt av å ha fattige frivillige i hæren sin. Ikkje minst bør vi undersøkje om rekrutteringa av fattige frivillige haldt fram.

## **Krigen mot Jugurtha**

Sallust fortel at Marius kom til Afrika i år 107, og brukte sommaren på å trenre troppane sine ved å kjempe lette trefningar mot fienden. Desse trefningane var retta mot byar og område som var svakt verna frå Jugurtha si side. Marius kjempa ei rekke slag mot Jugurtha, men Sallust fortel at Marius skjønte at dette ikkje kunne få slutt på krigen. Marius byrjar derfor å angripe strategisk viktige byar. Sallust skildrar at Marius sin tankegang var å redusere Jugurtha sitt maktgrunnlag og tvinge fram avgjerande slag. Eit av desse åtaka var mot byen Capsa. Denne låg langt ute i ørkenen, og var ifølgje Sallust verna av eit utilgjengeleg lende. Sallust kan fortelje oss at Marius gjorde dette delvis fordi Metellus hadde vunne stort ry ved å ta byen Thala. Ein kan stille seg naturleg skeptisk til om det var dette som var motivet til Marius, men vi treng ikkje gå lenger tilbake enn til den 2. verdskrigen og det amerikanske doolittle-bomberaidet på Tokyo i 1942 for å finne moderne døme på liknande avgjerder motivert av behovet for positiv propaganda. Etter at han hadde lukkast med dette, heldt han fram utover hausten med å rette åtak mot ei rekke andre byar. Sallust fortel dramatisk at Marius og troppane spreidde sorg og blodbad over heile landet. I løpet av 106 kom L. Cornelius Sulla til landet med ei kavaleristyrke. Hausten dette året lukkast Marius med å erobre ei borg på grensa til Mauritania der Jugurtha hadde delar av skattkammeret sitt.<sup>158</sup> Sallust fortel at på grunn av tapa av byane og skattane sine søkte Jugurtha hjelp hos kong Bocchus av Mauritania for å prøve å skaffe seg nye styrkar til kampen mot romarane.<sup>159</sup> Kong Bocchus hadde tidlegare i denne krigen

---

<sup>158</sup> Sall. *Iug.* 87-96.

<sup>159</sup> Ibid. 97.

kjempa saman med Jugurtha, men det hadde lukkast Metellus å inngå våpenkvile før det braut ut strid mellom kongen og romarane.<sup>160</sup> Det ser dermed ut til at Marius sin strategi var vellukka. Carney hevdar at denne systematiske reduksjonen av maktecentra gjennom ein utmattingskrig, samt tapet av skattkammeret, gjorde at Jugurtha blei ute av stand til å føre ein vellukka geriljakrig.<sup>161</sup> Jugurtha lukkast med å overtale kongen til å slutte seg til han ved mellom anna å love han den vestlege tredelen av Numidia. Saman retta dei to kongane eit åtak mot Marius medan hæren var på veg tilbake til vinterkvarteret. Etter ein hard kamp der krigslukka skifta mellom begge sider, klarte Marius og Sulla å sigre over dei to kongane.<sup>162</sup> Sallust fortel at etter dette nederlaget søkte Kong Bocchus fred med romarane. Marius sende Sulla til kongen for å mekle, og gjennom eit intrikat diplomatisk spel lukkast Sulla å overtale han til å forråde Jugurtha, og i 105 enda Jugurtha i romersk fangenskap.<sup>163</sup>

Denne diplomatiske endinga på krigen skulle få eit alvorleg etterspel. Plutark fortel korleis denne hendinga førte til uvenskapen mellom Marius og Sulla. Han fortel at mange ønskte at Sulla skulle få æra over å ha avslutta krigen. Sulla sjølv lagde seg ein ring som viste korleis kong Bocchus gav han Jugurtha. Plutark fortel korleis Sulla ved konstant å bruke denne ringen provoserte Marius, som ifølgje Plutark var svært ambisiøs, og hata å dele æra si med andre. Han fortel også korleis fiendane til Marius oppmuntra Sulla ved å gi både Metellus og Sulla sjølv æra for å ha vunne krigen. Dette var meint slik at folket skulle slutte å beundre Marius og dermed heller ikkje gi han sin truskap.<sup>164</sup> Her må det understrekast to ting. Først og fremst at Plutark er fiendtleg til Marius, og at dette går som ein raud tråd i heile hans framstilling av Marius sin karriere. Dette ser vi av at Marius blir framstilt som ein ambisiøs mann som nærast frå barndommen av byrjar å planlegge ei folkeleg støtte for å kunne angripe aristokratiet. Det andre, og dette spelar inn på Plutark sitt syn på Marius, er at Plutark baserte framstillinga si av desse hendingane på kjelder skrivne av menn som på denne tida var fiendtleg innstilte til Marius. Dette inkluderar Sulla sine memoarar. Vi må derfor vere forsiktige når vi behandler Plutark sine negative framstillingar av Marius sine motiv. Når det gjeld fiendskapen med Sulla, bør vi vere ekstremt forsiktige.

---

<sup>160</sup> Sall. *Iug.* 80-83.

<sup>161</sup> Carney 1961, 29.

<sup>162</sup> Ibid. 97-101.

<sup>163</sup> Ibid. 102-113.

<sup>164</sup> Plut. *Mar.* 10- 5-6.

Det hadde tatt Marius tre år å fullføre krigen. Løfta han heldt før valet om ein rask siger, kan vel dermed ikkje seiast å ha blitt oppfylt. Trass i dette er det ingen spor i kjeldene om at soldatane er misnøgde av den grunn. Carney hevdar at Marius adopterte Metellus sin strategi og utførte den på ein større basis og med meir suksess sidan han no, ifølgje Carney, hadde fleire og betre eigna troppar til disposisjon.<sup>165</sup> Her er det ein veikskap i Carney sin argumentasjon. Vi har vist at det er sannsynleg at Marius utførte eit *supplementum*. Sallust viser ettertrykkeleg korleis dette gav legionane og hjelptroppane som Metellus hadde oppretta, sin opphavlege storleik. Dei einaste nye styrkane Sallust beskriv, er kavaleriet som Sulla mönstra. Argumentasjonen hans er treffande når han poengterar at kavaleriet til Sulla nok hadde avgjerande tyding i den grad at det blei lettare å kjempe mot ein motstandar som kjempa ein geriljakrig med stor mobilitet. Når det gjeld infanteriet derimot, så gjekk desse soldatane sannsynlegvis inn i dei eksisterande legionane, og dermed blei den strategiske effekten av fattige soldatar minimert.

Når det gjeld krigsbytte ser det ut til at soldatane fekk så det monna. Etter at han hadde brakt hæren opp i sin fulle styrke, kan vi lese av Sallust korleis Marius med ein gong etter at han kom til provinsen, førte soldatane til eit område som var rikt på bytte. Sallust fortel at Marius gav alt dette til soldatane.<sup>166</sup> Når det gjaldt erobringa av Capsa, kan Sallust fortelje oss at trass i at byen overgav seg, let Marius soldatane plyndre uhemma: *Hele byen ble flammenes rov; alle våpenføre numidiere ble hugget ned, resten av befolkningen solgt som slaver og byttet delt mellom soldatene.* Sallust skriv at dette var i strid med folkeretten.<sup>167</sup> Det ser ut til at Marius blei populær hos soldatane på grunn av at han stadig let dei få lov til å plyndre. Sallust fortel at dei er tydeleg begeistra og priser Marius over å ha vunne store rikdomar.<sup>168</sup> Når det gjaldt krigsbytte, ser vi altså at Marius var i stand til å oppfylle det som trass alt var eit sentralt løfte i rekrutteringa hans.

---

<sup>165</sup> Carney 1961. 29-30.

<sup>166</sup> Sall. *Iug.* 87.

<sup>167</sup> Ibid. 91. Det eksisterte sjølvsagt ingen reglar i antikken som kan minne om vår tids Geneve-konvensjon. Romarane hadde likevel eit religiøst konsept om å drive rettferdig krigføring. Etter dette skulle inbyggjarane i ein by, dersom den overgav seg, bli spart.

<sup>168</sup> Ibid. 92.

## **Germanarane**

Sidan denne krigen skulle gi Marius mogleiken til å vinne ei rekkje fleire konsulembete, er det viktig å sjå på bakgrunnen til den. Vi får også eit høve til å studere mönstringane til denne krigen. Dermed kan vi undersøkje om bruken av fattige soldatar fortsette og om desse mёнstringane var frivillig eller ikkje.

Etter eit hundreår der Roma hadde vore fritt frå trusselen om invasjon utanfrå, vart dei no truga frå nord. Dette hadde si årsak i ei folkevandring. To germanske stammer, teutonarane og kimbrarane, byrja ein migrasjon vekk frå sine område i Jutland. Etter å først ha vandra sørover mot det moderne Serbia, snudde dei vestover. Sjølv om dei ikkje vandra innover Roma sine grenser, blei det sendt ein hær mot dei under konsulen Cn. Carbo i 113. Til trass for at germanarane sigra over denne hæren, valde dei å vandre gjennom Sveits, og ikkje gjennom Nord-Italia mot Gallia. Dette gjorde at dei i nokre år ikkje var ein trussel mot Roma. I vandringa si gjennom Sveits fekk dei med seg keltiske stammer, og desse kom saman til Gallia i år 110. Dette følte romarane kunne truge provinsen Gallia Transalpina, og sende difor konsulen M. Junius Silanus mot dei i år 109.<sup>169</sup> Også han blei slegen. Den eine germanske stamma, kimbrarane, vandra nordover medan keltarane vandra vestover. Dette førte til at ein av Roma sine allierte nær det moderne Toulouse gjorde opprør. Konsulen L. Cassius Longinus blei send mot desse i 107. Sjølv om han dreiv dei tilbake, blei han seinare drepen i eit bakhald, og dei som overlevde, måtte gå under åket. Konsulen Q. Servilius Caepio klarte å gjenerobre Toulouse i år 106. No kom kimbrarane tilbake til området, og Caepio, no som prokonsul, saman med konsulen Cn. Mallius, møtte desse ved Arausio. Her leid romarane sitt største nederlag sidan slaget ved Cannae 100 år tidlegare. Dei romerske tapstala skal ha vore så høge som 80 000 mann.<sup>170</sup>

Lintott vektlegg at den politiske trenden som ein såg i byrjinga av den jugurthinske krigen, heldt fram. Dei militære nederlaga i krigen mot germanarane gjorde at aristokratiet var sårbart for angrep frå tribunane, og eigenskapane til desse til å utnytte situasjonen, oppmuntra til vidare *popularis*-aktivitet.<sup>171</sup>

Plutark fortel at når romarane høyrdde om nederlaga mot germanarane, blei Marius vald til konsul for andre gong for å ta kommandoen i krigen. Han skildrar korleis Marius blei vald til konsul *in absentia*, og korleis både dette og at det ikkje

---

<sup>169</sup> Gallia Transalpina var det området som omtrent tilsvavar det moderne Frankrike. På denne tida hadde romarane lagt den sørlegaste delen av dette området under seg som ein provins.

<sup>170</sup> Scullard 1970, 53-54.

<sup>171</sup> Lintott 1994, 94.

hadde gått ei viss tid mellom Marius sine to konsulat, var ulovleg.<sup>172</sup> Plutark forklarar folket sitt forsvar for dette. Han hevdar at dei peikte på at det ikkje var første gong lova blei tøygd for å kunne tene eit felles beste. Ifølgje Plutark samanliknar dei desse hendingane med då Scipio Aemilianus blei konsul i 147.<sup>173</sup> Vi veit at Scipio ikkje var gammal nok den gongen til å oppfylle eit krav om ein minimumsalder til konsulatet. Vi må ikkje nødvendigvis med Plutark si skildring tenkje oss at det var splid mellom folket og eliten i denne samanhengen. Plutark legg tidlegare vekt på at all den misunninga, alt hatet og alle rykta som hadde fått eit utløp i krangelen mellom Marius og Sulla, forsvann når romarane fekk høyre om farane frå Gallia. Sallust fortel nemleg at det var senatet som tildelte han provinsen Gallia.<sup>174</sup> Når det gjaldt den tilsvarande tildelinga for den Jugurthinske krigen, hadde folket gjennom forsamlinga gått i mot det som hadde blitt senatet sin tradisjonelle rett. Det er ingen grunn til å ikkje kunne halde som sannsynleg at både folket, riddarane og nobiliteten i senatet sette pris på Marius sine eigenskapar som general. Ein viktig del av argumentasjonen til Scullard er at det var folket som under denne krigen årleg både valde Marius og gav han provinsen. Scullard peikar på at folket dermed nekta å gi senatet høve til å forlengje kommandoen til Marius gjennom å gi han ein prokonsulær kommando.<sup>175</sup> Når det gjeld det andre konsulatet til Marius, så er det ikkje kjeldegrunnlag for dette, sidan Sallust fortel at det var senatet som gav han provinsen. Lintott argumerterer for at vi ikkje må utelukke at senatet kan ha vore einige i det han kallar dispensasjonen frå desse lovane om attval, både i 105 og igjen i 104.<sup>176</sup>

Her kan det passe å beskrive nokre viktige faktorar i konklusjonen om ei lojalitetsendring. Gabba argumerterer for at det var den samanhengande tenesta av fattige soldatar under generalar som ikkje blei skifta ut så ofte, som var starten på at bandet mellom soldatane og hærførar blei sterkare. Han argumerterer for at soldatane dermed etter kvart blir det militære klientellet til hærføraren. Dette er ifølgje Gabba ein ny type partron-klient relasjon som tek ei meir bindande form enn normalt, sidan soldatane avlegg ein lojalitetseid til generalne sine. Dette med eiden er noko som Gabba hevdar først dukkar opp i starten av det første hundreåret, men starten på denne

---

<sup>172</sup> Det hadde ikkje gått dei 10 åra som var lovpålagde av *Lex Villa Annalis*.

<sup>173</sup> Plut. *Mar.* 12.1-2.

<sup>174</sup> Sall. *Iug.* 114.

<sup>175</sup> Scullard 1970, 54.

<sup>176</sup> Lintott 1994, 95.

nye patron-klient realsjonen er altså noko som hender utover i det andre hundreåret.<sup>177</sup> Vi ser dermed at Marius ved sin popularitet fekk høve til å fortsette si karriere som øvstkommanderande for den romerske hæren. Han fekk dermed sjansen til å ha eit stendig samband med desse fattige soldatane.

Plutark kan fortelje at både Marius og hæren kom tilbake frå Afrika, og den 1. januar 104 gjekk han både inn i sitt andre konsulembete og feira ein triumf over Jugurtha.<sup>178</sup> I triumftoget blei Jugurtha vist fram i lenker. Det blei også vist fram krigsbytte, og dette kan gi oss ein peikepinn når det gjeld økonomisk motivasjon for å melde seg frivillig.

*In the triumphal procession there were carried, we are told three thousand and seven pounds of gold, of uncoined silver five thousand seven hundred and seventy-five, and in coined money two hundred and eighty-seven thousand drachmas.*<sup>179</sup>

Det viser då først og fremst at Numidia var eit land med store muligheter for krigsbytte. Der nemeleg ikkje sikkert at det som blei vist fram i triumftoget, gjekk til soldatane. Nicolet argumenterer for at det ser ut som om det var opp til den enkelte general om akkurtat denne delen av byttet skulle gjevest til soldatane eller statskassa.<sup>180</sup> Sidan vi ikkje har kjelder til dette, er det umogleg å vite.

### **Marius si rekruttering**

Når det gjeld Marius si rekruttering til denne krigen, har vi ingen kjelder til om han faktisk gjennomførte ei mònstring. Vi har heldigvis nok kjelder til at vi kan trekke ei rekkje slutningar om rekrutteringa. Det einaste sporet i kjeldene om soldatane si klasse, er ei kort linje hos Gellius. Aulus Gelius vart fødd mellom 125-128 e.v.t. Vi veit lite om han utanom det vi kan lære frå verket hans *Noctes Atticae*. Dette er ei samling noter og utdrag som Gellius gjorde medan han studerte ulike tema som filosofi, historie, juss og grammatikk. Gellius fortel at:

---

<sup>177</sup> Gabba 1976. 26-28..

<sup>178</sup> Romarane feira sigrar i strid med ei parade som gjekk til Jupiter Capitolinus sitt tempel. Det var strenge reglar for korleis denne paraden skulle gå føre seg. I paraden gjekk magistratane, senatet, den sigersrike generalen og hæren hans. OCD 1996. "triumph".

<sup>179</sup> Plut. Mar. 12.4.

<sup>180</sup> Nicolet 1980, 117-119 352-256.

*Gaius Marius is said to have been the first, according to some in the war with the Cimbri in a most critical period for our country, or more probably, as Sallust says, in the Jugurthine war, to have been the first to have enrolled soldiers from the capita censi, since such an act was unheard of before that time.*<sup>181</sup>

Gabba har tolka Gellius sitt første forslag til å beskrive den pro-marianske tradisjonen sitt forsvar for at Marius såg bort frå formuekravet. Ut frå dette synet prøvde dei å forsvare Marius med at det berre var den store faren Roma no stod overfor, som kunne få han til å bryte med prinsippet om formueklassene.<sup>182</sup> Det viktige her er at den viser implisitt at formuekravet også her blei sett bort i frå.

Frontinus kan fortelje at når Marius hadde valet mellom to hærstyrkar, der den eine hadde tent under P. Rutilius Rufus og den andre under Metellus og seinare under han sjølv, valde han Rutilius sine, trass i at det var færre av dei, fordi dei var meir disiplinerte.<sup>183</sup> I det siste avgjerande slaget i denne krigen siterar Plutark Sulla sine memoarar og oppgir styrken til Marius på 32 000 romerske og allierte soldatar.<sup>184</sup> Ut frå desse to kjeldene hevdar Brunt at Marius mest sannsynleg hadde 4 legionar under seg i Gallia i åra 104 til 102. Han hevdar at Frontinus viser at Rutilius mönstra ein standard konsulhær på to legionar, men grunnen til at den er mindre, er fordi den ikkje er oppe på den nye styrken som Marius sine hærreformer no gav legionane (sjå nedanfor). Han argumenterer for at det er sannsynleg at Marius tok med seg enkelte av Afrika-veteranane for å heve desse legionane opp til den nye storleiken. Brunt hevdar også at det er usannsynleg at Marius reiste til Gallia med ein styrke som var mindre enn den som hadde blitt utsletta ved Arusio, og sidan han vurderer den styrken som kjempa i dette slaget til 4 legionar, set han Marius si styrke til 4 legionar. Dette vil gå imot storleiken på den styrken Marius har med seg ved slaget som Plutark gir si framstilling frå. Brunt foreslår at løysinga på dette er at Plutark si utsegn om at Marius let 2 legionar vere igjen for å vakte Gallia Transalpina ikkje stemmer.<sup>185</sup> Dersom vi godtek Brunt sine berekningar over at Marius si styrke i denne krigen var på 4

---

<sup>181</sup> Gell. XVI. 10.14.

<sup>182</sup> Gabba 1976, 13 og 18.

<sup>183</sup> Frontin (?). *Str. IV. 2.2.* Sextus Julius Frontinus var ein romersk historikar som skreiv om emne som historie, administrasjon og vedlikehaldet av Roma sine akveduktar. I boka *Strategema* diskuterer han ulike teknikkar for militær kommando. Det er tvil om autensiteten til bok 4, men det har vorte argumentert for at tvilen kanskje kan vere ubegrunna. OCD 1996."Julius Frontinus, Sextus".

<sup>184</sup> Plut. *Mar. 25. 4.*

<sup>185</sup> Brunt 1971. 430-31. Plut. *Mar. 25.4* for den seinare styrken og 24.2 for styrken Marius henta frå Gallia. Brunt 1971. 685 for ratio av dei allierte som kjempa saman med Marius i dette slaget.

legionar, har vi berre kjelder til korleis dei 2 legionane han får frå Rutilius kom frå. Kjeldene er altså mangelfulle når det gjeld Marius si rekruttering.

Vi kan derimot trekke visse slutningar. Lintott si analyse av denne situasjonen er treffande. Han hevdar at på grunn av faren mot Roma var dette ein situasjon der alle restriksjonar på rekruttering og unntak frå tenesta blei sett bort frå. Dette blei gjennomført ved å erklære at Roma var i ein naudsituasjon på grunn av ein trugsel om angrep, noko som blei kalla *tumultus*. Cicero fortel at dei gamle romarane hadde to ulike typar for tumultus. Den eine var *tumultus Italicus* og den andre *tumultus Gallicus*.<sup>186</sup> Dette er ikkje nemnt i kjeldene, men det er godt mogleg, sidan vi kjenner liknande situasjonar frå den 2. Punarkrigen. Vi kjenner til at konsulen P. Rutilius Rufus etter slaget ved Cannae vedtok at ingen menn under 25 år skulle forlate landet.<sup>187</sup> Dette er ikkje i seg sjølv nok til å fastslå at *tumultus* var erklært, men saman med det faktum at Roma hadde lidd katastrofale tap gjennom heile si involvering med desse stammene, gjer det denne forklaringa sannsynleg. Vi veit også at det eine av desse tapa (Cannae i 105) hende etter dei problema vi såg Marius hadde med mònstringa i år 107. Det er på grunn av alle desse faktorane vanskeleg å førestille seg at mònstringa skulle vere basert berre på frivillig innrullering av dei fattige borgarane. Dei to legionane til Rutilius var truleg mònstra etter at han sjølv erklærte tumultus. Det er dermed stor muligkeit for at dette er utskrivne soldatar. Ut frå konklusjonen om eit lojalitetsskifte er det dei økonomiske motiva som er avgjerande når det gjeld årsaka til at dei fattige melder seg frivillig. Dette var ein krig der Italia og dei to galliske provinsane var truga av invasjon og utsiktene til krigsbytte må på det beste ha vore usikre. Slik situasjonen må ha framstått i år 105 og 104, er det vanskeleg å førestille seg at fattige borgarar skulle ha økonomiske årsaker til å melde seg frivillig.

Her må ein også ta med Mæhle sitt argument over at Marius ikkje ville støyte frå seg kjernen i legionshæren, altså borgarane frå 1.-3. klasse. Når det då gjeld dei styrkane som Marius mònstra sjølv, er det sannsynleg at han i stor grad sokte å rekruttere blant fattige framfor å støyte frå seg dei mektigaste delane av veljarskaren

<sup>186</sup> Lintott, 1994, 95; OCD 1996. "tumultus"; Cic:Phil. 8.3. Marcus Tullius Cicero, den berømte talaren, er ei av våre fremste kjelder til det poltiske livet i seinrepublikken. Han forfatta ei rekke verk, brev og talar om ulike tema. Etter Mæhle sin definisjon er han ei førstehanskjelde til seinrepublikken. OCD 1996. "Tullius Cicero (1), Marcus. The famous orator Cicero".

<sup>187</sup> GranLic 33.26. Granius Licinianus forfatta eit kompendium over romersk historie. Dette er annalistisk i form. Det meste av materialet er truleg henta frå Livius, men han kjende truleg også til verk av Sallust. OCD 1996. "Granius Licinianus".

sin. Det er mogleg at det var eit lite element av frivillige i denne styrka, til dømes enkelte av veteranane frå krigen mot Jugurtha.

### Hærreformer og ventetida i Gallia Transalpina

I litteraturen blir også andre reformer tilskrivne Marius si tid som konsul. Desse er det også viktig å gå igjennom, fordi også desse spelar inn på bandet mellom hærførar og soldatar.

Då Marius i år 104 fekk høyre at fienden var nær, kryssa han Alpane og la hæren sin i leir ved elva Rohne. Han tok grep for å sikre forsyningane sine ved å få hæren til å grave ein kanal som gav eit utløp til denne elva der større skip kunne kome inn med forsyningar, denne bar namnet *fossa Mariana*.<sup>188</sup> Det skulle vise seg at germanarane ikkje kom verken dette eller det neste året. Mange forskrarar legg ei rekke endringar i organiseringa av romarhæren til desse åra. Saman med mönstringa i 107 er det desse som blir sett på som Marius sine hærreformer.

Det er vanleg å tilskrive endringa i legionane sine mindre taktiske einingar til Marius og desse åra. Denne endra seg då frå manipell til kohort. Legionane var etter denne endringa delt inn i 10 kohortar, og 60 centuriar. Dermed blei dei taktiske einingane mykje større enn tidlegare sidan ein manipell var samansatt av to centuriar. Lawrence Keppie viser i sine undersøkingar at kohorten blir nemnd i kjeldene heilt frå den 2. Punarkrigen.<sup>189</sup> Han argumenterer for at det heller er sannsynleg at dei to ordningane eksisterte saman ei stund. Han hevdar at eit argument for å setje denne endringa til denne perioden, er at parallelt med at soldatane sin økonomiske status fell, utstyrte staten fleire og fleire legionærar, og det kom dermed ei standardisering av utstyr som var nødvendig for inndelinga i kohortar.<sup>190</sup> Kva syn forskarane har på rekrutteringa etter mònstringa i 107, spelar altså inn her.

Enkelte forskrarar hevdar også at saman med denne endringa blei storleiken på legionane endra til 6000 eller 6200 mann. Dermed blei kvar centurie på 100 mann og kvar kohort på 600. Ein av dei som argumenterer for dette er Brunt.<sup>191</sup> Keppie er ikkje

---

<sup>188</sup> Plut. *Mar.* 15. 1-3.

<sup>189</sup> Polyb. 2. 23.1

<sup>190</sup> Keppie 1987. 63-64.

<sup>191</sup> Brunt 1971, 687-93.

einig og viser til at studiar av hærar på seinare tidspunkt i republikken viser at dei var rundt 5000. Dette saman med at kohorten i keisartida var på 480.<sup>192</sup>

Marius er blitt gitt æra for å ha endra tradisjonen med å ha fleire forskjellige dyr som motiv for legionen sin standard. Etter Marius fekk kvar legion ei ørn i sølv som fast motiv på standarden. Dette førte at soldatane byrja å utvikle lojalitet til sin eigen legion. Han gav også bladet til kastespydet *pilum* eit nytt feste til skaftet i tre, som knakk etter første kast slik at fienden ikkje skulle kunne bruke det. Marius følgde eksempelet til Rutilius Rufus og gav sine menn grundig våpendrilling basert på metodane til gladiatorskulane. Han gjorde også legionane meir mobile ved å få soldatane til å bære sitt eige utstyr til fortifisering og liknande. Han endra også offiserskorpsset ved å ha 6 militærtribunar og 60 centurionar for kvar legion. Centurionane, som var erfarne veteranar, fekk dermed ei langt viktigare rolle i legionane. Desse blei då dei taktiske leiarane for dei vanlege fotsoldatane.<sup>193</sup> Plutark fortel at ein nevø av Marius, Casius Lusius, hadde ein kommando i denne hæren. Denne offiseren hadde i følgje Plutark ein veikskap for unge menn. Då han prøvde å voldta ein mann ved namn Trebonius, blei han drepen. I den påfølgjande krigsretten blei han frikjend av Marius. Denne hendinga har vorte tolka av Carney til å vise den nye statusen til centurionane og den minkande statusen til militærtribunatet. Plutark fortel også at barbarane var venta til våren, og at folket i Roma ikkje var villige til å risikere strid mot dei under nokon anna general. Plutark fortel om korleis nyhenda om desse to hendingane då dei nådde Roma, i stor grad hjelpte Marius til å vinne sit tredje konsulat.<sup>194</sup>

### Jordtildelingar til Numidia-veteranane

I 103 foreslo tribunen Lucius Appuleius Saturninus ei jordlov som hadde det formål å dele ut jord i Afrika til veteranane frå krigen i Numidia. Vi skal gå gjennom kjeldene til dette og diskutere ulike syn på kvifor desse jordtildelingane kom i stand. Vi skal også forklare korleis slike tildelingar blir vurderte i forhold til konklusjonen om ei lojalitetsendring.

Plutark fortel at germanarane heller ikkje kom i år 103, og Marius sitt konsulat gjekk nok ein gong mot slutten. Han fortel om korleis Marius måtte reise til Roma for

---

<sup>192</sup> Keppie 1987, 64-66.

<sup>193</sup> Scullard 1970, 58-59.

<sup>194</sup> Plut. *Mar.* 14. 3-6; Carney 1961, 32 n.162.

å arrangere konsulvala for år 102, sidan Marius sin konsul-kollega hadde døyd dette året. Han fortel også korleis tribunen Lucius Appuleius Saturninus nærast blei forført til å støtte Marius. Denne tribunen hadde, ifølgje Plutark, større innverknad over folket enn nokon annan tribun, og han skildrar korleis Marius vinn sitt 4. konsulat på grunn av denne innverknaden på folket.<sup>195</sup> Plutark skildrar ikkje ein vesentleg del av samarbeidet mellom Marius og Saturninus, nemleg jordtildelingane til Numidia veteranane.

Utdelinga av jord var ikkje noko Marius kunne gjere på eige initiativ. Han måtte gjennom ei forsamling få vedteke ei jordlov, altså ei *Lex Agraria*. På Marius si tid føregjekk nesten all lovgiving i tribeforsamlinga.<sup>196</sup> Frå pseudo-Aurelius Victor kan vi lese at Saturninus foreslo ei slik lov om tildelingar av jordlottar i Afrika til Marius sine veteranar i år 103 f.v.t. Desse skulle vere på 100 jugera kvar. Saturninus sin tribunkollega Baebius prøvde å bruke vetoet sitt mot dette forslaget, men blei jaga frå forsamlinga etter ein skur av steinar frå mobben.<sup>197</sup> Vi har også bevis i form av inskripsjonar for at det blei oppretta ein kommisjon for å administrere utdelinga av jordlottar til desse veteranane. Ut frå desse inskripsjonane kjänner vi til at senatorane C. Julius Cæsar og C. Julius Cæsar Strabo var blant dei som deltok i denne. Den første av dei to var far til Gaius Julius Cæsar og svoger til Marius.<sup>198</sup> Det er verd å merke seg at desse altså hadde familiære band til Marius, sidan han var gift med Julia.

Det desse tildelingane viser, er at bandet mellom veteranane frå krigen i Numidia og Marius heldt fram etter at tenesta var over og dei tidlegare soldatane var blitt sivile borgarar. Kvar kom i så fall initiativet til å gjere dette frå? Her har det i litteraturen blitt foreslått fleire forskjellige innfalls vindklar. Vi skal sjå nærmare på nokre av dei og diskutere dei kritisk.

Gabba ser det han kallar veteranproblemet saman med utviklinga av den profesjonelle hæren, og ser denne hendinga i lys av tidlegare romersk politikk. Behovet for å gi soldatar kompensasjon var noko som oppstod saman med utviklinga av eit behov for å ha soldatar som tenestegjorde over lengre periodar utanfor Italia. Men det var først i den perioden Gabba kallar den ”marianske” (107-100), at han vurderer dette som eit problem i ein større samanheng. Dette er fordi han

<sup>195</sup> Plut. Mar. 14.7-8

<sup>196</sup> Krarup 1971, 123.

<sup>197</sup> Vir ill. 73. *De viriis illustribus urbis romae* (om framståande menn) er gitt ut under navnet Sextus Aurelius Victor. Aurelius levde på 300-talet e.v.t. og var romersk magistrat. Det er likevel generell semje for at det ikkje er han som har skrive denne boka. OCD 1996. ”Aurelius Victor, Sextus”.

<sup>198</sup> Inscr. Ital. XIII 3, 6-7. OCD 1996. ”Iulius Caesar, Gaius”.

argumenterer for at dette problemet tek ein plass i kampane mellom dei politiske fraksjonane og må i framtida sjåast i direkte forhold til den rolla hären spelte i den politiske kampen. Når det gjeld denne spesifikke tildelinga, så argументerer Gabba for at sidan vi har kjelder til at det satt senatorar i denne kommisjonen, så var det ingen politisk strid rundt den. Han argumenterer også for at det er sannsynleg at riddarane heile tida støtta Marius sine politiske initiativ. Årsaka til denne harmonien var, ifølgje Gabba, at tildelingane ikkje rørte ved nokon av dei politiske stridsemna på denne tida, og var ein del av ein koloniseringspolitikk som hadde halde fram i Afrika etter G. Gracchus sin død. Dette var ein politikk som senatet ikkje var motstandar av. Gabba ser denne tildelinga i lys av dei løfta om løn Marius hadde gitt i valkampen til konsulatet i 107. Det var dermed ei kraftig oppmuntring til fattige om å melde seg frivillig. Han legg vekt på at desse fattige frivillige ikkje ønskte jord for å sikre seg ei sosial betring, dei såg på tenesta som eit yrke.<sup>199</sup> Det er eit problem i argumentasjonen hans at Gabba ikkje diskuterer verken opplysningane om at Baebius prøver å bruke vetoet sitt eller at han blir steina av mobben. Dette er noko som svekkar harmoniargumentet hans. Det er også ein veikskap at han bruker senatet når han diskuterer den eventuelle motstanden mot det. Når det gjeld motstand mot jordtildelingar gir det ikkje mening i å tale om senatet som ei homogen gruppe. Det er likevel viktig å forstå at den motstanden ein såg i delar av senatet når det gjaldt graccharane sine forslag, nok ikkje var mot slike forslag i seg sjølv. Ein stor del av motstanden mot graccharane sine forslag kom av økonomiske interesser i den romerske fellesjorda. Å gi slike tildelingar i provinsane var det derfor større politisk aksept for. Når det gjeld synet på at soldatane såg på tenesta som eit yrke, er det ingen spor i kjeldene av at dei melde seg frivillig til kampen mot germanerane. Eg har peika på at det har vore spekulert i at enkelte av dei blei brukt i krigen mot germanerane, men det er ingen kjelder til om dei gjorde det frivillig eller om dei blei tvinga. Tvert imot viser denne tildelinga nettopp at soldatane frå denne krigen gjekk tilbake til å vere sivile borgarar, men då busette i Afrika. Dermed gjekk soldatane tilbake til det sivile liv så snart dei fekk sjansen til det. Det vitnar ikkje om ei profesjonell haldning til miltærteneste.

Badian argumenterer for at dette var ein politisk effekt av at Marius, ifølgje Badian, la grunnlaget for den personleg rekrutterte profesjonelle hären. Han ser Saturninus sitt tribunat som eit første forsøk på å utnytte den organisierte støtta til

---

<sup>199</sup> Gabba 1976, 17 og 41.

hæren. Han peikar på at om Marius ikkje hadde tenkt på å sørge for dei soldatane han hadde leia og delvis rekruttert, noko han hevdar er lite truleg, så måtte problemet ha blitt tvinga på han no. Dette skuldast ifølgje Badian at Numidia veteranane ikkje var villige til å kjempe meir. Han argumenterer for at den framtidige rekrutteringa ville vere avhengig av at han innfridde dei forpliktingane han hadde ifølgje ein patron-klient relasjon. Han legg vekt på at Marius hadde gitt uttrykk for dette ved sine ord og handlingar i 107. Dermed ville dette for Marius spele inn på både resultatet av krigen og på hans framtidige politiske suksess. Det var derfor Marius søkte Saturninus si hjelp. Badian argumenterer for at Saturninus først søkte å blidgjere folket med ei kornlov før han prøvde å få til ei jordtildeling til veteranane. Han kjem også med den påstanden at det er mogleg at resten av folket skulle få del i dette, men peikar på at vi ikkje har kjelder til det. Resultatet blei ifølgje Badian at Marius fekk sitt konsulval frå takknemlege borgarar der veteranane var godt representert.<sup>200</sup> Jordtildelinga fungerte altså som ein inspirasjon til framtidig rekruttering samstundes som dei oppfylte dei moralske pliktene som følgde av ein patron-klient relasjon.

Ingvar Mæhle legg vekt på at Marius kunne bruke den breie folkelege støtta han hadde skaffa seg til å skape ein ny politisk kombinasjon mellom hærførar og folketribunar. Han peikar på at på denne måten kunne Marius gjere bønder av soldatar i staden for det motsette, som Graccharane hadde prøvd. Han argumenterer for at dette var tryggare for forslagsstillaren, sidan han då hadde mengder med veltrente veteranar i ryggen. Mæhle argumenterer for at sidan den ”belønninga” som ei jordtildeling var, blei gitt etter tenesta og til soldatar som ikkje hadde jord i utgangspunktet, kunne desse tildelingane lettare bli gitt utanfor Italia.<sup>201</sup> Argumentet om at desse veteranane ikkje hadde jord, er knytt til at dei dermed ikkje var like stadbundne som dei jordeigande bøndene og kunne dermed lettare flytte på seg. Det er likevel eit problem med dette. Det er heva over ein kvar tvil at soldatane som desse jordtildelingane gjaldt, ikkje var ei homogen gruppe. Ein kan oppsummere det slik: det var veteranar frå kanskje så langt tilbake som den første konsulen i denne krigen, veteranar rekrutterte av Metellus og til slutt av veteranar rekruttert av Marius. Det var også truleg allierte soldatar med. Dermed kunne hæren truleg ha inneheldt alt frå borgarar frå 1. klasse til den eigedomslause klassa, samt allierte som ikkje var borgarar i det heile. Brunt har imidlertid peika på at tenesta kunne føre til at dei fattigaste av borgarane kunne bli

---

<sup>200</sup> Badian 1959, 197-99 og 205.

<sup>201</sup> Mæhle 2004, 259.

ruinerte av lang teneste. Dei soldatane som ikkje hadde vorte rekrutterte av Marius, hadde potensielt vore i felten frå 111 til 105 f.v.t. Ein kan dermed tenkje seg at dette er noko som i stor grad har gjort seg gjeldande for enkelte av dei. Var dei av desse med familiar og eventuelle småbruk, enten dei var ruinerte eller ikkje, interesserte i å starte eit nytt liv i Afrika? Det viktigaste poenget med Mæhle sin argumentasjon i denne samanhengen er at den gir rom for å sjå Marius som ein genuin reformator.

Det er her viktig å ta opp ein konklusjon som står i ei rekkje oversynsverk om Roma. Vi kan illustrere det først med Michael Crawford i si bok *The Roman Republic*. Han skriv at *proletarii*, som håpte på jord frå graccharane sine lovforslag, no vart oppmuntra til å melde seg til teneste. Dei blei væpna av det offentlege og vakta ikkje no lenger over muren, byen og forumet, men over sine eigne interesser. Det dei ønskte seg aller mest var eit jordstykke etter dimmitering.<sup>202</sup> Ei liknande framstilling finn vi også i Erik Christiansen si bok *Romersk Historie*. Han skriv at Marius sin hær bestod av soldatar som følte seg personleg knytte til han og forventa ikkje berre siger, men løn etter dimmitering. Fordi desse i stor grad var vaksne bondesøner, forventa dei seg først og fremst eit stykke jord.<sup>203</sup>

Vi må understreke at det er lite kjeldegrunnlag for å slutte seg til at det allereie frå Marius si mønstring i 107 eksisterte forventingar om jordtildelingar blant dei fattige borgarane. Sallust fortel at det først og fremst er løfta om ei dyktig militær leiing, ein rask siger og rikeleg med krigsbytte som er årsakene til at dei fattige borgarane hadde late seg friste til å melde seg frivillig. Eit løfte om eit stykke jord ville ha vore eit kraftig stimulus for å trekke til seg frivillige, og ein kan dermed tenke seg at Marius ville ha brukt dette dersom det eksisterte slike forventningar. Det vi kan rekne som sannsynleg, er at Saturninus sine lovforslag skapte slike forventningar blant dei styrkane som gjorde teneste i krigen mot germanarane. Om det blei rekruttert nye soldatar etter desse tildelingane, noko vi ikkje har kjelder til, så kan vi gå ut i frå at også desse må ha følt slike forventningar.

Det er altså svært sannsynleg at motivasjonen for denne landtildelinga kom ovanfrå. Problemet med syna til Badian og Gabba er at desse går ut frå at rekrutteringa til krigen mot germanarane var frivillig. Dette har eg argumentert for er usannsynleg. Dermed står Mæhle sin innfallsvinkel igjen som treffande. Den passar også saman med det faktum at Marius hadde gjennomført andre reformer rundt hæren

---

<sup>202</sup> Crawford 1992, 126.

<sup>203</sup> Christiansen 1995, 104.

på denne tida. Innvendinga mot at ikkje heile denne styrken var frivillig, treng ikkje bety mykje i denne samanhengen. Det viktige er at Marius viste ei vilje til å ta opp problema som var knytte til den fallande potensielle soldatmassen. Sjølv om han samarbeidde med ein politikar som nytta *popularis*-metodar, og sjølv om vi har kjelder som viser at det var ein viss strid rundt røystinga over forslaga, treng vi ikkje slutte at det var nokon alvorleg strid rundt dette temaet, sidan dette forslaget var i samsvar med Roma sine lange tradisjonar om å opprette koloniar i provinsane.

### Krigen mot germanarane

I 102 skjedde det som romarane hadde frykta lenge. Dette året prøvde germanarane og keltarane å vandre inn i Nord-Italia på tre forskjellige stader. Plutark fortel at dei styrkane som Marius kontrollerte, verna Gallia Transalpina frå teutonarane og ambronarane, som prøvde å vandre gjennom den romerske provinsen langs kysten. Marius og hans legionar slo først ambronarane og sidan teutonarane ved Aquae Sextiae nordaust for det moderne Marseille. Dei sikra dermed denne provinsen mot trusselen frå vidare invasjon. I mellomtida hadde Q. Lutatius Catullus, Marius sin medkonsul dette året, som verna Gallia Cissalpina, måtte trekke seg tilbake over Po-elva frå kimbrarane som rykte inn i denne provinsen. Marius blei i år 102 vald til sitt 5. konsulat. Dette blir sett i lys av at trugsmålet om invasjon heldt fram, og dermed også behovet for Marius som general. Marius og Catullus rykte saman over Po-elva og møtte i 101 f.v.t. kimbrarane ved Vercellae. Dette året var Marius dermed konsul for femte gong. Her siterar Plutark Sulla sine memoarar og oppgir styrka til Marius som 32 000 soldatar. Han oppgir også styrken til Catullus, som Sulla tente under, til å vere på 20 300 soldatar.<sup>204</sup> Marius og Catullus sigra over germanarane og frigjorde dermed Roma frå det som blei oppfatta som eit stort trugsmål mot byen.<sup>205</sup>

Ut frå Plutark ser det ut til at det har oppstått ein krangel mellom Marius og Catulus om kven som var å takke for denne sigeren. Eit problem her er at Plutark siterer sjølv både Sulla og Catulus sine memoarar, og dermed viser han berre den eine sida av denne krangelen. Marius viste i alle tilfelle stor moderasjon, og delte den etterfølgjande triumfen med Catulus, noko han ikkje hadde trunge å gjere, sidan han var øvstkommanderande. Carney argumenterer for at Catulus sin reaksjon på denne

---

<sup>204</sup> Plut. Mar. 25. 4.

<sup>205</sup> Scullard 1970, 59-60.

gesten frå Marius førte til at det utvikla seg ein livslang fiendskap mellom desse to. Det er dessutan semje blant forskarane om at Catulus ikkje var noko dyktig som militær leiar, og at det nok var Marius som var ansvarleg for denne endelege sigeren.<sup>206</sup> Det ser i alle høve ut som om folket ikkje har brydd seg vidare om Catulus sitt krav, sidan Plutark kan fortelje at dette gav Marius ein prestisje som var utan sidestykke:

*Above all, the people hailed him as the third founder of Rome, on the ground that the peril which he had adverted from the city was not less than that of the Gallic invasion.*<sup>207</sup>

Det er viktig å framheve den prestisjen dette gav Marius. Scullard ser dette i samanheng med den frykta for gallarane som låg i den romerske psyken etter at dei plyndra Roma i år 390. Han argumenterer for at dette saman med at dei romerske hærane gong på gong hadde lidd nederlag mot dei germanske stammene, må ha bygd opp under denne frykta og ikkje minst takksemda til folket etter at Marius klarte å nedkjempe kimbrarane.<sup>208</sup>

Når det gjeld krigsbyttet er det ikkje mange framstillingar i kjeldene. Det er dermed vanskeleg å danne seg eit generelt bilet av dette sidan vi ikkje har noka totalvurdering, slik vi fekk det frå Sallust om den jugurthinske krigen. Etter slaget ved Aquae Sextiae fortel Plutark at:

*The Romans pursued them and either took alive over a hundred thousand of them, besides making themselves masters of their tents and waggons, and property, all of which, with the exception of what was pilfered, was given to Marius by the votes of the soldiers. And though the gift that he received was so splendid, it was thought to be wholly unworthy of his services in the campaign, where the danger that threatened had been so great. There are some writers, however, who give a different account of the division of the spoils, and also of the number slain.*<sup>209</sup>

<sup>206</sup> Carney 1961, 38-39; Plut. Mar. 26 og 27.

<sup>207</sup> Plut. Mar. 27. 5. Byen Roma hadde blitt innteken og plyndra av gallarar i år 390.

<sup>208</sup> Scullard 1970, 60.

<sup>209</sup> Plut. Mar. 21. 2-3.

Vi ser ut frå Plutark si framstilling at det blei tatt ein del fangar. Sidan dei ikkje er nemnde eksplisitt i gava til Marius, er det mogleg at desse blei ein del av krigsbyttet til soldatane som slavar. Plutark fortel at etter slaget ved Verecallae:

*Now, the enemy's property became the booty of the soldiers of Marius, but the spoils of the battle, the standards, and the trumpets, were brought, we are told to the camp of Catullus.*<sup>210</sup>

Catulus bygde seinare ein søylegang av det byttet han fekk etter krigen.<sup>211</sup> Dette var også ein måte for han til å hevde sin rett til sigeren i krigen på.

### **Jordtildelingane til veteranane frå krigen mot germanarane**

Etter krigen mot germanarane blei hæren til Marius demobilisert. Vi har vist ved at det ved jordtildelinga i 103 er svært mogleg at motivasjonen for å få i stand tildelinga kom frå generalen Marius. Vi har også argumentert for at det på grunn av den jordtildelinga oppstod forventningar i hæren om å få slike tildelingar. Ved å sjå på hendingane rundt jordtildelingane som fann stad i år 100, kan vi vurdere vidare følgjene av at bandet mellom soldatane og generalen heldt etter at soldatane var dimmiterte og korleis dette blir vurdert både i kjeldene og i litteraturen.

Plutark fortel oss at Marius stiller til val til sitt 6. konsulembete for år 100. Han fortel at Marius er like ivrig etter dette embete som han var etter sitt første. Plutark fortel at Marius sine ambisjonar førte til at han kom i konflikt med alle aristokratane og spesielt sin gamle patron Metellus:

*Accordingly, he schemed to banish Metellus from the city. For this purpose he allied himself with Saturninus and Glaucia, men of the greatest effrontery, who had a rabble of needy and noisy fellows at their beck and call, and with their assistance would introduce laws. He also stirred up the soldiers, got them to mingle with the citizens in the assemblies, and thus controlled a faction which could overcome Metellus. Then, according to Rutilius, who is generally a lover of truth and an honest man, but had a private quarrel with Marius, he actually got his sixth consulship by paying down*

---

<sup>210</sup> Ibid. 27. 4.

<sup>211</sup> Cic. Dom. 102.

*large sums of money among the tribes, and by buying votes made Metellus lose his election to the office...<sup>212</sup>*

Mæhle har påpeikt at Plutark er blind i forhold til at Marius trøng å vere i ein maktposisjon for å kunne løna desse veteranane.<sup>213</sup> Dette var nok også ei viktig årsak til Marius sin allianse med Saturninus. Lintott har tolka desse hendingane til at soldatane stemte på både Saturninus og Marius. Han ser det som sannsynleg at skuldingane om korruption stammar frå at Marius måtte ha distribuert krigsbytte frå kimbrarane til soldatane.<sup>214</sup> Vi såg at Marius, ifølgje Plutark, gjorde nettopp dette. Mæhle har peika på at han under triumfen truleg hadde delt ut pengar til folket og at dette faktisk var i tråd med tradisjonane. Han argumenterer for at det er mogleg at det er dette Plutark har sikta til, og at han dermed har tolka kjeldene sine feil.<sup>215</sup> Med tanke på Marius sin popularitet og at han dette året skulle jobbe for å sikre veteranane sine jord, er det tvilsamt om at han trøng å bestikke nokon for å bli valt til konsul. Vi bør vere forsiktige med å legge stor kjeldeverdi i denne opplysningsa frå Plutark. Det er sannsynleg å tilskrive dette Plutark sitt generelle tema om å ikkje vere nøgd med sin eigen nåverande posisjon. Tek vi til etterretning at Plutark er blind for at Marius trøng dette konsulatet, så kan ein tenke seg at Plutark vurderer Marius å vere motivert av malplasserte ambisjonar.

Når det gjeld røystene til soldatane, kan desse truleg ha påverka Saturninus sitt val i tribeforsamlinga. Dette skuldast det at eit velluka val i den forsamlinga var avgjort av eit fleirtal av tribene. Vi har argumentert for at Marius sine styrkar i stor grad var frå landet og dermed var registrerte i dei 31 landtribene. Dersom eit stort nok tal av desse var i Roma på valldagen, kunne dei i stor grad avgjere utfallet av eit val i denne forsamlinga. Det er mindre truleg at dei har påverka Marius sitt val i centurieforsamlinga. Mæhle har argumentert for at deira innverknad i denne forsamlinga i stor grad kom an på forholdet mellom fattige og middelklassa i Marius sin hær, kor langt ned i klassene avrøystinga gjekk og om dei fattige eventuelt forlangte å få røyste i 1. og 2. klasse eller fann seg i å røyste i den siste. Han argumenterer også for at soldatane sin innverknad på valet har vore meir indirekte gjennom å gjere inntrykk på veljarane med historier frå krigane og gjennom sitt

---

<sup>212</sup> Plut. *Mar.* 28, 1-5.

<sup>213</sup> Mæhle 2004, 262.

<sup>214</sup> Lintott 1994, 97

<sup>215</sup> Mæhle 2004, 263.

positive syn på generalen sin.<sup>216</sup> Den populariteten som Plutark skildrar han naut i Roma, er viktig her i forhold til den delen av borgarmassen som ikkje var direkte assosiert til han.

He passar det å peike på det enkelte forskalar kallar den politiske effekta av veteranspørsmålet. Gabba legg vekt på at desse hendingane viser den moglege politiske effekta av dette spørsmålet. Han argumenterer for at Saturninus sine lovforslag gjekk utover det å sørge for landtildelingar til veteranane til Marius. Han argumenterer for at det var Saturninus sitt mål å få desse landlege borgarane over på si side for å gi han støtte i kampen mot det herskande oligarkiet.<sup>217</sup> Dette synet blir også delt av Badian, som argumenterer for at Saturninus hadde forma ein koalisjon av riddarane, plebeiarane, italienarane og ein fraksjon frå nobiliteten. Han argumenterer for at Marius sine soldatar skulle gi denne koalisjonen væpna støtte. Han legg vekt på at det er ingen som hevdar at Marius på noke som helst slags tidspunkt vurderte å bruke soldatane sine for å kontrollere Roma. Han argumenterer heller for at det var den prestisjen Marius ville få gjennom å ha eit stort klientell som ville gjere at han var i stand til å overgå dei andre medlemmane av aristokratiet i autoritet.<sup>218</sup>

Broughton peikar på at vi har kjelder til at Saturninus la fram tre lovforslag dette året. Det første gjaldt ei lov som sette ein låg pris på sal av korn. Det er ein debatt om ein skal plassere denne lova til år 103 eller 100. Det andre var eit lovforslag om å opprette ein rekke koloniar. Det siste var om utdeling av jord til Marius sine veteranar.<sup>219</sup> Appian kan fortelje korleis Saturninus i år 100 legg fram eit forslag til denne jordlova. Han fortel at formålet var å dele ut den jorda i Gallia som hadde tilhørt kimbrarane. Han fortel vidare om at det i dette forslaget var ein klausul som kravde at senatorane innan fem dagar skulle sverja ein eid på å underkaste seg denne lova. Dei som ikkje gjorde dette, skulle både miste senatorverdigheita si og betale ei bot på 20 talent.

*Such was the proposed law. Saturninus appointed the day for holding the comitia and sent messengers to summon from the country districts those in whom he had most*

---

<sup>216</sup> Ibid, 263.

<sup>217</sup> Gabba 1976, 41-42.

<sup>218</sup> Badian 1958, 200-204.

<sup>219</sup> MRR 2, 575-78.

*confidence, because they had served in the army under Marius. As the law gave the larger share to the Italian allies the city people were not pleased with it.*<sup>220</sup>

Sidan det er sannsynleg at dei fleste av Marius sine veteranar frå krigen mot Jugurtha hadde slått seg ned Afrika, kan vi vere rimeleg sikre på at desse personane som Appian omtalar som borgarane frå landet, er Marius sine veteranar frå krigen mot kimbrarane. Vi kan slutta frå det at forslaget skulle gi noko til italienarane, at Marius sine allierte hjelptroppar også skulle få jordlottar ved denne lova. Ifølgje Plutark gav Marius 1000 menn frå Camerinum romersk borgarskap for tapper opptreden i strid.<sup>221</sup> Desse to opplysningane kan tyde på Marius også var opptatt av å sørge for dei allierte hjelptroppane sine.

Den eiden som Appian skildrar, er viktig fordi den viser at Marius og Saturninus venta seg motstand mot dette forslaget. Plutark si forklaring er utfyllande til Appian si på dette punktet:

*Then, as a tribune, Saturninus introduced his agrarian law, to which was added a clause providing that the senators should come forward and take oath that they would abide by whatsoever the people might vote and make no opposition to it.*<sup>222</sup>

Mæhle argumenterer for at det er uklart kva som var Marius si hensikt med denne eiden, men det er klart at senatorane må ha forstått at Marius ikkje ville akseptere ei annullering av lova på grunn av ei illegal prosedyre.<sup>223</sup> Appian fortel at når det kom til dagen for å røyste over forslaget, jaga Saturninus ned alle dei tribunane som talte i mot forslaget frå talarstolen. Veljarane frå byen svarte med å rope at det hadde torna.<sup>224</sup> Når Saturninus trass i dette ville tvinge avrøystinga igjennom, braka borgarane frå landet og byborgarane saman i eit regelrett gateslag. Borgarane frå landet vann fram og tvinga avrøystinga over lovforlaget gjennom.<sup>225</sup>

---

<sup>220</sup> App. BCiv. 1.29.

<sup>221</sup> Plut. Mar. 28. 2.

<sup>222</sup> Plut. Mar. 29.1.

<sup>223</sup> Mæhle 2004, 265.

<sup>224</sup> Eit därleg varsel, og dermed måtte forsamlinga avbrytast. Lintott legg vekt på at ein magistrat fram til dette hadde stor diskresjon i å både rapportere og gjenjenne därlege varsel. Han hevdar dette satte eit farleg eksempel for ettertida. Lintott 1994, 100.

<sup>225</sup> App. BCiv. 1.30

Det at veteranane var villige til å bruke vald for å få igjennom dette forslaget, kan ikkje bety noko anna enn at det var dei som var meint som mottakarar. Vi ser også at jordlova liknar på jordlova i 103 i og med at det også der blei gitt jordlotter i det området der soldatane hadde kjempa. Ein ser ved desse kampane også korleis veteranane er direkte involvert i å kjempe for si sak. Når det gjeld forventningar, har vi argumentert for at det er sannsynleg at dei har oppstådd på grunnlag av dei vellukka landtildelingane i 103. Når det er sagt, treng ikkje det at veteranane er villige til å bruke vald, å vere eit uttrykk for forventningar. Det kan vere eit raseri over korleis byplebeiarane prøvar å frårøve dei det som Saturninus ved sitt forslag vil gi dei.

Etter at kampane om lova skulle det stå ein ny kamp i senatet om den eiden som Plutark og Appian framstilte. Desse to skil seg også i framstillinga over desse hendingane. Ifølgje Plutark dreiv Marius eit dobbeltspel det han først motsette seg eiden, og når dagen så kom, sverja han å følgje lova. Til trass for at dei andre senatorane var bitre ovanfor Marius, sverja også dei å respektere lova fordi dei ifølgje Plutark frykta folket. Berre Metellus nekta å avleggje denne eiden. Dette førte til at han blei landsforvist:

*Upon this, Saturninus got a vote passed that the consuls should proclaim Metellus interdicted from fire, water, and shelter; and the meanest part of the populace supported them and was ready to put the man to death.*<sup>226</sup>

Appian fortel at når dagen for sverjinga av eiden kom, sa Marius at han ville sverje eiden fordi han var redd for folket og håpte på at han ved å sverje han ville roe ned og spreie veljarane frå landet.<sup>227</sup> Etter at Metellus hadde nekta å sverje eiden, kan Appian fortelje at:

*Saturninus proceeded against him at once on the next day. He sent an officer for him and dragged him out of the senate-house. As the other tribunes defended him Glaucia and Saturninus hastened to the country people and told them that they would never get the land, and that the law would not be executed, unless Metellus were banished. They proposed a decree of banishment against him and directed the consuls to*

---

<sup>226</sup> Plut. Mar. 29. 2-8.

<sup>227</sup> App. BCiv. 1. 31.

*interdict fire and water and shelter to him, and appointed a day for the ratification of this decree.*<sup>228</sup>

Både Appian og Plutark fortel at då byborgarane ville kjempe for Metellus, reiste han frivillig i eksil for å hindre fleire utbrot av vald.<sup>229</sup> Mæhle argumentera for at dette førte til at konflikta mellom Saturninus og senatet var blitt uforlikeleg. Han argumenterer for at Marius prøvde å støtte seg til begge partar, og naut derfor ingen av dei sin tillit.<sup>230</sup> Dette førte ifølgje Plutark til at:

*And now Marius, who was forced, in return for this assistance, to look on quietly while Saturninus ran to extremes of daring and power, brought about unawares a mischief that was not to be cured, but made its way by arms and slaugther directly towards tyranny and subversion of the government.*<sup>231</sup>

Ravnå har peika på at det på 60-talet f.v.t. ser ut som om det eksisterte ein positiv Saturninus-tradisjon hos folket. Han argumenterer for at Saturninus kan ha vore eit symbol på veljarane sine rettar i motsetning til det monopolet som senatelen prøvde å oppretthalde.<sup>232</sup> Dermed bør vi vere varsame med å godta Plutark si framstilling over Saturninus sine motiv.

Appian kan fortelje at då Saturninus sørgde for å drepe ein kandidat til konsulvala for år 99, oppstod det væpna kampar inne i byen Roma:

*The assembly was broken up in terror. Neither laws nor courts nor sense of shame remained. The people ran together in anger the following day intending to kill Apuleius, but he had collected another mob from the country and, with Glaucia and Gaius Saufeius, the quaestor, seized the Capitol. The Senate voted them public enemies. Marius was vexed; nevertheless he armed some of his forces reluctantly, [...]*

---

<sup>228</sup> Ibid, 1. 31.

<sup>229</sup> App. BCiv. 1. 31-32; Plut. Mar. 29. 7-8.

<sup>230</sup> Mæhle 2004, 265.

<sup>231</sup> Plut. Mar. 30. 1.

<sup>232</sup> Ravnå 1999, 100-102.

Appian fortel at Marius og desse mennene omringa Saturninus og tilhengjarane. Ifølgje Appian ville ikkje Marius drepe leiarane blant Saturninus og tilhengjarane, og samla dei i staden i rådhuset. Då klatra ein mobb opp på taket av bygningen og kasta taksteinar heilt til dei hadde klart å drepe dei.<sup>233</sup> Plutark legg også vekt på at det var Marius sine soldatar som var med på å nedkjempe Saturninus:

*However, when the senate and the knights began to combine and give utterance to their indignation, he led his soldiers into the forum, forced the insurgents to take refuge on the Capitol, and compelled them to surrender for lack of water.*<sup>234</sup>

Det er eit viktig spørsmål om dei borgarane som Appian omtalar som borgarane frå landet, er Marius sine veteranar. Vi legg merke til at Appian, trass i at han peikar på at Saturninus sende bod etter borgarane frå landet fordi dei hadde tent under Marius, gjer eit skilje når han skildrar kampane på Capitol mellom ”mobben frå landet” og ”Marius sine styrkar”. Dette, saman med at det er vanskeleg å sjå for seg at dei gamle soldatkameratane skulle vere villige til å kjempe mot kvarandre, gjer at Saturninus også må ha henta inn landlege borgarar som ikkje hadde gjort militærteneste under Marius. Vi ser dermed at Marius og enkelte av veteranane hans, på senatet si ordre, var delaktige i å knuse den same politikaren som hadde skaffa dei det dei ønska.

Det har vore ein debatt om kva som hende med lovforslaga som gjaldt veteranane, men det ser ut som at det i seinare tid er semje om at dei fleste av dei faktisk blei gjennomført.<sup>235</sup> Crawford argumenterer for at Marius måtte ha fått lovnadar frå senatet om at Saturninus sine lovforslag som gjaldt veteranane, skulle få stå før Marius nedkjempa han.<sup>236</sup> Dette verkar for meg som ei logisk forklaring på Marius sine handlingar, og ikkje minst på handlingane til dei veteranane som blei med han. Det har også blitt peika på av mange forskrarar at Marius på eit tidspunkt må ha følt at Saturninus gjekk for langt. Carney argumenterer for at Marius hadde sørgt for at landtildelingane hadde vorte gjennomført tidleg dette året. Han argumenterer for at årsaka til at Marius vendte seg mot Saturninus, var at Marius hadde støtta si i dei landlege plebeiarane og blant romerske og italienske riddarar. Saturninus hadde først og fremst si eiga støtte blant by-plebeiarane. Valden rundt jordtildelinga viser at desse

---

<sup>233</sup> App BCiv. 1. 32.

<sup>234</sup> Plut. Mar. 30. 3.

<sup>235</sup> Gabba 1976, 42 n.167; Badian 1958, 210. Carney 1961, 44 n.205. Lintott 1994, 102.

<sup>236</sup> Crawford 1992, 127.

ikkje sto på god fot med dei landlege plebeiarane. Dette, saman med at Marius hadde ein respekt for konstitusjonen og aristokratiet, førte til at han var villig til å gjere dette. Carney argumenterer også for at Saturninus sine handlingar kunne føre til at lovene om landtildeling og koloniar kunne bli annullert.<sup>237</sup>

Kan vi dermed som Gabba og Badian sjå på desse hendingane som den politiske effekten av veteran tildelingar som kjem som følgje av det nye forholdet mellom fattige soldatar og generalar? Det er mogleg at ei av dei viktigaste årsakene til at Marius veljer å søke eit 6. konsulat, er eit ønske om gi jord til veteranane sine. Eit problem med dette er at det ikkje er klart ut frå kjeldene om Marius sine veteranar gir noko støtte til dei to politikarane utover det å kjempe det forslaget som gagna dei sjølve. Sherwin-White hevdar at det å sjå Marius som den første politiske generalen, nesten er ein anakronisme. Han hevdar at på dette stadiet i romersk historie er verken generalane eller soldatane ville til å støtte kvarandre med vald i den sivile sfæra. Han legg vekt på at det er som sivile borgarar at veteranene utmerker seg dette året. Han argumenterer for at poenget med Marius sine handlingar ikkje er at han bad veteranane sine om å støtte sine interesser, men at han støtta deira interesser. Han legg vekt på at det han kallar dei marianske hærreformene først tok ei illevarslande retning etter at ein general bad troppane sine om å hjelpe han mot senatet og folkeforsamlingane. Dette, hevdar han, hende frå og med 88 og dermed først etter Roma sin krig mot sine italienske allierte.<sup>238</sup> Her må ein peike på at Gabba, Badian og Carney argumenterer for at prosessen som gjorde hæren til profesjonell, ikkje er ferdig. Dei definerer heller ikkje hæren på dette tidspunktet som ein privat hær. Dei argumenterer ikkje for at Marius med sine reformer skapte den private hæren. Dette er noko ein kan lese i ymse grunnbøker, som t.d. Christiansen. Dei tre førstnemte forskarane legg vekt på at Marius la grunnlaget for dette ved enten å skape eller fullføre prosessen med omorganiseringa frå ein borgarhær til ei styrke rekkruttert av fattige frivillige borgarar. Alle tre argumenterer for at det var først etter Roma sin krig mot sine italienske allierte at denne profesjonelle hæren skulle verte ein privat hær. Dei ser altså desse hendingane som ein verknad av at dei romerske hærane etter år 107, ifølgje dei, består av rekruutar av fattige frivillige.<sup>239</sup> For å fortsette undersøkinga

---

<sup>237</sup> Carney 1961, 42-44.

<sup>238</sup> Sherwin-White 1956, 5.

<sup>239</sup> Gabba 1976, 20-69; Badian 1958, 197-236; Carney 1961, 26-56; Christiansen 2002, 104.

av det dei framhevar som ein prosess, skal vi derfor undersøkje karrieren til den politikaren som blir framheva som den andre av dei store generalane i seinrepublikken, Lucius Cornelius Sulla Felix.

## Cornelius Sulla

### Tidleg karriere

Blant forskarar som argumenterer for eit lojalitetsskifte, er det semje om at dette ikkje blei endeleg bevist for romarane før Lucius Cornelius Sulla i år 88 starta ein borgarkrig ved å gå mot byen Roma, for å få omgjort eit vedtak som tok frå han kommandoen i krigen mot Mithridates av Pontus. For fullt ut å kunne diskutere dei hendingane som finn stad under Sulla sin høgare politiske karriere, blir det som hos Marius nødvendig å sjå nærare på både bakgrunnen og den tidlegare politiske karrieren hans. Eit sentralt spørsmål som gjeld heile karrieren hans, er korleis Sulla ifølgje kjeldene såkte å gjere seg populær blant soldatane han hadde kommandoen over. Enkelte av kjeldene hevdar at Sulla gjorde dette medvite for å prøve å erstatte Marius som leiar for hæren. Desse blei også etter kvart bitre fiendar, noko vi skal sjå nærare på. For å få svar på om dette er korrekt, må vi studere personen Sulla og den tidlege politiske og militære karrieren hans. Ved å gjere dette får vi også høve til å sjå på 90- og det tidlege 80-talet, og på hendingar som verkar inn på tilhøve i den militære organiseringa. Fremst av desse er spørsmålet om borgarrett til Roma sine italienske allierte.

Sulla tilhøyrde ein gammal patrisisk familie som ikkje hadde utmerkt seg ved å oppnå konsulat på mange år. Den mest berømte av familiens sine forfedre var P. Cornelius Rufinus, som var konsul i 290 og 277 og diktator i 285. Rufinus blei dømd for å ha for stor formue og blei derfor notorisk som døme på dei tidlege romarane sin myteomspunne pietisme. Arthur Keaveney argumenterer for at dette kan ha ført til at familiens opplevde eit politisk fall, og dei får i alle fall ingen konsular i familiens etter dette før Sulla sjølv blir det.<sup>240</sup>

Sallust fortel kort om Sulla i *Den jugurthinske krigen*. Han fortel at Sulla var ein kjennar av både gresk og latinsk litteratur, og at han hadde store åndelege gåver. Keaveney sluttar av det Sallust fortel at Sulla må ha fått ei klassisk utdanning og at familiens av den grunn var velståande.<sup>241</sup> Dette gjer han trass i at både Sallust og Plutark framstiller familiens til Sulla som fattig. Plutark fortel nemleg at Sulla var så fattig at han måtte bu i ein vanleg bygard i Roma med ein frigjeven slave som nabo.

---

<sup>240</sup> Plut. *Sull.* 1.1; Keaveney 1982, 1.

<sup>241</sup> Sall. *Iug.* 95; Keaveney 1982, 7.

Keaveney sluttar saman med opplysningane vi får frå Sallust og pseudo-Aurelius Victor, at Sulla måtte ha blitt fattig etter at faren døydde, enten fordi han skusla bort pengane eller fordi Sulla og faren vart uvener.<sup>242</sup> Det er viktig å påpeike at det her, som med Marius, er snakk om ein relativ fattigdom. Sulla var ute av stand til å leve som ein aristokrat og blir dermed ruinert i ein klassemessig forstand. Keaveney peikar på at dette fører til at Sulla ikkje kunne gjennomføre militärtenesta som *eques*, og dermed var han heller ikkje kvalifisert til å byrje på den politiske karrierestigen.<sup>243</sup> At Sulla ikkje gjorde ein tidleg militärteneste, blir styrka av Sallust si utsegn om at når han endeleg starta på karrieren sin, var han heilt ukyndig eller heilt uvitande når det gjaldt militære spørsmål.<sup>244</sup> Dette var likevel noko som ikkje skulle vare. Plutark fortel om korleis to hendingar fører til at Sulla endar opp med visse midlar:

*He began by loving a common but wealthy woman, Nicopolis by name, and such was the charm of his intimacy and youthful grace that in the end he was beloved by her, and was left her heir when she died. He also inherited the property of his step-mother, who loved him as her own son. By these means he became moderately well off<sup>245</sup>.*

Han fekk dermed dei midlane han trong til å byrje ein politisk karriere. Keaveney dreg den slutninga at det på denne tida ser ut til at det var mogleg å stille til val til kvestorembete utan militær erfaring så lenge ein hadde fylt 30 år.<sup>246</sup> Dette er ei rimeleg forklaring på korleis Sulla til trass for at han ikkje hadde utført militärtenesta, kunne gjere nettopp dette.

Vi har allereie vore inne på korleis Sulla gjorde teneste under Marius som kvestor. Det er likevel eit par viktige hendingar og spørsmål knytt til dette som vi ikkje har teke opp. Under Sulla si tid som kvestor ser vi dei første framstillingane i kjeldene om at Sulla prøver å gjere seg populær blant soldatane. Dette er noko som i større eller mindre grad er akseptert av forskrarar i nyare tid. Mot slutten av Sulla si embetstid finn vi også det som skulle vise seg å vere byrjinga på uvenskapen mellom dei to politikarane.

---

<sup>242</sup> Plut. *Sull.* 1. 3-4; *De Vir. Illust.* 75; Keaveney 1982, 7-8.

<sup>243</sup> Keaveney 1982, 8.

<sup>244</sup> Sall. *Iug.* 96.

<sup>245</sup> Plut. *Sull.* 2.4.

<sup>246</sup> Keaveney 1982, 12.

Vi kjenner til frå Sallust at Marius let Sulla vere att for å samle kavaleriet som Marius mangla for å kunne føre ein effektiv krig i Numidia. Keaveney stiller eit viktig spørsmål når han undrar seg over at Marius, ein erfaren soldat, let Sulla få denne viktige oppgåva trass i at han ikkje hadde nok tidlegare militær erfaring. Han føreslår at Marius kanskje såg eit militært talent i Sulla, og at det var denne vurderinga som fekk han til å gjere dette.<sup>247</sup> Med tanke på dei eigenskapane som Sulla demonstrerer seinare, er dette noko som er freistande å akseptere.

Når Sulla i 106 slutta seg til hæren i Afrika, fortel Sallust om korleis Sulla både ved sin karakter og sine handlingar gjorde seg populær innanfor hæren. Dette er noko som Keaveney aksepterer. Han argumenterer også for at dette var noko Sulla skulle halde fram med å gjere i alle dei embata der han hadde kommandoen over soldatar.<sup>248</sup> Sallust si fremste kjelde til Sulla si tid i denne hæren er nok Sulla sine eigne memoarar. Dette er noko Keaveney ikkje tek med i argumentasjonen sin. Eit viktig poeng er at Sallust i *Jugurtha* peikar fram mot borgarkrigen mellom Marius og Sulla. Sulla skulle bli berykta for å ha lojale soldatar ved sin marsj mot Roma. Dette er noko som truleg har farga både Sallust og dei andre antikke framstillingane av den tidlege karrieren hans. Ein bør derfor vere forsiktig i vurderinga av kjeldeverdien i slike framstillingar.

Sulla hausta med denne krigen si første militære erfaring og gjorde seg kjend langt utover det som må ha vore normalt for ein kvestor gjennom sitt diplomatiske kupp som sikra romarane Jugurtha. I både *Marius* og *Sulla* skildrar Plutark korleis desse to vart uvener på grunn av det etterspelet dette diplomatiske kuppet fekk. Han fortel at Sulla blei oppmuntra av Marius sine fiendar til å ta æra for å gjere slutt på krigen mot Jugurtha. Ifølgje Plutark var dette for at folket skulle slutte å beundre Marius. Han fortel at Sulla greip denne sjansen fordi han endeleg kunne vere i søkjelyset, og fordi han var hovmodig. Sulla fekk av den grunn lagd ein ring som viser korleis kong Bocchus overleverer Jugurtha til han. Ifølgje Plutark følte Marius at å reagere på dette ville vere under hans verdigkeit, sidan Sulla stod så mykje lågare enn han sjølv i status. Han fortel om korleis Marius tok med seg Sulla som legat i sitt andre konsulembete, og som militærtribun i sitt tredje. Keaveney peikar på at denne hendinga nok er starten på det som skulle bli ein bitter uvenskap mellom desse to,

---

<sup>247</sup> Ibid, 14.

<sup>248</sup> Sall. *Iug.* 96; Keaveney 1982, 16-17.

trass i at Marius tek med seg Sulla som legat i krigens mot germanarane.<sup>249</sup> Motivet der Bocchus gir Jugurtha til Sulla er avbilda på ein rekkje myntar som vi har frå antikken. Dermed er vi i den heldige situasjonen at vi kan byggje opp under Plutark si framstilling med ikkje-skriftlege kjelder.<sup>250</sup>

Som legat i 104 reiste Sulla saman med Marius til Gallia Transalpina. Plutark fortel at han der gjorde ein ende på opprøret til den galliske stamma tektosagarane ved å fange leiaren deira, Coppillus. Plutark fortel også at han året etterpå, då som militærtribun, overtalte stamma marsarane til å bli vener og allierte med Roma. Denne stamma var ei av dei germanske stammene som hadde vore med i den store folkevandringa.<sup>251</sup> Sulla klarte såleis å svekkje Roma sine fiendar, sidan det blei ei mindre stamme å kjempe mot.

I 102 slutta han seg til Marius sin medkonsul Q, Lutatius Catulus. Ifølgje Plutark følte Sulla at Marius blei misunneleg på han, og at han dermed ikkje lenger ville gi han høve til å utmerkje seg.<sup>252</sup> På grunn av den populariteten og det gode ryktet Marius hadde på denne tida er det særslig usannsynleg at han skulle ha nokon grunn til å sjå ein rival i Sulla. Keaveney har tolka dette slik at Sulla kunne ha følt at han trong militær suksess for å byggje opp under sine sjansar til å vinne politiske embete, og han dermed kan ha følt at han blei mindre synleg under ein så berømt mann som Marius. Sulla byrja derfor å ytre slike meininger som vi ser i Plutark. Keaveney sluttar at dette, i tillegg til at Catulus ikkje hadde nokon vidare militære eigenskapar, var årsaka til at Marius let Sulla gjere dette. Badian argumenterer for at Sulla truleg blei send dit av Marius for å vere militær rådgivar for Catulus.<sup>253</sup> Under Catulus opplevde Sulla den lange tilbaketrekkinga til Catulus frå fjellpassa til den andre sida av elva Po. Han var også delaktig i slaget ved Verecallae, der kimbrarane blei slegne.

Etter at krigen var over, kan vi lese av Plutark korleis Sulla stilte til val som pretor. Det har vore ein debatt blant forskarane om når ein skal datere dette valet.

*Sulla now thought that the reputation which he had won in war was sufficient to justify political activities, and therefore at once exchanged military service for public*

<sup>249</sup> Plut. Mar. 10, 5-6; Plut. Sull. 3.4 og 4.1; Keaveney 1982, 31

<sup>250</sup> Sjå vedlegg 3.

<sup>251</sup> Plut. Sull. 4.1; Keaveney 1982, 32. Og må ikkje forvekslast med folkeslaget i Sentral-Italia med same navn.

<sup>252</sup> Plut. Sull. 4.2

<sup>253</sup> Keaveney 1982, 32 og Badian i OCD 1996. "Cornelius Sulla Felix, Lucius".

*life, offered himself as a candidate for the city praetorship, and was defeated. The responsibility for his defeat, however, he lays upon the populace. They knew, he says, about his friendship with Bocchus, and expected that if he should be made aedile before his praetorship, he would treat them to splendid hunting scenes and combats of Libyan wild beasts, and therefore appointed others to the praetorship, in order to force him into the aedileship. But subsequent events would seem to show that Sulla does not confess the real reason for his failure. For in the following year he obtained the praetorship, partly because he was subservient to the people, and partly because he used money to win their support.*<sup>254</sup>

Keaveney har tolka desse hendingane dit at Sulla feilrekna sin popularitet på grunn av krigføringa. Han argumenterer for at sidan Sulla berre var ein underordna, fekk han ikkje mykje prestisje av rolla si i krigen mot germanarane. Han argumenterer for at årsaka til at Sulla lukkast den andre gongen, var at han i valkampen ikkje lenger la vekt på bragdene i si militære karriere. Han argumenterer vidare for at Sulla må ha lova veljarane den festen dei ønskte seg om han blei valt og trekt ut ved loddtrekning til å vere bypretor.<sup>255</sup> Keaveney bruker ikkje Plutark som belegg i argumentasjonen sin, men det er godt mogleg at det var nettopp det Plutark sikta til når han fortel at Sulla er underdanig overfor folket. Plutark spesifiserer ikkje kva oppgåver Sulla hadde i året som pretor. Plinius den eldre fortel oss at Sulla som pretor var den første til å introdusere løver ved festane i Roma. Dermed kan vi slutte oss til at han var bypretor, sidan det viser at han var i Roma dette året.<sup>256</sup> Når det gjeld debatten om dateringa av desse hendingane, har Badian sett det første forsøket til 99 og pretorembetet til 97. Dette har kome under kritikk av Sherwin-White, som med fokus på hendingar i Sulla si tid som proprietor i Asia har datert den første valkampen til 97 og pretorembetet til 95. Sherwin-White si datering har i seinare tid blitt akseptert av Broughton i sin studie *Candidates defeated in roman elections*.<sup>257</sup>

Etter året som pretor blei Sulla send til Asia som proprietor. Alt etter kva tid ein set pretorembetet til, var dette enten i 96 eller 94. Før vi tek fatt på hendingane i

---

<sup>254</sup> Plut. *Sull.* 5. 1-2; At han leid nederlag i det første valet er også framstilt i Val. Max. 7. 5,5.

<sup>255</sup> Keaveney 1982, 35-36.

<sup>256</sup> Plin. *HN*. 8.53. Plinius den eldre (23/4-79 e.v.t.) var ein framståande romersk ridder som forfatta oppslagsverket *Naturalis Historia*. Dette var eit oppslagsverk over all samtidig kunnskap om dyreliv, planteliv og mineralar. OCD 1996. “Pliny (1) the elder”.

<sup>257</sup> Badian i OCD 1996. “Cornelius Sulla Felix, Lucius”; Keaveny 1982, 35; Sherwin-White 1977, 173-183; Broughton 1991, 36.

denne delen av Sulla sin karriere, kan det vere fruktbart å greie kort ut om kongeriket Pontus og herskaren der Mithridates.

Kongeriket Pontus låg langs nordkysten av Svartehavet, i det som er det moderne nordaust-Tyrkia. Riket hadde røter som strekte seg fleire hundreår tilbake i tid, og herskarane nedætta frå den persiske adelen. Under kongen Mithridates V (150-121) hadde kongeriket vore alliert med romarane. Etter at sonen Mithridates VI (120-63) kom til makta ved å myrde broren, som var arvingen, utvida han dette riket i fleire retningar. Han utnytta ei bøn om hjelp frå greske byar på Krim-halvøya til å leggje under seg heile nordkysten av Svartehavet. Han utvida også riket austover mot Kaukasus-regionen. Desse utvidingane sikra han rikeleg med forsyningar av korn, pengar og soldatar. Han brukte desse midlane til å byggje opp både ein stor hær og ei marine. Mithridates byrja etter kvart også å vise ambisjonar om å utvide riktet sitt mot andre område av Anatolia. Han inngjekk ei avtale med herskaren Nicomedes II av det anatoliske riket Bithynia, som låg aust for Bosporus-sundet. Dette riket var alliert med Roma, men det hadde oppstått spenningar mellom desse på grunn av verksemda til einskilde *publicani*, og då særleg pengeutlånarar. I 104 la dei to kongane under seg riket Paphlagonia, som låg ved Svartehavet, inneklemt mellom Pontus og Bithynia. Det same året erobra kongane også det anatoliske innlandsriket Galatia. Denne ekspansjonen førde dei i konflikt med romarane, som var ute av stand til å handle sidan dei var opptekne med krigane mot Jugurtha og germanarane. Saman tok kongane også innlandsriket Cappadocia, som hadde grense til den romerske provinsen Cilicia, men byrja etter kvart å bli uvener på grunn av usemje om kontrollen til dette riket.<sup>258</sup> I 98 f.v.t. sende begge kongane representantar til Senatet for å få godkjent sine krav til dette kongedømet. Senatet reagerte med å erklære begge statane som frie og ikkje underlagt kongar. Cappadocia bad om å få lov til å ha ein konge, og ein viss Ariobarzanes vart valt. Mithridates gjekk tilsynelatande med på dette, men etter at Ariobarzanes kom til Cappadocia, sørge han for at vassalen Gordius jaga han ut.<sup>259</sup>

Plutark fortel oss at etter preturet blei Sulla send til Asia som proprietor for å innsetje Ariobarzanes på den cappadokiske trona. Plutark fortel vidare at Sulla eigentleg skulle halde kontroll over Mithridates.<sup>260</sup> Sidan Appian fortel at Sulla hadde vore guvernør i Cilicia, var det i kraft av dette han skulle utføre denne oppgåva. Dette

<sup>258</sup> Scullard 1970, 74-76. OCD 1996. “Cappadocia. Mithridates. Paphlagonia. Pontus”.

<sup>259</sup> Keaveney 1982, 37-38. Scullard 1970, 74-76.

<sup>260</sup> Plut. *Sull.* 5.3

området langs sørvest-kysten av Anatolia hadde tidlegare vore eit sjølvstendig kongedøme som gradvis hadde kome inn under romersk kontroll. Rundt år 100 hadde kontrollen over dette området blitt lagt inn under ein pretor.<sup>261</sup> Debatten om dateringa på Sulla sine verv har innverknad på vår forståing av hendingane. Ifølgje Keaveney vart Sulla send til Asia som guvernør og vart tvunget av tilhøva til å forhalde seg til Mithridates og Gordius. Ifølgje Sherwin-White var det nettopp derfor han blei send som guvernør.<sup>262</sup> Plutark skildrar korleis Sulla klarte å utføre denne oppgåva.

*Accordingly, he took out with him no large force of his own, but made use of the allies, whom he found eager to serve him, and, after slaying many of the Cappadocians themselves, and yet more of the Armenians who came to their aid, he drove out Gordius, and made Ariobarzanes king again.*<sup>263</sup>

Under dette guvernøremabetet skulle Sulla gjere seg kjend for enda ei hending. Plutark fortel at han ved elva Eufrat blei den første romerske magistraten som heldt eit diplomatisk møte med utsendingar frå riket Partia, då for å diskutere avtaler og alliansar.

*On this occasion, too, it is said that he ordered three chairs to be set, one for Ariobarzanes, one for Orobazus, and one for himself, and that he sat between them both and gave them audience. For this the king of Parthia afterwards put Orobazus to death; and while some people commended Sulla for the airs which he assumed with the Barbarians, others accused him of vulgarity and ill-timed arrogance.*<sup>264</sup>

Årsaka til denne reaksjonen var at Partia var eit stort og mektig rike som strekte seg frå det moderne Irak og Iran og nordover på begge sider av det kaspiske hav. Ved å plassere ambassadøren for dette riket på denne måten, hadde Sulla likestilt han med Ariobarzanes, som var ein romersk klient-konge. Diplomaten Orobazus frå Partia hadde dermed tillete at Sulla rekna Roma som den overlegne parten. Ein reknar med at Sulla var guvernør i Cilicia i fleire år, kanskje heilt til år 92.<sup>265</sup>

<sup>261</sup> App. B.C. 1.77. Lintott 1994, 35-36. OCD 1996. "Cilicia".

<sup>262</sup> Keaveney 1982, 38; Sherwin-White 1977, 182-3.

<sup>263</sup> Plut. *Sull.* 5.3

<sup>264</sup> Ibid. 5.4.

<sup>265</sup> OCD 1996. "Phartia, parthian empire. Cornelius Sulla Felix, Lucius".

Plutark fortel at når Sulla kom tilbake til Roma, vart han stilt for retten, skulda for korрупsjon. Når dette skulle prøvast i retten, møtte ikkje klagaren Censorinus opp.<sup>266</sup> Keaveny har tolka dette slik at det må sjåast i lys av konflikten mellom Marius og Sulla.<sup>267</sup> Etter hendingane rundt Saturninus hadde Marius på eige initiativ reist til Asia. Plutark fortel oss om dette møtet:

*For he hoped that if he stirred up the kings of Asia and incited Mithridates to action, who was expected to make war upon Rome, he would at once be chosen to lead Roman armies against him, and would fill the city with new triumphs, and his own house with Pontic spoils and royal wealth. For this reason, though Mithridates treated him with all deference and respect, he would not bend or yield, but said: “O King, either strive to be stronger than Rome, or do her bidding without a word”.*<sup>268</sup>

Framstillinga i Plutark over Marius sine ambisjonar er noko som har vorte generelt akseptert av antikkforskarane.<sup>269</sup> Keaveney legg vekt på at Sulla hadde gjort seg populær hos Marius sine politiske motstandarar ved sjølv å ta æra for sigeren over Jugurtha. Keaveney argumenterer vidare for at sidan senatet trond eit alternativ til Marius for å gå til åtak på Cappadocia, var Sulla eit naturleg val. Keaveney følgjer den tolkinga av hendingane som plasserer Sulla i Cilicia då Gordius dreiv ut Ariobarzanes, og ut i frå dette argumenterer han for at det må ha gjort valet lettare for optimatane i senatet. Han hevdar at Marius var innstilt på hemn, og då Sulla kom tilbake til Roma, baud høvet seg. Keaveney hevdar at dette førte til at Sulla si politiske karriere fekk eit tilbakeslag, sidan kjeldene ikkje har noko meir å seie om Sulla før vi nærmar oss slutten av 90-talet.<sup>270</sup> Korleis ein tolkar desse hendingane, er avhengig av kvar ein står i spørsmålet om datering av Sulla sine verv.

Denne uvenskapen mellom desse to heldt fram med å eskalere. Ifølgje Plutark blei hendingane i etterspelet til den jugurthinske krigen brakt på bana igjen:

*Moreover, Sulla's quarrel with Marius broke out afresh on being supplied with fresh material by the ambition of Bocchus, who, desiring to please the people at Rome, and*

<sup>266</sup> Plut. *Sull.* 5.6

<sup>267</sup> Keaveney 1982, 45.

<sup>268</sup> Plut. *Mar.* 31.3.

<sup>269</sup> Til dømes Carney 1961, 47; Scullard 1970, 76; Keaveney 1982, 43-44. Carney argumenterer for at Marius ved denne reisa også kunne fremje riddarane sine interesser i Asia.

<sup>270</sup> Keaveney 1982, 44-45.

*at the same time to gratify Sulla, dedicated on the Capitol some images bearing trophies, and beside them gilded figures representing Jugurtha being surrendered by Bocchus to Sulla. Thereupon Marius was very angry, and tried to have the figures taken down, but others were minded to aid Sulla in opposing this, and the city was all but in flames with their dispute, when the Social war, which had long been smouldering, blazed up against the city and put a stop for the time being to the quarrel.<sup>271</sup>*

## Forbundsfellekrigen

Krigen mellom Roma og mange av dei italienske allierte braut ut i 91. Den er viktig, fordi den gav Sulla ein sjanse til å vinne mykje prestisje gjennom si rolle som legat i krigene. Den er også viktig fordi den i kjeldene og litteraturen er knytt saman med borgarkrigen på 80-talet og den generelle romerske politikken.

## Bakgrunn

I ei grafisk framstilling ser den romerske organiseringa av Italia ut som ein mosaikk, og det er ikkje utan grunn. Det var nemleg ingen store samanhengande område som var romerske eller italienske<sup>272</sup>.

Scullard har rekna opp dei ulike typane av romerske borgarar og romerske borgarar utan stemmerett:

A) Vanlege borgarar i byen Roma. B) Byar som Roma hadde gitt full borgarrett. Desse blei etter kvart kjende som *municipia*. C) *Municipa* som hadde sitt opphav i latinske og italienske byar, og som hadde fått tildelt borgarrett utan stemmerett. Innan år 133 var denne statusen så godt som forsvunnen, slik at desse to typane av *municipia* ikkje lenger skilde seg frå kvarandre. D) 27 koloniar av romerske borgarar som fram til år 177 først og fremst hadde blitt plasserte langs kysten. Dette var små koloniar på rundt 300 borgarar med familiar og var tenkt som garnisonar, og dei var såleis også fritekne frå den vanlege militærtenesta. Frå rundt 183 etablerte

---

<sup>271</sup> Plut. *Sull.* 6. 1-2.

<sup>272</sup> Sjå vedlegg 4.

romarane også nokre større koloniar som låg meir sentralt i Italia. E) Medlemmer av små distriktscenter.<sup>273</sup>

Krarup peikar på at den fulle og halve borgarretten var utbreidd i store delar av mellom-Italia, medan resten var forbundstatar. Desse allierte var samansett av to forskjellige grupper. Dette var dei allierte med latinarstatus og dei utan. Latinarane utgjorde enkelte opphavlege latinske byar som hadde fått ein eigen status etter at Roma oppløyste det latinske forbundet, enkelte tidlege koloniar som stamma frå tida før denne oppløysinga og ein del større latinske koloniar som var forma fram til ca. 180. Borgarane i dei latinske byane hadde rett til å drive handel og å gifte seg med romarar. Dei hadde rett til å flytte til Roma og bli fullverdige borgarar, men denne retten blei upopulær hos dei lokale elitane, som frykta avfolking, og det vart derfor slutt på den. Desse områda måtte stille med soldatar, men dei var fritekne frå å betale skatt. Resten av dei allierte hadde status som frie statar. Desse hadde forskjellige traktatar med Roma, der nokre var bilaterale medan andre var einsidige. Den latinske termen for både latinarane og dei andre var *socii*, medan vi i moderne tid gjerne kallar dei for forbundsfaller eller allierte. Krarup har peika på at felles for alle desse var at dei delte dei romerske borgarane sine byrder, dei hadde skatteplikt og måtte stille med soldatar, men utan å få del i dei politiske rettane. Dei hadde likevel fått behalde sitt lokale sjølvstyre, medan Roma stod for utanrikspolitikken.<sup>274</sup>

Bakgrunnen for denne krigen er vevd saman med ulike politiske forsøk på å gi dei allierte borgarrett. I kjeldene våre blir dette temaet først tatt opp av Appian. Han knyt spørsmålet om borgarrett saman med graccharane sitt forsøk på å dele ut den romerske fellesjorda til fattige borgarar:

*Some thought that the Italian allies, who made the greatest resistance to it, ought to be admitted to Roman citizenship so that, out of gratitude for the greater favor, they should no longer quarrel about the land. The Italians were glad to accept this, because they preferred Roman citizenship to possession of the fields. Fulvius Flaccus, who was then both consul and triumvir, exerted himself to the utmost to bring it about, but the Senate was angry at the proposal to make their subjects equal citizens with themselves.*<sup>275</sup>

---

<sup>273</sup> Scullard 1970, 16-17.

<sup>274</sup> Scullard 1970, 16-19; Krarup 1970, 55-63.

<sup>275</sup> App. BCiv. 1.21.

M. Fulvius Flaccus var kytt til sirkelen rundt graccharane og sat i landkommisjonen som hadde i oppgåve å oversjå utdelinga av fellesjorda. Han blei drepen saman med Gaius Gracchus i 122. Det bør peikast på at det var to slike forslag under graccharane; først eit som vart stilt av Flaccus i år 125 og seinare eit frå G. Gracchus i år 122.<sup>276</sup> Appian fortel at:

*When they were both killed, as I have previously related, the Italians were still more excited. They could not bear to be considered subjects instead of equals, or to think that Flaccus and Gracchus should suffer such calamities while working for their political advantage.*<sup>277</sup>

Brunt har peika på at Flaccus neppe kunne ha planta det han kallar farlege ambisjonar hos italienarane, og at ønsket om borgarrettar dermed til ei viss grad må ha vore der frå før.<sup>278</sup> Det er brei semje mellom forskarane at det ikkje var eit universelt ønske om borgarrettar på graccharane si tid. Dette var noko som vaks seg sterkare over tid, fram til det i år 91 tek form av eit krav om slike. Brunt argumenterer for at Appian overdriv framstillinga si av dette ønsket på graccharane si tid. Det viktigaste argumentet hans her er den skilnaden i reaksjon vi ser på desse forsøka på å utvide borgarretten. I 122 gjorde berre den latinske byen Fregaelae opprør, medan i 91 gjorde ein stor del av dei italienske allierte det.<sup>279</sup>

Det er også ei semje om at det er den italienske eliten sine ønske og mål som vi må sjå som sentrale i denne prosessen. Gabba argumenterer for at denne gruppa leid store økonomiske tap både som eit resultat av forslaga om å dele ut jord og gjennom at inntektene frå imperiet i mindre grad enn før blei fordelt ut til desse lokale elitane. Dette, saman med det Gabba kallar ei forverring av den generelle politiske situasjonen, førte etter kvart til at det vaks fram ei forståing av fordelane av å vere borgar og å ha politisk innverknad. Sjølv om Brunt er einig i at det er den italienske eliten sine mål som er dei viktige, rettar han likevel kritikk mot det han hevdar er ein einsidig innfallsvinkel, og argumenterer heller for ei breiare rekkeje av faktorar som

---

<sup>276</sup> OCD 1996. "Citizenship, roman".

<sup>277</sup> App. BCiv, 1.34.

<sup>278</sup> Brunt 1965, 90.

<sup>279</sup> Gabba 1994, 105; Salmon 1962, 113; Brunt 1965, 91. Kjelder til opprøret i Fregellae Plut. CGrac. 3.1; Liv. Per. 60.3.

førar til eit ønske om politisk innverknad. Den viktigaste av desse andre faktorane er ei vektlegging av dei militære byrdene til dei allierte. Han argumenterer for at sjølv om vi ikkje har kjelder til det, er det sannsynleg at den militære verneplikta var årsak til like mykje liding og misnøye blant italienarane som hos romarane. Verneplikta ville også påverke rike landeigarar, sidan leiglendingane og daglønsarbeidarane deira var nettopp dei som vart tvinga til tenesta.<sup>280</sup>

Appian tek ikkje opp dette ønsket om borgarrettar før vi kjem til hendingane i år 91.<sup>281</sup> Blant forskarane er det likevel ei rekkje hendingar som vert knytte til borgarretten og forsøk blant romerske politikarar til å ta opp spørsmål rundt dei italienske allierte. Gabba peikar på tre hendingar som viser dette. Det første av desse er den viktige rolla italienske soldatar hadde i å hindre kimbrarane sitt forsøk på å trengje seg inn i Italia. Dette må, ifølgje Gabba, ha ført til ei oppblomstring av italiensk solidaritet og auka sjølvverd. Gabba og Brunt peikar på at Marius sine tildelingar av borgarrettar til to kohortar av alliert kavaleri under denne krigen viser verdien som var knytt til borgarrettar. Gabba knyter dette til at Saturninus sine lovforslag om å dele ut jord også skulle kome allierte soldatar til gode. Han peikar også på at Saturninus sine forslag om å stifte koloniar inneheldt ein klausul om å gi tre allierte per koloni borgarrettar.<sup>282</sup>

Det er verd å merke seg at forsøka på å ta opp italienarane sine ønske kom frå politikarar som nytta *popularis*-metodar. Dette ser vi av graccharane, Marius og Saturninus. Vi har dessverre få forteljande kjelder til politikken på 90-talet, men det kan sjå ut som om sympati med italienarane heldt fram. Lintott hevdar at det ikkje kan vere tvil om at der var ein konflikt mellom dei som såkte å gjenopprette senatet sin autoritet og dei som var lojale til retninga som Marius og Saturninus hadde stått for, men det tvilsamt om desse forma to klare fraksjonar, den eine i så fall rundt Metelli-familien, den andre rundt Marius.<sup>283</sup>

Lova Lex Licinia Mucia frå 95 hadde som formål å ta borgarretten frå italienrarar som hadde fått han på ulovleg vis. Badian argumenterer for at dette er ein reaksjon på at sensorane i 97 og 96 hadde gitt borgarrettar til den italienske overklassa for å auke støtta til Marius. Brunt har med rette peika på at det faktisk ikkje finst kjelder til sensorane sine handlingar desse to åra. Han argumenterer for at lova heller

<sup>280</sup> Gabba 1994, 105-110; Brunt 1965, 101-106.

<sup>281</sup> App. BCiv. 1.34

<sup>282</sup> Gabba 1994, 109-111; Brunt 1992, 105; Plut. Mar. 28.2; Cic. Balb. 48;

<sup>283</sup> Lintott 1994, 102.

var retta mot det at italienarar i lang tid hadde tileigna seg borgarretten ulovleg. Dette er ein del av ein argumentasjon der Brunt prøver å vise at Marius ikkje var sympatisk innstilla overfor italienarane. Argumentasjonen hans kviler også tungt på blant anna å marginalisere tildelingane til dei to kohortane, ein tvil om dei italienske veteranane skulle få jord frå Saturninus sine jordlovar, og på eit forsøk på å trivialisere lova om tildeling av borgarrettar til tre italienarar i koloniane.<sup>284</sup> Desse bevisa har vore diskuterte tidlegare, og Brunt sine argument er ikkje overtydande.

Om vi set slike spørsmål til side, så var Lex Licinia Mucia uansett ein konservativ reaksjon mot ein italiensk-venleg politikk. Denne lova er blant forskarane sett på som den siste dropen i begeret for den italienske overklassa. Brunt og Salmon har argumentert for at italienarane frå dette tidspunktet tok til å organisere opposisjon mot Roma. Dei har også peika på at sjølv om det kanskje vart planlagt bruk av vald, så var det nok meint som ei siste løysing. Før det kom så langt, fann det stad eit siste forsøk på ei politisk løysing.<sup>285</sup>

Appian fortel om korleis tribunen Marcus Livius Drusus i 91 la fram eit nytt forslag om å gi borgarrett til italienarane. Drusus sin far, som hadde same namnet, var elles delaktig i å nedkjempe Gaius Gracchus i 122.<sup>286</sup>

*After them the tribune Livius Drusus, a man of most illustrious birth, promised the Italians, at their urgent request, that he would bring forward a new law to give them citizenship. They desired this especially because by that one step they would become rulers instead of subjects.*<sup>287</sup>

Appian skildrar vidare korleis Drusus gjorde ei rekkje grep for å sikre seg støtte. Han foreslo å opprette koloniar for å få folket over på si side. Han søkte også å føre senatet og riddarane saman ved ein lov som var i begge partar si interesse. Ifølgje Appian søkte Drusus å utvide senatet med 300 nye medlemmar, som skulle kome frå riddarstanden, og gi kontrollen over domstolane til dette ”nye” senatet. Ifølgje Appian førte dette til at han fekk begge stendene mot seg, sidan dei følte at dette kompromisset ikkje var i deira interesse.

<sup>284</sup> Badian 1958, 212-213. Brunt 1965, 106-107.

<sup>285</sup> Gabba 1994, 109-111; Salmon 1962, 113-14; Brunt 1965, 92-93 og 106-07; Cic. Orat. 2.257.

<sup>286</sup> OCD 1996. ”Livius Drusus (1), Marcus. Livius Drusus (2), Marcus”.

<sup>287</sup> App. BCiv. 1. 35;

*Thus it came to pass that both the Senate and the knights, although opposed to each other, were united in hating Drusus. Only the plebeians were gratified with the colonies. The Italians, in whose interest chiefly Drusus was devising these plans, were apprehensive about the law providing for the colonies [...]*<sup>288</sup>

Det har blitt foreslått av Badian at Drusus var ein optimatorientert politikar. Dei delane av senatet som stod bak han, gjorde dette delvis for å undergrave den støtta Marius hadde blant folket, riddarane og italienarane, trass i at dei såg kor viktig det var å ta opp spørsmålet om borgarrett. Ein finn støtte for eit slikt syn i Cicero si bok *De Oratore* (om talekunsten) der han fortel at Drusus hadde støtte blant dei leiande mennene i senatet.<sup>289</sup> Mæhle peikar på at det dermed eksisterte to forskjellige tradisjonar, og at kjeldematerialet ikkje gjer det mogleg klart å velje nokon av dei to alternativa.<sup>290</sup> Appian fortel at etter at Drusus hadde klart å få begge stendene mot seg, blei han drepen:

*The Etruscans and the Umbrians had the same fears as the Italians, and when they were summoned to the city, as it was thought, by the consuls, ostensibly for the purpose of complaining against the law of Drusus, but actually, as is believed, for the purpose of killing him, they cried down the law publicly and waited for the day of the comitia. Drusus learned of the plot against him and did not go out frequently, but transacted business from day to day in the atrium of his house, which was poorly lighted. One evening as he was sending the crowd away he exclaimed suddenly that he was wounded, and fell down while uttering the words. A shoemaker's knife was found thrust into his hip.*<sup>291</sup>

Ut frå Appian går det altså ikkje klart fram kvifor Drusus blei drepen. Riddarane fremjar, ifølgje Appian, gjennom ein annan tribun eit lovforslag om å gå til rettsleg gransking av dei politikarane som openlyst eller i det løynde hjelpte italienarane i kampen for å oppnå borgarrett. Når andre tribunar stilte veto mot dette forslaget, stilte riddarane seg opp med dolkar og fekk dette forslaget vedteke.<sup>292</sup>

---

<sup>288</sup> Ibid. 1.35.

<sup>289</sup> Badian 1958, 216; Cic. *Orat.* 1.24.

<sup>290</sup> Mæhle 2004, 267-268.

<sup>291</sup> App. *BCiv.* 1. 36

<sup>292</sup> Ibid. 1.37.

*As this wickedness prevailed more and more against the best citizens, the people were grieved because they were deprived all at once of so many men who had rendered such great services. When the Italians learned of the killing of Drusus and of the reason alleged for banishing the others, they considered it no longer bearable that those who were laboring for their political advancement should suffer such outrages, and as they saw no other means of acquiring citizenship they decided to revolt from the Romans altogether, and to make war against them with all their might. They sent envoys to each other secretly, formed a league, and exchanged hostages as a pledge of good faith.*<sup>293</sup>

Dei to alternativa som Mæhle skilte mellom, er som følgjer: I det første hadde Drusus støtte blant leiande menn i senatet. Etter at Drusus blei drepen, klarte ikkje senatorane å formidle til dei allierte at borgarrettsspørsmålet kunne løysast av ein annan tribun. I dette alternativet blir dei andre reformene eit måte å vinne folket si støtte til utvidinga av borgarretten. Desse reformene øydela semja i eliten, og det var dette som førte til at Drusus blei myrda. I det andre alternativet var Drusus ein sjølvstendig politikar som såg fleire problem som måtte løysast, og som prøvde å gjere det samtidig. Han brukte dei ulike reformene til å skape ein koalisjon. Dette lukkast ikkje fordi han ikkje fekk nok støtte verken blant dei konservative eller blant dei reformvennlege. Den sjølvstendige linja førte ikkje fram. Marius var nok prinsipielt ein tilhengar av ei stemmerettsutviding og ingen motstandar av jordreformer, men det kan tenkjast at han var sjalu på Drusus fordi han gjekk inn for dette utan å knytte til seg Marius og dermed utan å dele æra med han. Mæhle har også peika på at Marius med dette forslaget fekk ei interessekonflikt. Han argumenterer for at Marius var riddarstanden sin fremste politiske talsmann og kunne ikkje akseptere ei utarming av deira privilegia og eigenart.<sup>294</sup> Denne siste delen om Marius er ei rimeleg forklaring på kvifor Marius ikkje er involvert i noko som han tidlegare hadde vore oppteken av politisk.

Det er vanskeleg å sjå for seg at italiinarane skulle ha klart å setje i gong eit opprør med eit så stort omfang nælast spontant etter at Drusus var drepen. Dette støttar opp om Brunt og Salmon sine argument om at det er sannsynleg at

---

<sup>293</sup> Ibid, 1.38.

<sup>294</sup> Mæhle 2004, 267-270.

førebuingane til eit opprør var langt på veg satt i gong kanskje så langt tilbake som ved Lex Licinia Mucia.<sup>295</sup>

### Krigføringa og Sulla og Marius si rolle i den

Scullard peikar på at det var folkesлага frå dei høgtliggande områda i sentral-Italia som var kjernen i dette opprøret. Desse var delt opp i to grupper rundt marsarane i nord og samnittarane i sør.<sup>296</sup> Før krigføringa braut ut fortel Appian at dei allierte gjorde eit siste forsøk på å få gjennomslag for sine krav:

*They sent ambassadors to Rome to complain that although they had cooperated in all ways with the Romans in building up the empire, the latter had not been willing to admit their helpers to citizenship. The Senate answered sternly that if they repented of what they had done they could send ambassadors, otherwise not. The Italians, in despair of any other remedy, went on with their preparations for war. Besides the soldiers which were kept for guards at each town, they had forces in common amounting to about 100,000 foot and horse. The Romans sent an equal force against them, made up of their own citizens and of the Italian peoples who were still in alliance with them.*<sup>297</sup>

Her er det viktig å peike på at det ikkje var alle Roma sine allierte som gjorde opprør. Fremst av dei lojale var dei latinske byane. Det er heva over tvil at dette hadde si årsak i den meir privilegerte statusen desse hadde ovanfor romarane.

Når krigen byrja i år 90 fekk dei to konsulane P. Rutilius Lups og L. Julius Cæsar overkommandoen mot kvar si gruppe. Desse hadde under seg ei heil rekke legatar. Blant desse var Marius, som gjorde teneste under Lups på den nordlege fronten mot marsarane, og Sulla som gjorde teneste under Cæsar mot samnittarane. Kronologien i denne krigen er ikkje klar ut frå Appian. Han fortel sjølv at han berre ønskjer å gi ei kortfatta oversikt over dei viktigaste hendingane. Scullard har peika på at det ser ut som om at italienarane sin strategi i det nordlege området har vore å gå til åtak ut frå sine område i sentral-Italia. Dette skjedde på to frontar. Den eine var frå Picenum, der målet var å trengje inn i romerske område både langs kysten av Adriaterhavet og innover i landet. Den andre ved å følgje vegen Via Valeria, som

<sup>295</sup> Brunt 1965, 92-93; Salmon 1962, 113-114.

<sup>296</sup> Scullard 1970, 67. sjå vedlegg 5.

<sup>297</sup> App. BCiv. 1.39.

gjekk på tvers av halvøya frå Corfinum (som var opprørarane sin hovudstad) mot byen Roma. Legaten Pompeius Strabo blir send mot Picenum, medan Konsulen Rutilius gjekk mot styrkane som kom langs Via Valeria.<sup>298</sup> Appian fortel at Pompeius i Picenum blir overvunnen av ein hær under leiing av ein viss Vidacilius. Han fortel at Vidacilius tidlegare dette året hadde innrullert romarar i hæren sin. Som resultat av nederlaget blir Pompeius tvungen til å søkje tilflukt i den latinske kolonien Firmum.<sup>299</sup> Appian fortel også om korleis romarane lir nederlag mot marsarane på den andre fronten i dei nordlege områda, og at konsulen Rutilius blir drepen. Marius klarar å snu dette slaget til siger og får overkommandoen på den nordlege fronten, ettersom den andre konsulen ikkje har tid til å reise til Roma for å halde nye val. Han utmerkar seg der ved å sigre over marsarane saman med Sulla. Gabba har peika på at på denne måten klarte romarane å køyre ein kile inn mellom dei to italienske områda. I lys av dette må vi avkrefte utsegna frå Plutark, som hevdar at Marius var prega av alderdom og ikkje gjorde nokon viktig innsats i denne krigen.<sup>300</sup> Appian fortel at Strabo er kringsett i byen Firmum. Når han får høyre at ein annan romersk hær nærmar seg, klarer han å bryte ut og sigre over styrkane som hadde kringsett han. Restane av desse styrkane flyktar til byen Asculum, og Strabo følgjer etter og tek til å kringsetje denne byen.<sup>301</sup>

Når det gjaldt den sørlege fronten, peikar Scullard på at det ser ut som om dei allierte hadde ein tredelt strategi. Den første var å gå til åtak på den romerske festninga Aesernia, som låg midt mellom dei to sentrale områda som italienarane kontrollerte. Den andre var å gå inn i det sørlege Campania, der dei klarte å erobre ei rekke byar. Den siste var å gjennomføre mindre raid inn i Apulia og Lucania. Desse siste skulle vise seg å ha liten suksess.<sup>302</sup> Appian fortel om korleis konsulen Cæsar blir slegen og byen Aesernia blir teken etter ei omleiring. Det er sannsynleg at både Cæsar og seinare Sulla prøvde å kome denne byen til unnsetning.<sup>303</sup> Italienarane ser også ut til å ha hatt suksess i Campania. Appian fortel om korleis den italienske hærføraren Papius erostrar ei rekke byar. Han fortel at også denne hærføraren innrullerer romarar i hærane sine. Etter at han hadde erostra byen Nola i det sørlege Campania, innrullerte han 2000 romarar, og etter han tok kolonien Salernum, innrullerte han slavane og

---

<sup>298</sup> App. *BCiv.* 1.39-40; Scullard 1970, 68.

<sup>299</sup> App. *BCiv.* 1.42 og 1.47.

<sup>300</sup> App. *BCiv.* 1.41. 1.43 og 1.44. Gabba 1994, 120-122; Plut. *Mar.* 33 og Plut. *Sull.* 6.2.

<sup>301</sup> App. *BCiv.* 1.47.

<sup>302</sup> Scullard 1970, 68.

<sup>303</sup> For Cæsar sitt forsøk og tapet av byen: App. *BCiv.* 1.41. For Sulla sitt forsøk: Front. I. 5.17

fangane.<sup>304</sup> Appian fortel om korleis han under ei omleiring av den romerske byen Acerrae blir møtt av Cæsar, og at desse ligg i leirar ved sidan av kvarandre. Gabba foreslår at dette mest sannsynleg tydar på at den italienske offensiven i Campania hadde mist initiativet.<sup>305</sup>

Både på den nordlege og den sørlege fronten hadde dermed romarane dette året klart å enten snu eit innleiande nederlag til suksess, eller å stanse italienarane sine offensivar. Akkurat på det tidspunktet fortel Appian at Etruria og Umbria fekk lyst til å falle ifrå den romerske sida. Dette førte ifølgje Appian til at frigitte slavar blei innkalla til hæren for første gong. Appian fortel også at romarane gav borgarrett til ei rekjkje av dei italienske byane:

*The Senate also voted that those Italians who had adhered to their alliance should be admitted to citizenship, which was the one thing they all desired most. They sent this decree around among the Etruscans, who gladly accepted the citizenship. By this favor the Senate made the faithful more faithful, confirmed the wavering, and mollified their enemies by the hope of similar treatment. The Romans did not enroll the new citizens in the thirty-five existing tribes, lest they should outvote the old ones in the elections, but incorporated them in ten new tribes, which voted last. So it often happened that their vote was useless, since a majority was obtained from the thirty-five tribes that voted first. This fact was either not noticed by the Italians at the time or they were satisfied with what they had gained, but it was observed later and became the source of a new conflict.<sup>306</sup>*

Appian namngir ikkje denne lova, men frå blant anna Gellius veit vi at det var Lex Julia. Dette gjer det sikkert at det var konsulen L. Julius Cæsar som hadde stilt forslaget. Ut over det som Appian fortel om at lova gjaldt lojale allierte, veit vi at denne lova gav borgarrett til dei latinske forbundsfellane, og sannsynlegvis til dei allierte som la ned våpna sine innan ein bestemt dato. Brunt argumenterer for at epigrafiske bevis viser at generalar, ut frå denne lova, kunne gi borgarrett til soldatar som hadde utmerkt seg i strid. Gabba argumenterer for at denne lova må ha medverka

---

<sup>304</sup> App. BCiv. 1.42

<sup>305</sup> App. BCiv. 1.45; Gabba 1994, 122.

<sup>306</sup> App. BCiv. 1.49.

til krigen, sidan ho skapte intern splid blant opprørarane, og at etter denne var det berre dei mest uforsonlege som ville at krigen skulle halde fram.<sup>307</sup>

Når det gjeld kor mange soldatar som blei mёнstra, fortalte Appian oss at begge partar stilte med 100 000 mann. Det er lite truleg at desse blei mёнstra samtidig. Det er truleg at sidan dei allierte hadde lengre tid til å førebu seg, så hadde dei eit større tal på soldatar tilgjengeleg i byrjinga av kriga. Brunt argumenterer for at dette, saman med at dei romerske styrkane i startfasa ikkje var samla, delvis forklarar dei allierte sine tidlege suksessar. Sidan begge partane må ha forsterka styrkane sine undervegs, noko Appian fortel oss, og romarane etter kvart var overlegne italienarane, har Brunt rekna seg fram til at romarane kan ha hatt 175 000 mann og italienarane 130 000 mann under våpen i desse åra. Han sluttar ut frå Appian si skildring av korleis frigitte slavar blei mёнstra, at Roma si militære styrke blei utnytta til brestepunktet. Dette talet liknar på det Velleius fortel oss, nemleg at dei samla tapstala for begge sider var på 300 000. Brunt har foreslått at Velleius kunne ha forveksla kjeldene sine og tatt feil av tapstala og det samla talet på soldatar.<sup>308</sup> Dette gir mening, sidan tapstal på 300 000 ikkje kan sameinast med dei opplysingane vi har om stridane. Det er heva over all tvil at å mёнstre så mange soldatar på så kort tid berre kunne ha skjedd ved bruk av verneplikt. Trass i at vi ikkje har kjelder til det, kan vi rekne det som sannsynleg at mёнstringa var *tumultus*. Det at frigitte slavar blei innkalla, kan tyde på at det var nettopp dette som hende, på bakgrunn av tradisjonen med å gjere dette ved kriser. Dette gjer at det framstår for meg som sannsynleg å også slutte at det truleg var borgarar frå alle formueklassene i hæren, sidan det er sannsynleg at heile det tilgjengelege soldatmateriellet ville bli nytta i ein slik situasjon. Når dette er sagt var det nok ei overvekt av fattige, sidan dei utgjorde brorparten av det romerske soldatmateriellet.

Eit viktig skilje hender også denne vinteren. Som resultat av Lex Julia fell skiljet i dei romerske styrkane mellom dei allierte og romerske soldatane bort. Dette får følgjer for den romerske militære organiseringa, sidan det taktiske skiljet mellom dei romerske og dei taktiske einingane fell bort. Gabba har peika på at romarane kunne få forsterkningar frå provinsane, noko dei allierte ikkje hadde høve til. Han

---

<sup>307</sup> Gabba 1994, 123-24; Gell. 4.4,3; Cic. *Balb.* 21; Vell. 2.16; ILS 8888.

<sup>308</sup> Brunt 1971, 408 og 435-40. App. *BCiv.* 1.39. Forsterkningane 1.40.

argumenterer for at dette var ein av årsakene til at romarane hadde fleire troppar og dermed etter kvart eit solid overtak i krigen.<sup>309</sup>

Vinteren i år 90-89 gjorde begge konsulane, Pompeius Strabo og Porcius Cato, teneste på den nordlege fronten. Dette året er ikkje Marius med på den nordlege fronten til trass for suksessen han hadde året før. Plutark fortel at han gav opp kommandoén sin frivillig på grunn av sin alder og skrøpelege tilstand.<sup>310</sup> Carney argumenterer overtydande for at Marius slett ikkje hadde dårlig helse, og at det var andre årsaker som gjorde at han trakk seg frå kommandoén. Han argumenterer for at Marius blei mistenkt både av sine eigne støttespelarar og senatet for å ha sympatiar med italienarane. Han peikar også på at Marius truleg hadde byrja å vise ambisjonar om å skaffe seg ein kommando mot Mithridates etter krigen.<sup>311</sup> Marius hadde heilt klart ei interessekonflikt ovanfor italienarane, som han tidlegare hadde leidd ved fleire høve. Om vi skal spekulere, så kan vi også peike på at sidan krigen no var i ferd med å ta slutt, så kan det tenkast at Marius byrja å sjå på det som meiningslaust å slåst mot sine tidlegare soldatar. Appian fortel om korleis dei to konsulane hindra at italienarane trengde gjennom til Etruria. I desse slaga vart Cato drepen i kamp med marsarane, medan Strabo vann ein avgjerande siger.<sup>312</sup> Gabba har tolka desse hendingane slik at romarane no kunne rette angrep mot dei sentrale delane av det nordlege opprøret sine område. Appian fortel at Strabo sigra både over marsarane og den resterande motstanden ved Adriaterhavet.<sup>313</sup>

Sulla hadde dette året kommandoén over operasjonane i Campania, der han tok til å omleire Pompeii.<sup>314</sup> Trass i at han berre var legat, hadde han altså eit stort militært ansvar, sidan dei to konsulane var opptekne på den nordlege fronten. Plutark fortel her om ein episode der Sulla sine soldatar slår i hel legaten Albinus:

*In this very Social war, for example, when his soldiers with clubs did to death a legate, a man of praetorian dignity, Albinus by name, he passed over without punishment this flagrant crime, and solemnly sent the word about that he would find his men more ready and willing for the war on account of this transgression, since they would try to atone for it by their bravery. To those who censured the crime he*

<sup>309</sup> Gabba 1994, 119.

<sup>310</sup> Plut. Mar, 33.3.

<sup>311</sup> Carney 1958, 120-22; Carney 1961, 52.

<sup>312</sup> App. BCiv. 1.50.

<sup>313</sup> App. BCiv. 1.52.

<sup>314</sup> Sculard 1970, 69.

*paid no heed, but purposing already to put down the power of Marius and, now that the Social war was thought to be at an end, to get himself appointed general against Mithridates, he treated the soldiers under him with deference.*<sup>315</sup>

På grunn av dei andre kjeldene kan vi vere sikre på at Albinus faktisk blei drepen. Det er heller tvilsamt om vi bør feste nokon lit til Plutark si utsegn om at Sulla gjorde det for å knytte soldatane nærmare seg. Vi bør her leggje vekt på den første forklaringa, og heller ignorere den andre. Det er liten tvil om at dette er ein anakronisme basert på borgarkrigen mellom desse to. Sjølv om det er temmeleg sikkert at Sulla ønskete seg kommanoden i denne krigen, er det uklart korleis handlingane hans her skulle kunne hjelpe han til å oppnå dette. Plutark utdjudar nemleg ikkje korleis det skulle kunne hjelpe Sulla å vere slapp med disiplinen i denne styrka. Dette gir berre meiningsdiersom Sulla føresåg den komande situasjonen, og dette, slik det skal gå klart fram av den komande framstillinga, er uhyre tvilsamt. Eg vil heller foreslå at Sulla kunne vere redd for å bli "klubba" sjølv. Appian fortel at Sulla blir angripen av ein italiensk styrke. Han klarar å snu eit nederlag i byrjinga til siger, og forfølgjer restane av denne hæren, som flyktar til byen Nola. Sulla og soldatane drep store mengder av dei på under flukta og framfor portane til denne byen. Desse hendingane blir også fortalt om av Cicero, som dette året gjorde teneste i Sulla sin hær.<sup>316</sup> Etter denne sigeren kunne Sulla fullføre erobringa av Pompeii medan Nola skulle halde ut ei stund til.<sup>317</sup>

Scullard peikar på at Sulla no var i ein posisjon til angripe innover i landet mot sentra for den sørlege fronten til italienarane.<sup>318</sup> Appian fortel om korleis Sulla angrip hirpinarane ved å rette eit åtak mot byen Aeclanum. Han fortel om korleis innbyggjarane i denne byen bad om tid til å vurdere å overgi seg fordi dei venta forsterkningar. Sulla avslørte ifølgje Plutark dette lureriet og sette fyr på bymuren, som var lagd av tre. Når innbyggjarane overgav byen, let Sulla soldatane plyndre han fordi den ikkje overgav seg frivillig, men berre etter tvang. Han skåna dei andre byane til hirpinarane, som overgav seg etter at dei fekk høyre om plyndringa. Etter dette angreip han Samniu, den sørlege kjernen til dei allierte, og klarte å sigre over ein italiensk styrke som vakta fjellpassa til dette området ved å gå til åtak frå eit uventa hald. Han erobra også italienarane sin nye hovudstad Bovianum. Etter desse sigrane

<sup>315</sup> Plut. *Sull.* 6.9 også i *Liv. Per.* 75.1; *Val.Max.* 9.8.2.

<sup>316</sup> App. *BCiv.* 1.50; Cic. *Div.* 1.72; Plut. *Cic.* 3.2.

<sup>317</sup> Gabba 1994, 124-125.

<sup>318</sup> Scullard 1970, 69.

vende Sulla tilbake til Roma for å stille som val til konsul.<sup>319</sup> Forbundsfellekrigen var etter desse sigrane så godt som over, sjølv om nokre få av dei italienske byane framleis kjempa vidare.

## Konsul og marsjen mot Roma

Vi skal i denne delen sjå på korleis Sulla blei valt til konsul og kva støtte han hadde i dette valet. For å kunne forstå hendingane i Roma må vi også kort gå igjennom kva Mithridates gjorde i Asia. Spørsmålet om borgarrett skulle framleis vere ein del av romersk politikk, og vi skal sjå på korleis dette fører til ein uheldig allianse mellom tribunen Sulpicius og Marius.

### Konsul

Når det gjeld Sulla si støtte til konsulatet, har vi ikkje kjelder nok til å kunne kartlegge den støtta han hadde på den måten vi gjorde det ved Marius sitt første konsulval. Vi har likevel ein del å gå på. Plutark fortel at Sulla kom tilbake til Roma for å stille til val:

*When he returned to the city, he was appointed consul with Quintus Pompeius in the fiftieth year of his age, and made a most illustrious marriage with Caecilia, the daughter of Metellus, the Pontifex Maximus. On the theme of this marriage many verses were sung in ridicule of him by the common people, and many of the leading men were indignant at it, deeming him, as Livy says, unworthy of the woman although they had judged him worthy of the consulship.<sup>320</sup>*

Ut frå Plutark ser vi altså at Sulla hadde solid støtte blant nobiliteten i dette valet. Krangelen med Marius viser at Sulla hadde støtte i den optimat-orienterte delen av Senatet. Sulla si nye kone Caecilia Metella var enka etter *princeps senatus* Scaurus og dottera til Metellus Delmaticus, som var bror til Marius sin gamle kommandør Metellus Numidicus. Det er i lys av dette vi bør sjå Plutark sine kommentarar om at dei leiande mennene syntes han var ein uverdig ektemann for Metella. Det viktige

---

<sup>319</sup> App. BCiv. 1.51.

<sup>320</sup> Plut. Sull. 6. 10.

med dette ekteskapet var at Sulla blei knytt til ein av dei mektigaste familiene i det romerske senatet.

Når det gjeld folket, er det heva over einkvar tvil at Sulla sine militære bragder under forbundsfellekrigen sikra han stor popularitet mellom veljarane. Plutark fortel:

*Sulla, on the other hand, did much that was memorable, and achieved the reputation of a great leader among his fellow-citizens, that of the greatest of leaders among his friends, and that of the most fortunate even among his enemies.*<sup>321</sup>

Også Velleius Paterculus og Diodorus skildrar at Sulla blei mektig populær av sine bragder i denne krigen.<sup>322</sup> Samnittarane var ein av Roma sine tradisjonelle fiendar. Romarane hadde kjempa tre krigar mot dei, og dei hadde også støtta både Pyrrhus og Hannibal då desse to invaderte Italia.<sup>323</sup> At det var nettopp desse Sulla hadde kjempa mot, kan ha verka inn på hans popularitet hos folket. Før vi tek fatt på hendingane i Sulla sitt år som konsul, må vi først sjå kva som samtidig hende i Asia.

### **Mithridates invaderer Asia**

I år 91-90 invaderte Mithridates Bithynia og Cappadocia. Bithynia var i desse åra styrt av Nicomedes IV som var sonen til hans tidlegare alliansepartnar. Mithridates hadde kort tid i førevegen sikra seg kong Tigranes av Armenia som sin svigerson. Senatet sende ein kommisjon til Asia leidd av Manius Aquilius for å ta seg av Mithridates og Tigranes. På ordre frå desse trakk Mithridates seg ut frå Bithynia, og etter at romarane sende ein liten styrke mot Cappadocia, gjorde Tigranes det same. No skulle denne romerske kommisjonen gjere noko utruleg korttenkt. Etter at dei var tilbake i sine rike, blei det oppdaga at dei to kongane ikkje klarte å betale for den økonomiske hjelpe romarane hadde gitt dei. Kommisjonen foreslo at kongane i staden skulle invadere Pontus. Ariobarzanes nekta, medan Nicomedes gjekk med på det. Han klarte å trenge eit lite stykke inn på pontisk territorium, samstundes som han stengde Bosporus-sundet for pontiske skip. Mithridates klaga til den romerske kommisjonen, men blei avvist. Han gjenerobra Cappadocia og prøvde igjen å kome til ei forståing

---

<sup>321</sup> Keaveney 1982, 52.

<sup>322</sup> Vell. Pat. 2.17.3; Diod. 37.25. Velleius Paterculus var ein romersk historikar som levde rundt tusenårsskiftet.

<sup>323</sup> OCD 1996."Samnum".

med romarane. Dette resulterte i at utsendinga hans blei arrestert og send tilbake med ordre om å ikkje vise seg igjen, noko som skulle vise seg å vere byrjinga på den første Mithridatiske krig.<sup>324</sup> I 89-88 invaderte Mithridates både dei anatoliske rika og den romerske provinsen Asia. Han hadde overveldande styrkar, og romarane klarte ikkje å stå i mot han, sjølv med hjelp frå sine allierte. Det blei derfor nødvendig å sende ein hær til Asia. Frå Appian og Velleius får vi vite at Sulla i kraft av å vere konsul, blir trekt ut til å få kommandoen i denne krigen.<sup>325</sup>

### Sulpicius

Trass i at Forbundsfellekriegen var så godt som over, skulle spørsmålet om borgarrett vere ein viktig del av det interne politiske spelet i Roma. Tribunen Publius Sulpicius var eit tidlegare medlem av sirkelen rundt Drusus.<sup>326</sup> Av dei tre kjeldene *Sulla*, *Marius* og *Borgarkrigen* får vi det inntrykket at Marius var så ivrig etter å få denne kommandoen at han inngjekk eit samarbeid med denne tribunen for å få han til å stille eit lovforslag om å gi han kommandoen som prokonsul. Appian fortel også at dei to foreslo ei omfordeling av dei nye borgarane i dei opphavlege 35 tribene for å sikre seg støtte til dette formålet.<sup>327</sup> Det er vanskeleg å kome til botns i desse hendingane, fordi kjeldene er fiendtlege til det desse to politikarane gjorde dette året. Dette kan illustrerast ved å peike på korleis Plutark skildrar Sulpicius:

*Marius now made alliance with Sulpicius who was a tribune of the people, a man second to none in prime villainies, so that the question was not whom else he surpassed in wickedness, but in what he surpassed his own wickedness. For the combination of cruelty, effrontery, and rapacity in him was regardless of shame and of all evil, since he sold the Roman citizenship to freedmen and aliens at public sale, and counted out the price on a money-table which stood in the forum.*<sup>328</sup>

Appian fortel at dei foreslo å fordele dei nye borgarane i dei 35 tribene, for slik å sikre seg støtte til planane sine. Det kom til opptøyar, og det blei erklært ferie for å hindre at avstemminga heldt fram. Saman med ein gjeng væpna menn truga Sulpicus

<sup>324</sup> Hind 1994, 140-45.

<sup>325</sup> App. BCiv. 1.55 ; Vell. 2. 18, 3.

<sup>326</sup> OCD 1996.

<sup>327</sup> App. BCiv. 1.55; Plut. *Sull.* 8; Plut. *Mar.* 35.

<sup>328</sup> Plut. *Sull.* 8.1

konsulane til å oppheve denne ferien. Det kom til samanstøyt, og sonen til konsulen Quintus Pompeius blei drepen. Sulla, som ifølgje Plutark søkte tilflukt i huset til Marius, blei tvungen til å oppheve ferien og reiste til hæren sin ved Nola i Campania. No gjekk Sulpicius og Marius etter sitt verkelege mål og overførte kommandooen i krigen til Marius i kraft av prokonsul.<sup>329</sup>

Det vi er sikre på, er at Sulpicus dette året fekk vedteke 4 lovar. Den første var å kalle tilbake politikarar som var sende i eksil. Den andre var å fordele dei nye italienske borgarane og frigitte slavar på dei 35 tribene. Den tredje var å setje ei øvre grense for kor stor gjeld ein senator kunne ha. Den siste var å overføre kommandooen i krigen mot Mithridates frå Sulla til Marius.<sup>330</sup> Forskarane er einige om at Sulpicius sitt eigentlege mål var denne omfordelinga av dei nye borgarane. Når det gjeld kronologien i samarbeidet mellom Sulpicus og Marius, herskar det framleis stor usemje. Lintott har gjort ei grundig undersøking av dette basert på kjeldemateriale som går ut over Appian og Plutark, og det er synet han presenterer i denne granskinga som er lagt til grunn i denne oppgåva.

Lintott argumenterer for at Marius og Cæsar Strabo var konkurrentar til konsulembetet for året 87. Dette ville gi dei del i krigen mot Mithridates, sidan slike kommandoar på denne tida framleis gjekk til dei årlege konsulane. Sulpicius gjekk mot kandidaturet til Strabo, ettersom det braut med *Lex Valeria* og han dermed ville miste den støtta han trøng i senatet for å få gjennomført omfordelinga av dei nye borgarane. Han byrja derfor å nytte *popularis*-metodar og inngjekk eit samarbeid med Marius. Dette samarbeidet gjekk ut på at Marius med sine støttespelarar hjelpte til i kampen om omfordelinga, medan Sulpicus då skulle støtte Marius sitt val til konsulembete. Sulla hadde på dette tidspunktet reist frå hæren, som var oppteken med å omleire Nola, til Roma for å ordne med finansane til krigen mot Mithridates. Dette blir forklart ved at den romerske statskassa var strekt til brestepunktet etter forbundsfelleskrigen. Lintott argumenterer for at den valden som bryt ut i samband med forslaget til omfordelinga, øydelegg for Marius sine sjansar til å vinne konsulembete. Etter at Sulla hadde reist frå Roma, hadde han tatt på seg å fullføre kringsetjinga av Nola, for på denne måten å skaffe seg krigsbytte og dermed sikre seg styrkane sin lojalitet i den komande krigen i Asia. Lintott seier at dette må ha skapt frykt hos Marius og Sulpicius for at Sulla kunne vende tilbake til Roma, og det var

---

<sup>329</sup> App. BCiv. 1.55; Plut. Sull. 8. 4; Plut. Mar. 35. 4.

<sup>330</sup> MRR 2, 41.

først på dette tidspunktet at forslaget om å overføre kommandoen til Marius ved ei lov om ei prokonsulær stilling blei foreslått.<sup>331</sup> Denne innfløkte forklaringa til Lintott er langt meir dekkande enn den gongen i hendingane vi får ut av Appian og Plutark. Det er ei langt meir truverdig forklaring på korleis Marius og Sulpicus kunne bryte tradisjonen med at konsulen skulle vere den øvste leiaren i store krigar. Marius si karriere viser kor inngrodd denne tradisjonen var.

Hæren som Sulla leidde, var samansett av 6 legionar som var stasjonert i Campania. Omleiringa av byen Nola var den siste resten av krigføringa i forbundsfellekrigen. Brunt peikar på at Appian sine framstillingar klart viser at denne hæren var øyremerk for å sendast til Asia.<sup>332</sup> Det er ingen spor i kjeldene om når og korleis dei 6 legionane er mønstra. Sidan Sulla kjempa på den sørlege fronten i Forbundsfellekrigen, er det naturleg å slutte at desse soldatane hadde tent under han. Dei har truleg då vorte mønstra i åra 91-89. På grunn av at dei seinare kan tolkast slik at dei gir uttrykk for å ha eit nært forhold til Sulla, er det ikkje sannsynleg at nokon større del av hæren hadde vorte mønstra etter at dei største kamphandlingane på den sørlege fronten tok slutt om sommaren i år 89. Det er tvilsamt om dei hadde klart å få eit slik forhold til generalen sin om det berre var dette året dei hadde tilbrakt under han. Det er ingen spor i kjeldene om korleis desse soldatane var rekrutterte og kva den demografiske samansetjinga var. Vi har diskutert dette ovanfor, og ut frå dei argumenta som er nemnde, var denne hæren truleg rekruttert ved hjelp av verneplikt og samansett av borgarar frå dei fleste av formueklassene, men då med ein klar majoritet av fattige.

## Marsjen mot Roma

Plutark kan fortelje at når soldatane til Sulla høyrd om korleis han hadde blitt behandla, drap dei to militærtribunar som Marius hadde sendt for å ta over hæren.<sup>333</sup> Det som no skulle hende, har vorte tolka som det endelege beviset på at soldatlojaliteten hadde endra seg. Appian fortel at:

*When Sulla heard of this he resolved to decide the question by war. He called the army together in a conference. They were eager for the war against Mithridates*

---

<sup>331</sup> Lintott 1994, 449-453.

<sup>332</sup> Brunt 1971, 439-440; App. BCiv. 1.57.

<sup>333</sup> Plut. Mar. 35. 4; Plut. Sull. 9.1.

*because it promised much plunder, and they feared that Marius would enlist other soldiers instead of themselves. Sulla spoke of the indignity put upon him by Sulpicius and Marius, and while he did not openly allude to anything else (for he did not dare as yet to mention this kind of a war), he urged them to be ready to obey his orders. They understood what he meant, and as they feared lest they should miss the campaign they spoke boldly what Sulla had in his mind, and told him to be of good courage, and to lead them to Rome. Sulla was overjoyed and led six legions thither forthwith, but all of his superior officers, except one quaestor, left him and hastened to the city, because they would not submit to the idea of leading an army against their country. Envoys met him on the road and asked him why he was marching with armed forces against his country. "To deliver her from her tyrants," he replied.<sup>334</sup>*

Vi har tatt opp ulike avsnitt i kjeldene om at Sulla frå byrjinga av sin politiske karriere hadde som formål å ta over Marius si stilling i hæren. Desse kjeldene er aksepterte av blant anna Badian. Han peikar på Plutark si framstilling av episoden med Albinus som eit bevis for at Sulla på førehand hadde føresett at ei lojalitetsendring var eit faktum.<sup>335</sup> Kronologien i hendingane i forkant er nok til å avkrefte dette. Sulla kunne umogleg ha føresett Marius og Sulpicius si handling. Keaveney har argumentert for at Sulla på dette tidspunktet var i ein desperat situasjon. Om han hadde valt å gi frå seg kommandoen, hadde han vore ferdig som politikar og gått tilbake til gløymsla.<sup>336</sup> Dette er ikkje nødvendigvis sikkert sidan Sulla ikkje blei fjerna som konsul, og nok framleis hadde ei stor stjerne blant folket på grunn av bragdene i forbundsfellekrigen. Når det er sagt, kunne han nok ikkje ha konkurrert om å vere den fremste. Dermed er det lettare å tenkje seg at Sulla ikkje var villig til å sjå at hans gamle rival overgjekk han i ære.

Plutark fortel at desse utsendingane som kom til Sulla, var sende frå eit senat som han konkluderar med ikkje var sin eigen herre, men underlagt Marius og Sulpicius sin kontroll.<sup>337</sup> Om vi ser på reaksjonane til offiserane i Sulla sin hær, er det heller tvilsamt om desse skuldingane om at Senatet ikkje var sin eigen herre, stemmer. Marius og Sulpicus hadde brote tradisjonar ved å leggje kommandoen i ein slik krig under eit prokonsulat. Keaveney peikar på at dette er ingenting i forhold til at Sulla no

---

<sup>334</sup> App. BCiv. 1.57.

<sup>335</sup> Badian 1958, 234.

<sup>336</sup> Keaveney 1982, 61-63.

<sup>337</sup> Plut. Sull. 9.2.

var i ferd med å bryte *pomerium*, byen Roma si religiøse grense som ingen hæravdelingar kunne krysse. Han argumenterer for at partipolitikken blei gløymt i dette lyset.<sup>338</sup> Ut i frå eit slikt argument bør vi altså sjå reaksjonane frå senatet som reelle.

Appian fortel at hæren rykkte inn i byen som ein fiende. Bybuarane svarte med å kaste gjenstandar frå hustaka og slutta først når Sulla truga med å setje fyr på husa deira. Etter at styrken hadde rykt inn i byen, møtte Marius og Sulpicius Sulla og hæren ved det esquilinske torg med ei mengde som dei i all hast hadde væpna. Appian fortel at:

*Marius and Sulpicius went, with some forces they had hastily armed, to meet the invaders near the Aesquiline forum, and here a battle took place between the contending parties, the first that was regularly fought in Rome with trumpet and signal under the rules of war, and not at all in the similitude of a faction fight. To such extremity of evil had the recklessness of party strife progressed among them.*<sup>339</sup>

Han fortel at Sulla sine soldatar blei slegne på defensiven og var på veg til å flykte då Sulla sjølv tok ei fane og storma fram. Dette snudde flukta, og Sulla fekk dermed høve til å hente forsterkningar. Når desse kom med i kampen, prøvde mariunarane forgjeves å søkje støtte blant borgarane og slavane ved å tilby å frigjere dei. Når dette ikkje fekk nokon respons, gav dei opp og rømde byen.<sup>340</sup>

Appian fortel at Sulla straffa soldatar som hadde byrja å plyndre, og sette opp vakter over heile byen. Den natta gjekk han saman med Pompeius rundt for å hindre at det kom til samanstøyt mellom borgarane og ”sigersdrukne” soldatar. Appian fortel at han morgenen etter haldt ei folkeforsamling der han forsvarte kva han hadde gjort, ut frå ei forklaring om at han var tvinga til å motsette seg dei som jaga etter folket sin gunst.<sup>341</sup> Sulla la også fram ei rekkje lovforslag. Mellom desse var å sende Marius og hans støttespelarar i eksil. Han la fram forslag om å innskrenke tribunane si makt ved mellom anna å få vedteke at alle lovforslag skulle vurderast av senatet før dei blei lagde fram for forsamlingane. Han fjerna også tribeforsamlinga si lovgivande makt

---

<sup>338</sup> Keaveney 1982, 64.

<sup>339</sup> App. BCiv. 1.58.

<sup>340</sup> Ibid. 1.58.

<sup>341</sup> Ibid. 1.59.

ved å foreslå at lovforslag frå no av berre skulle gå gjennom centurieforsamlinga. Han auka senatet sin storleik med 300 nye medlemmar.<sup>342</sup>

### **Drøfting om marsjen**

Gabba argumenterer for at hæren i denne marsjen utfordra staten sin autoritet for første gong. Dette har vorte framheva som det endelege beviset på kva ein profesjonell hær av fattige frivillige kunne bety politisk. Han argumenterer for at dette viser at den politiske strukturen som forma den moralske basisen til den gamle borgarmilitiaen, ikkje lenger var viktig for denne nye typen soldatar. Dermed blei staten sin hær i realiteten ein privat hær.<sup>343</sup> Den styrken som var med Sulla på marsjen mot Roma, var fattige borgarar rekruttert gjennom verneplikta. Dette gjer at ein bør vere forsiktig med å karakterisere denne styrken som profesjonell, sidan eit av dei viktigaste kriteria for profesjonalitet er frivillig innrullering. Det er likevel tydeleg at eit av dei andre av desse kriteria, den økonomiske motivasjonen, er nyttig. Dette vert klart ut frå det at Appian fortel at soldatane frykta å bli erstatta av andre styrkar og dermed gå glipp av krigsbyttet. Det er med tanke på kor langt Roma hadde strekt soldatmateriellet sitt i forbundsfellekrigen, lite truleg at Marius hadde planar om å rekruttere nye legionar. Dette argumentet blir forfekta av Carney, som også peikar på at frykta for å gå glipp av byttet ikkje er nemnt som motiv i andre kjelder.<sup>344</sup> Her kan ein kome med den innvendinga at det viktigaste med dette er om soldatane trudde at Marius hadde tenkt å byte dei ut. Det er ikkje usannsynleg at Sulla kunne ha prøvd å overtyde dei om dette. Vi har nesten ingen kjelder til soldatane sin motivasjon, fordi kjeldene har eit overklassseperspektiv. Eg ser såleis ingen grunn til å avfeie eit motiv berre fordi ingen andre kjelder nemnar det.

Eit anna problem med Gabba sin modell er at han ikkje tar opp forbundsfellekrigen i argumentasjonen sin. Badian ser denne hendinga i lys av trekk ved Roma si politiske historie sidan graccharane. Han hevdar at frå og med graccharane var bruken av vald eit avgjerande element i romersk politikk. Han argumenterer for at det går ei linje frå graccharane via Saturninus til Drusus og forbundsfellekrigen, som til slutt endar hos Sulla. For soldatane sin del ser han spesielt på forbundsfellekrigen. Han argumenterer for at i forbundsfellekrigen hadde

---

<sup>342</sup> MRR 2, 40.

<sup>343</sup> Gabba 1976, 18,19 og 27.

<sup>344</sup> Carney 1961, 55. n.253.

generalane leidd den nye typen fattige soldatar som hadde alt å vinne og ingenting å tape, mot andre soldatar som hovudsakeleg var frå den same kulturen, talte det same språket og hadde mange band til sine fiendar. Dermed hadde soldatane blitt vane med å krie på italiensk jord og ikkje lenger mot ein utanlandsk fiende, men på generalane sitt bod mot gamle soldatkameratar. Han hevdar at øydeleggingane i Italia neppe kunne vekkje nokon patriotisme.<sup>345</sup> Ein kan dermed argumentere for at marsjen mot Roma var eit siste ledd i ein eskalerande valdsspiral der ein stadig flytter grenser for den politiske valdsbruken. Lintott har eit argument som liknar på Badian sitt. Han argumenterer for at soldatane berre blei brukte til borgarkrig etter at skruplane deira hadde drukna i ein blodig krig mot deira eigne allierte. Dermed kan ein, ifølgje Lintott, like gjerne hevde at forbundsfellekrigen skapte den nye typen prinsipplause soldatar som berre var motivert av spørsmål om eiga vinning, som det motsette, altså at Marius i 107 gjorde det.<sup>346</sup> Lintott meinar dermed at forbundsfellekrigen i seg sjølv er nok til å forklare marsjen mot Roma. Desse to forskarane har altså ei sosial-psykologisk forklaring på denne marsjen. Soldatane hadde nettopp kjempa i ein krig som hadde karakter av å vere ein borgarkrig. Det var dermed lettare for dei å gjere det igjen.

Var soldatane berre motivert av spørsmål om eiga vinning? Valerius Maximus fortel oss at soldatane gjorde dette fordi dei ikkje ville gå over frå å vere leidde av ein general med det høgste vervet til å bli leidde av ein privatmann.<sup>347</sup> Brunt kjem med eit viktig argument når det gjeld synet vårt på desse hendingane. Han peikar på at sjølv om det er klart ut frå desse hendingane at styrkane til Sulla følte meir lojalitet til generalen sin enn til styresmaktene i Roma, så er det her ein situasjon der det er tvil om legitimeten til styresmaktene.<sup>348</sup> Gruen har også eit viktig poeng. Han argumenterer for at soldatane ikkje tok imot ordre frå ein opprørar som ville kaste republikken, men frå ein romersk konsul som utfordra dei som hadde tilrana seg autoriteten hans.<sup>349</sup> Gruen har heilt klart eit poeng i lys av dei metodane som Marius og Sulpicius brukte for å fjerne Sulla frå kommandoen. Dermed kan ein ikkje utan vidare akseptere Gabba sitt argument om at hæren for første gong i Roma si historie

---

<sup>345</sup> Badian 1958, 234.

<sup>346</sup> Lintott 1994, 92.

<sup>347</sup> App. BCiv. 1.57; Plut. Mar. 35. 4; Val.Max, 9.7.1.

<sup>348</sup> Brunt 1988, 257.

<sup>349</sup> Gruen 1974, 383.

kunne utfordre staten sin autoritet. Ein må også vere forsiktig med å hevde at soldatane berre var motiverte av omsynet til eiga økonomisk vinning.

Sjølv om Sulla gjorde krav på legitimitet i kraft av å vere konsul, så bør ein også sjå på eigenskapane hans som leiar og på hans karakter. Han hadde truleg leidd heile eller delar av denne hærstyrken i forbundsfellekrigen, og han hadde hatt stor suksess. Det er tydeleg at Sulla også hadde karisma. Dette er noko som ikkje har vorte viggd stor plass i denne oppgåva. Vi må derfor nøye oss med den definisjonen som står i ordboka. Karisma er såleis i dette tilfelle ein leiareigenskap karakterisert av personleg tildragingskraft og utstråling. Det blir ofte peika på at mange berømte generalar hadde karisma; Julius Cæsar, Napoleon og Patton for å nemne nokre. Men det som også kjenneteiknar desse, er suksess. Karisma for ein militær leiar er uløyseleg knytt til suksess. Brunt har peika på at Cæsar i *Borgarkrigen* får Curio til å seie: *Successful actions win the goodwill of any army for commanders and reverses make them hated*.<sup>350</sup> Ein ser at kjeldene antyder at soldatane likte Sulla som leiar. Her er det viktig å peike på at det er eit problem at desse framstillingane blir farga av nettopp marsjen mot Roma.

Vi bør også huske på at til trass for at Marius til sin død viste at han var ein dyktig general, så byrja han på dette tidspunktet å nærme seg 70 år. Med tanke på at romarane neppe forventa ein kort krig, er det ikkje då naturleg å tenke seg at soldatane foretrakk den yngste av desse to? Dei hadde også kjennskap til Sulla ved å ha tent under han og vorte vant til å ha han som general, plutseleg skulle dei som resultat av intriger i politikken bli påtvungen ein ny. Ein kan tenke seg at det rett og slett har vore eit element av sjokk og vantru inne i biletet her.

Eit viktig poeng å ta opp, er skilnaden i reaksjon mellom soldatane og offiserane i Sulla sin hær. Kvifor var det som var så umogleg å gjennomføre for offiserane så lett for soldatane? Finley argumenterer for at staten for soldatane ikkje lenger var formålsrasjonell. Han legg vekt på at borgarar frå dei lågare formueklassene hadde tatt del i inntektene frå imperiet. Men mot slutten av det andre hundreåret hadde byrdene ved tenesta vorte større enn vinstane frå den. Finley uttrykkjer det han meiner er konsekvensane av dette, på to måtar. Ved å sitere Syme, der han legg vekt på at soldatane var i ferd med å miste sin lojalitet til staten, eller i

---

<sup>350</sup> Brunt 1988, 260; Caes. *B.C.* 2.31.

weberiansk form, at staten slutta å vere verdirasjonell for dei lågare klassene.<sup>351</sup> Dermed kan vi forklare denne forskjellen med at staten var meir nyttig for eliten enn for fattige borgarar.

Støttar ikkje dette opp om Gabba og Badian sine konklusjonar om at soldatlojaliteten hadde endra seg? Det er viktig å understreke at Syme, som skreiv om hendingar frå Cæsar si tid, legg vekt på at dette var i ferd med å hende. Dette finn vi også støtte for i kjeldene. Lintott har peika på at det er først etter Cæsar sin død at Appian eksplisitt skildrar at soldatane kjempar for å betre sin økonomiske situasjon.<sup>352</sup>

*The cause was that the generals, for the most part, as is usually the case in civil wars, were not regularly chosen; that their armies were not drawn from the enrolment according to the custom of the fathers, nor for the benefit of their country; that they did not serve the public so much as they did the individuals who brought them together; and that they served these not by the force of law, but by reason of private promises; not against the common enemy, but against private foes; not against foreigners, but against fellow-citizens, their equals in rank. All these things impaired military discipline, and the soldiers thought that they were not so much serving in the army as lending assistance, by their own favor and judgment, to leaders who needed them for their own personal ends.<sup>353</sup>*

Det bør påpeikast at korkje Appian sjølv eller nokre av dei andre kjeldene gjer ei slik eksplisitt vurdering av at soldatane til Sulla ikkje kjempar for staten. Vi kan sjølvsagt argumentere for at dei antikke forfattarane ikkje er interessert i vanlege soldatar og deira ulike motivasjonar, men Appian viser jo nettopp her at når det gjeld soldatlojalitet, så er ikkje det tilfelle. Vi ser at Plutark, som framstiller både Marius og Sulla sine karrierar, er full av moralisme når det gjeld Marius si mönstring, men ikkje har eit ord å seie om Sulla sine menn når det gjeld marsjen mot Roma.

Appian oppsummerar hendingane som førte til denne marsjen, marsjen i seg sjølv og tida etter, på denne måten:

---

<sup>351</sup> Finley 1983, 117-121.

<sup>352</sup> Lintott 1994, 8.

<sup>353</sup> App. BCiv. 5.17.

*Thus the seditions proceeded from strife and contention to murder, and from murder to open war, and now the first army of her own citizens had invaded Rome as a hostile country. From this time the civil dissensions were decided only by the arbitrament of arms. There were frequent attacks upon the city and battles before the walls and other calamities incident to war. Henceforth there was no restraint upon violence either from the sense of shame, or regard for law, institutions, or country.*<sup>354</sup>

Appian sitt poeng med at ein hær av borgarar invaderte Roma som om byen skulle ha vore eit fiendtleg land, er enkelt og greit ikkje dekkande. Det har vorte undersøkt ei rekke stormingar av byar i denne oppgåva, og konklusjonen er at bruken av vald ved desse tilfella var av ein heilt annan dimensjon. Dermed kan det passe betre å beskrive dette som ein politiaksjon.

Eg må dermed trekke den konklusjonen at å sjå på denne styrken som ein privat profesjonell styrke som berre var lojale mot generalen sin, ikkje er ei dekkande forklaring på motivasjonen til soldatane for å bli med Sulla på denne marsjen, fordi den ikkje tek omsyn til delar av kjeldematerialet og trekkjer slutningar som går direkte mot dette. Etter mitt skjønn må ei forklaring på denne marsjen ta omsyn til at soldatane var rekrutterte ved bruk av verneplikt, dei var motiverte av krigsbytte, dei hadde mista hemningars som følgje av forbundsfellekrigen og dei tok kanskje omsyn til konsulen Sulla sitt krav om legitimitet og var naturleg skeptiske til å reise i krigen med ein nesten 70 år gammal general som dei såg på som ein privat borgar. Dette siste bør vere ein del av forklaringa på at soldatane er lojale til nettopp Sulla. Vi ser heilt klart av valdsspiralen som Appian framstiller og som Badian argumenterer for, at dei romerske politiske tradisjonane blir brotne ved bruk av vald. Dette gjeld både for vanlege borgarar og medlemmer av eliten. Det er verd å merke seg at sjølv om enkelte tradisjonar blei brotne, vart mange framleis respekterte. Soldatane i Sulla sin hær respekterte framleis verneplikta og var villige til å kjempe for Roma i forbundsfellekrigen. Dei var også villige til å kjempe under ein folkevalgt konsul. Sjølve erobringa av Roma gjekk også relativt smertefritt for seg og bar meir preg av å vere ein politiaksjon. Det ligg utanfor oppgåva å diskutere hendingane som førar til at

---

<sup>354</sup> App. BCiv. 1.60.

Sulla innvaderar Italia frå Hellas, men ein kan peike på at det skulle bli ei langt meir valdeleg hending.

## Konklusjon

Eg har i denne oppgåva peika på korleis forskrarar som argumenterer for ei lojalitetsendring, knyt dette saman med ein argumentasjon om at Roma sin tidlgegare borgar-militia gradvis blei ein profesjonell hær. Denne endringa ser desse forskararne først og fremst som eit resultat av det dei kallar proletariseringa av den romerske hæren. Dette var ein prosess som strekte seg bakover til den 2. punarkigen. Dei viktigaste kriteria for teorien om den profesjonelle hæren er samanhengande teneste, nærmest utelukkande økonomisk motivasjon for tenesta og frivillig innrullering. I denne perioden har eg studert tre romerske hærar for å prøve å undersøkje om desse kriteria held mål. Det eg har oppdaga, er at vi med sikkerheit berre kan seie at det supplementet som Gaius Marius rekkrutterte i 107, var sett saman av frivillige soldatar. Desse gjekk også inn i ein hær som var rekрутtert ved hjelp av verneplikta, og eg har argumentert for at dei ulike effektene blei redusert på grunn av dette. Eg har vist at soldatane i Marius sine to hærar og soldatane i borgarkrigen, herunder dei 6 legionane som skulle følgje Cornelius Sulla mot Roma, truleg var rekruiterte gjennom verneplikta. I denne perioden blir dermed frivillig innrullering kun eit isolert tilfelle. Når det gjeld kriteriet om den samanhengande tenesta, så kan ein ut frå kjeldene berre argumentere for at ein liten del av Marius sin hær kanskje gjekk inn i den hæren som skulle kjempe mot germanerane. Vi har ikkje kjelder til å vite noko om kven desse var, kor mange dei var, eller om dei gjorde dette frivillig eller blei tvinga til det. Dei andre soldatane i Marius sine to styrkar valde å bli sivile borgarar så snart dei fekk sjansen til det. Sidan Sulla sine soldatar var rekruiterte ved bruk av verneplikta, er det heller ingen grunn til å hevde at desse viste seg ivrige etter å vere soldatar. Kvar i alt dette er ei profesjonell haldning til tenesta? Sjølv om desse soldatane var samanhengande i teneste i den tida dei var ein del av desse hærane, vil eg rette kritikk mot å bruke dette som eit argument for profesjonalitet, sidan desse soldatane blir sivile borgarar så snart dei får høve til det.

Trass i denne kritikken vil eg understreke at argumentet om at borgarar frå Roma si formuelause klasse blei potensielle legionærar etter år 107, har mykje for seg.

Vi har ingen kjelder som eksplisitt peikar på at Marius foretok noko reform av minimumsformuekravet, men summen av indisia er nok til å kunne trekke den slutninga at det er rimeleg sikkert at det eksempelet han sette, blei følgt av han sjølv og andre. Dei fattigaste soldatane hadde alltid vore potensielle soldatar i krisetider, det nye var at dei no også kunne gå inn i legionane. Sidan det er argumentert sterkt for at bruken av verneplikta heldt fram, kan ein dermed berre hevde at den demografiske samansetjinga av Roma sine militære styrkar endra seg ved at desse styrkane blei sett saman av soldatar som var rekrutterte med ei overvekt av fattigare borgarar rekruttert gjennom verneplikta, og ikkje utelukkande av frivillige proletarar. Eg har argumentert for at kjeldene viser at krigsbyttet var viktig for desse soldatane. Dette er ikkje det same som å argumentere for at det viser at soldatane viste ein utelukkande økonomisk motivasjon for tenesta. Når det gjeld dei to landtildelingane, så har eg peika på at Marius truleg var motivert av eit ønske om å ta opp problema med Roma si stadig fattigare og fallande potensielle soldatmasse, noko mönstringa hans i 107 også var eit resultat av. Motivasjonen til desse tildelingane kom altså ovanfrå som eit ønske om å reformere og ikkje som eit forsøk på å utøve patronasje. Etter at Marius i 103 fekk i stand slike tildelingar, oppsto det truleg, etter mitt skjøn, ei forventing blant soldatane om å få tildelt jord, og oppførselen til desse i år 100 var truleg eit resultat av denne forventingane. Desse soldatane var på dette tidspunktet sivile borgar, så eit argument om ei lojalitetsendring blant soldatane passar ikkje heilt i denne samanhengen.

Eg har vist at enkelte forskrarar peikar på at generalane kunne sikre auka personelg makt som eit resultata av ein profesjonaliseringsprosess. Det har også vorte peika på korleis Marius og Sulla kynisk skulle ha utnytta denne sjansen. Mange av desse argumenta er bygde opp med støtte frå kjelder som er klart anakronistiske. Etter mitt skjøn kjem desse kjeldene med ei moraliserande fordømming av hendingane som må sjåast i lys av at dei er skrivne etter at republikken hadde vore herja av borgarkrig i mange år. Dei har såleis låg forklaringsverdi i forhold til å forklare motivasjonen til aktørane i denne perioden. Marius blir i dei 7 siste åra av det andre hundreåret ein svært populær politikar i den romerske republikken. Han blir tildelt 6 konsulat i denne perioden. Det er vist at denne populariteten truleg går langt utover troppane som gjer teneste under han, og er såleis ikkje ein effekt av ein profesjonell hær, men heller ein effekt av Marius sine egenskapar som general. Det er peika på at forskrarar argumenterer for at det oppstår ein politisk effekt av at generalen måtte sikre jord til veteranane sine. Det viktige med akkurat den hendinga er som Sherwin-White peikte

på, at Marius støttar soldaten sine mål og ikkje omvendt. Eg har argumentert for at det er usikkert kor mykje veteranane sine stemmer verka inn på Marius sitt val til eit 6. konsulat og at den generelle populariteten også må trekkast inn der. Årsaka til at ein peikar på at dette var ein politisk effekt, er også at landtildeligane var blanda inn i kampen mellom dei politiske fraksjonane. Dette har mykje for seg sidan Saturninus utvilsamt tente på at veteranane til Marius truleg stemte på han ved valet til tribunatet og støtta lovforsлага som gjaldt dei sjølve. Det er ingen sikre kjelder på at dei var med å kjempe på hans side utover dei forslaga som gjaldt dei sjølve. Til sjuande og sist skulle likevel både Marius og enkelte av veteranane etter oppfording frå senatet vere delaktige i å nedkjempe den politkaren som hadde hjelpt dei i å få i stand landtildelingane, truleg etter at senatet hadde gått med på å la dei lovene som gjaldt veteranane, få vere uendra.

Det er høvet til ein ekstra-konstitusjonell bruk av soldatane som har vorte tolka som det endelege beviset for at den profesjonelle hæren blei ein privat hær, og dermed at soldatlojaliteten hadde endra seg. Dette blir sett i lys av at soldatane misser hemningar i forbundsfellekrigen. I denne krigen gjorde Cornelius Sulla seg til ein populær general og politikar på grunn av bragdene han utførte på den sørlege fronten. Eg har studert korleis forskarane har sett på at episoden med Albinus tyder på at Sulla kynisk nørt opp under ein soldatlojalitet i endring. Denne kjelda er klart anakronistisk, og gir ikkje mening ettersom Sulla umogleg kunne ha føresett dei seinare hendingane.

Sidan den er vigg ein så sentral plass i ulike versjonar av teorien om ei endring i soldatlojaliteten, har eg drøfta marsjen mot Roma inngåande. Min konklusjon etter å ha framstilt situasjonen og drøfta hendingane, er at å sjå på dei 6 legionane til Sulla som ein privat hær, ikkje er ei dekkande forklaring på motivasjonen til soldatane. Eg føreslo heller ei forklaring som går mot delar av og utover den teorien. Eg peikte der på at soldatane respektere mange tradisjonar og element i staten. Dette argumentet vil eg no utvide til å gjelde for heile perioden. Når desse borgarane blei soldatar, viste dei alle teikn til å respektere staten sine lovleg valde representantar, med eit unntak, nemleg når det gjeld legaten Albinus. Hendingane rundt marsjen mot Roma er ikkje eit motargument her, på grunn av den tvilen om legitimitet som gjaldt dette tilfellet. Dei kjempa også lange og harde krigar for Roma under leiing av republikken sine lovleg valde representantar. Når tenesta var over, gjekk dei tilbake til å vere sivile borgarar. Det er heilt klart at desse borgarane både som soldatar og veteranar har ei

rolle i ein stadig eskalerande valdsspiral som endar i borgarkrig. Denne borgarkrigen, og striden mellom dei ulike fraksjonane, handla først og fremst om at forskjellige sider gjorde krav på å vere den legitime statsmakta. Det er viktig å peike på at kjeldene ikkje gjer ei eksplisitt vurdering av om soldatlojaliteten i nokre av desse hærane har endra seg eller ikkje. Plutark og Sallust gjer nokre generelle moralistiske vurderingar om Marius si mönstring i 107. Plutark gjer ikkje det same for Sulla sin hær. No bør vi sjølv sagt vere ekstremt forsiktige med å slutte noko der kjeldene teier. Eit poeng der er då at Appian, som eg har peika på, fortel oss at soldatlojaliteten endra seg. Dette gjer han først etter Cæsar sin død og ikkje når det gjeld Sulla sine soldatar i 88.

Eg har dermed argumentert mot at mange av kriteria til teorien om ei endring i lojalitet. Eg har også argumentert mot at dei hendingane som blir framheva som eit uttrykk for ei slik endring, bør forståast ut frå ein teori om soldatlojalitet. Dette gjer at eg vil hevde at teorien om ei endring i soldatlojalitet ikkje er ei dekkande forklaring på forholdet mellom Gaius Marius, Cornelius Sulla og soldatane som gjorde teneste under dei.

## Bibliografi

### Forkortningar

- Aclass      Acta Calssica: The Classical Association of South Africa. Cape Town
- CAH 9      The Cambridge Ancient History, vol. 9, 1994: *The Last Age of the Roman Republic*, edited by J.A. Crook, A. Lintott & E. Rawson. Cambridge.
- CQ      The Classic Quarterly. Cambridge.
- JRS      Journal of Roman studies. London.
- MRR 1      T.R.S Broughton 1951: *The Magistrates of the Roman Republic, vol. I 509 B.C. – 100 B.C.* New York.
- MRR 2      T.R.S Broughton 1952: *The Magistrates of the Roman Republic, vol 2 99 B.C.- 31 B.C.* New York.
- OCD      The Oxford Classical Dictionary, 3.edition, edited by S. Hornblower & A. Spawforth. Oxford 1996. Nettutgåve: <http://www.library.nlx.com>
- Phoenix      The Phoenix: Journal of the Classical Association of Cananda. Toronto.
- TAPhA      Transactions of the American Philological Association. Baltimore.
- THAPhS      Transactions of the American Philosophical Society. Philadelphia.

## Litteratur

- BADIAN, E. 1958: *Foreign Clientelae (264-70 B.C.)*. Oxford.
- BROUGHTON, T.R.S. 1991: Candidates Defeated in Roman Elections: Some Ancient Roman “Also-Rans”. *THAPhS* 81, 1-64.
- BRUNT, P.A. 1965: Italian Aimes at the Time of the Social War. *JRS* 55. 90-109.
- BRUNT, P.A. 1971: *Italian Manpower 225 B.C.-A.D. 14*. Oxford.
- BRUNT, P.A. 1988: *The Fall of the Roman Republic and Related Essays*. Oxford.
- BUCHER, G.S. 2000: The Origins, Program, and Composition of Appian’s Roman History. *TAPhA* 130, 411-458.
- CARNEY, T.M. 1961: *A Biography of C.Marius*. Assen.
- CARNEY, T.M. 1958: The death of Marius. *Aclass*, 117-122.
- CHRISTIANSEN, E. 2002 (1995): *Romersk Historie*. Aarhus.
- CRAWFORD, M. 1992 (1978): *The Roman Republic*. London.
- DUFF, T. 1999: *Plutarch’s Lives*. Oxford.
- EARL, D.C. 1966: *The Political Thought of Sallust*. Amsterdam.
- FINLEY, M.I. 2002 (1983): *Politics in the Ancient World*. Cambridge.
- GABBA, E. 1976: *Republican Rome the Army and the Allies*. Berkely og Los Angeles.
- GABBA, E. 1983: “Literature” i M. Crawford (ed.) *Sources for Ancient History*, 1-80. Cambridge.
- GABBA, E. 1994: “Rome and Italy: the Social War” *CAH* 9, 104-129.
- GRUEN, E. 1974: *The Last Generation of the Roman Republic*. London.
- HIND, J.G.F. 1994: “Mithridates” *CAH* 9, 129-165.
- JONES, C.P. 1971: *Plutarch and Rome*. Oxford.
- KEAVENEY, A. 1982: *Sulla the Last Republican*. London.
- KEPPIE, L. 1987: *The Making of the Roman Army. From Republic to Empire*. London.

- KRARUP, P. 1971: *Romersk Politikk i Oldtiden*. København.
- LINTOTT, A. 1971: The Tribune of P. Sulpicius Rufus. *CQ* 21, 442-453.
- LINTOTT, A. 1994: “The crises of the Republic: sources and source-problems”, “The Roman empire and its problems in the late second century”, “Political history 146-95 B.C.” *CAH* 9, 1-15, 16-39, 40-103.
- MÆHLE, I. 2004: *Masse og elite i den romerske republikk*. Avhandling for Dr.Art.-graden, Universitetet i Bergen.
- NICOLET, C. 1980: *The World of the Citizen in Republican Rome*. London.
- RAVNÅ, P.B. 1999: *Makt og innflytelse i den romerske republikk på Julius Cæsars tid*. Avhandling for Dr.Art.-graden, Universitetet i Bergen.
- SALMON, E.T. 1962: The Cause of the Social War. *Phoenix* 16, 107-119.
- SCULLARD, H.H. 1970 (1959): *From the Gracchi to Nero*. London.
- SCULLARD, H.H. 1980 (1935): *A History of the Roman World 753 to 146 BC*. London og New York.
- SHERWIN-WHITE, A.N. 1956: Violence in Roman Politics. *JRS* 46, 1-9.
- SHERWIN-WHITE, A.N. 1977: Ariobarzanes, Mithridates, and Sulla. *CQ*. 173-183.
- SYME, R. 1964: *Sallust*. London.

## Kjelder

- Appian: Bella Civilia (App.BCiv.) *Roman History*. Overs. Horace White, Loeb 1912.
- Caesar: Bellum Civile(Caes.Bciv). The civil wars. Overs. A.G. Peskett, Loeb 1951.
- Cicero: De Divinatione(Cic.Div) On old age. On friendship. On Divination. Overs. W.A. Falconer, Loeb 1923.
- Cicero: De Domo Sua(Cic.Dom) The orations of Marcus Tullius Cicero. Overs. C.D. Yonge. George Bell & Sons, London 1891.
- Cicero: De Oratore (Cic.Orat) *Cicero De Oratore*. Overs. E.W. Sutton. Loeb 1948 (1942)
- Cicero: Pro Balbo(Cic.Balb) The orations of Marcus Tullius Cicero. Overs. C.D. Yonge. George Bell & Sons, London 1891.
- Diodorus: Bibliothek (Diod.) *Diodorus of Sicily*. Overs. F.R. Walton, Loeb 1967.
- Frontinus: Stratagemata (Front.) *The Stratagems and the Aqueducts of Rome*, Overs. C.E. Bennet, Loeb 1950 (1925).
- Gellius: Noctes Atticae (Gell.) The Attic nights of Aulus Gellius. Overs. J.C. Rolfe, Loeb 1954 (1927)
- Granius Licinianus: Histories(Gran.Lic) Granius Licinianus. Overs. N. Criniti, Teubner Leipzig 1981.
- Polybius: Historiae(Polyb). The Histories. Overs. W.R.Paton, Loeb. 1922.
- Plutark: Cicero(Plut.Cic) *Plutarch's Lives*. Overs. B. Perrin, Loeb 1919.
- Plutark: Marius (Plut.Mar) *Plutarch's Lives*. Overs. B. Perrin, Loeb 1916.
- Plutark: Sulla(Plut.Mar) *Plutarch's Lives*. Overs. J. C. Rolfe, Loeb 192
- Pseudo-Aurelius Victor: De Viris Illustribus urbis Romae(Vir.Ill) Pseudo-Aurelius Vicotr De Viris Illustribus urbis Romae. Overs. F. Pichlmayer. Teubner Leipzig 1911.


Sallust: Bellum Iugurthinum (Sall.Iug.) *Catalina og Jugurtha*. Overs. T. Width, Oslo 1963. *The Jugurthine War*. Overs. J.S. Watson, London 1899.

Valerius Maximus: Facta et diclarememorabilia (Val.Max) *Memorable Doings and Sayings*. Overs. D.R. Shackleton Bailey, Loeb 2000.

Velleius Paterculus: Historia Romana(Vell.) Compedium of Roman History. Overs. F. W. Shipely. Loeb. 1924.


## Vedlegg 1

Romarriket 118 f.v.t.




CAH 1994.


**Gaius Marius**



**Cornelius Sulla**



## Italia år 91 f.v.t.



1.2 Italia-kart med bystatus før forbundsfellekriegen  
Mæhle, 2004.

## Mellom-Italia

